

# Ulike menneske. Like sjansar.

SVs arbeidsprogram 2005-2009

Sosialistisk Venstreparti  
Akersgata 35, 0158 Oslo  
T: 21 93 33 00, F: 21 93 33 01  
[www.sv.no](http://www.sv.no) / [post@sv.no](mailto:post@sv.no)

SOSIALISTISK VENSTREPARTI



# Innholdsfortegnelse

<b>Vår veg</b>	<b>6</b>	<b>Rettvise</b>	<b>24</b>
1.1 For fridom	8	4.1 Arbeid til alle	26
1.2 For rettvise	8	4.2 Velferd, ikkje velgjerning	26
1.3 For solidaritet	9	4.3 Rettvis skatt	26
1.4 For miljøet	10	4.4 Alderspensjon	27
1.5 For ny kurs	10	4.5 Ingen skal leve i fattigdom	27
		4.6 Sosial bustadpolitikk	28
		4.7 Universell utforming og tilgang	29
<b>SV-alternativet: Ti forslag til ny kurs</b>	<b>12</b>		
Naudhjelpsfond	14	<b>Ei grøn framtid</b>	<b>30</b>
Ein fredsnasjon	14	5.1 Ein framtidretta energipolitikk	32
Avskaff fattigdommen	14	5.2 Ein grønare og meir offensiv samferdslepolitikk	34
Ein aktiv distriktspolitikk	14	5.3 Ein miljøvenleg kvardag	35
Stans privatiseringa	14	5.4 Friluftsliv og biologisk mangfald	36
Kulturlyftet	14	5.5 Ein ny vernepolitikk	37
Miljøvenleg energi	14	5.6 Kulturvern	38
God oppvekst	14		
Tannhelsereform	15	<b>Velferd og livskvalitet</b>	<b>40</b>
Kamp om arbeidsløyse og sosial dumping	15	6.1 Kvalitet kostar	42
		6.1.1 Auka kvalitet	42
<b>Eit utvida demokrati</b>	<b>16</b>	6.1.2 Reell likestilling for funksjonshemma	43
3.1 Rettvise krev demokrati	18	6.1.3 Universelle helsetenester	43
3.2 Direkte demokrati	18	6.1.4 Sjukehus	43
3.3 Lokalt demokrati	19	6.1.5 Psykisk helsevern	44
3.4 Økonomisk demokrati	19	6.1.6 Tannhelsereform	44
3.5 Den demokratiske samtalen	20	6.1.7 Den trygge alderdommen	44
3.6 Republikk og ein trusnøytral stat	20	6.1.8 Førebyggjande og helsefremjande arbeid	45
3.7 Friviljug engasjement	21	6.2 Kriminalpolitikk	46
3.8 Rettar for samar og nasjonale minoritetar	21		

Programmet ble vedtatt på SVs 16. ordinære landsmøte, 31. mars - 3. april 2005 i Kristiansand.

6.2.1 Førebygging	46	10.3.2 Varehandelen	72
6.2.2 Likskap for lova	46	10.3.3 Reiseliv	72
6.2.3 Raske og tilpassa reaksjonar	47	10.3.4 Transport og skipsfart	72
6.2.4 Betre tiltak for offer og pårørande	47	10.3.5 Informasjons- og kommunikasjonsteknologi	73
		10.3.6 Kunnskapsintensiv tenesteyting	73
		10.3.7 Kultur som næring	73
<b>Kultur</b>	<b>48</b>	10.4 Produksjon av mat	74
7.1 Det store kulturlyftet	50	10.4.1 Landbruket	74
7.2 Idrett og friluftsliv	51	10.4.2 Næringsmiddelindustrien	74
7.3 Mediepolitikk	52	10.4.3 Fiske og fiskeindustri	74
		10.4.4 Havbruk	75
		10.5 Regional utvikling	76
		10.5.1 Samferdsle	76
<b>Barn og unge</b>	<b>54</b>	10.6 Aktivt og langsiktig eigarskap	77
8.1 Rettane til barn må styrkjast	56	10.7 Produktivitet og sysselsetjing	77
8.1.1 Førebygging løner seg	56		
8.1.2 Rett til barnehage	56		
8.1.3 Barnevernet – førebygging og tryggingnett	57		
8.2 Vern om fellesskulen	57	<b>Likestilling og likeverd</b>	<b>80</b>
8.2.1 Ein skule der alle blir sedde	57	11.1 Kvinnefrigjerer	82
8.2.2 Ungdomsskulen må styrkjast	59	11.1.1 Reprodutiv rettar og kvinnehelse	83
8.2.3 Vidaregåande opplæring	59	11.1.2 Vald mot kvinner	83
8.2.4 Styrk den fysiske aktiviteten	60	11.2 Rettane til lesbiske og homofile	84
8.3 Fagopplæring	60	11.3 Eit inkluderande samfunn	84
<b>Kunnskapsnasjonen Noreg</b>	<b>62</b>	<b>Eit humant arbeidsliv</b>	<b>86</b>
9.1 Høgare utdanning	64	12.1 Rolla til fagrørsla	88
9.2 Etter- og vidareutdanning	65	12.2 Auka påverknad	88
9.3 Forsking	65	12.3 Arbeid til alle	88
9.4 Frigjer brukarane	66	12.4 Arbeidstid	89
		12.5 Eit humant arbeidsliv	89
		12.6 Lik løn for likeverdige arbeid	90
		12.7 Sosial dumping	91
<b>Eit framtidretta næringsliv</b>	<b>68</b>	<b>Fred og solidaritet</b>	<b>92</b>
10.1 Ein framtidretta næringspolitikk	70	13.1 Styrk folkeretten	94
10.2 Industripolitikk	71	13.2 Ei betre organisert verd	94
10.2.1 Olje- og gassutvinning	71	13.3 Kamp om menneskehandel	95
10.2.2 Prosessindustrien	71	13.4 Demokrati og menneskerettar	95
10.2.3 Verftsindustrien	71	13.5 Betre global fordeling	96
10.2.4 Byggje-, anleggs- og eigedomsnærings	72		
10.3 Privat tenesteyting	72		
10.3.1 Finansnærings	72		

13.6 Frigjerer	97
13.7 Helse og velferd	97
13.8 Internasjonale avtalar og WTO	97
13.8.1 Eit spegelvendt alternativ til WTO	98
13.9 Slett u-landsgjelda	99
13.10 Auka norsk bistand	99
13.11 Styrkt samarbeid i nordområda	99
13.12 Nordisk samarbeid	100
13.13 Eit godt samarbeid i Europa	100
13.14 Forsvar og samfunnstryggleik	101
13.15 Eit forsvar grunnlagt i reelle behov	102
13.16 Nedrusting, våpenspreiing og norsk atomvåpenpolitikk	102
13.17 Våpeneksport	102
13.18 Ein ny alliansepolitikk for Noreg	103
13.19 Bruk av norske styrkar i utlandet	104
13.20 Eit opnare Noreg	104

<b>Indeks</b>	<b>106</b>
---------------	------------

# #1

## Vår veg

SV er eit sosialistisk parti. Vi vil ei verd der samarbeid erstattar maktbruk og krig. Vi vil ei verd bygd på fellesskap og solidaritet. Vi vil eit Noreg der behova til folk avgjer prioriteringane. SV er eit miljøparti. Vi vil at miljøomsyn skal gjennomsyre alle politikkområde. SV er eit feministisk parti. Vi vil ha eit samfunn der alle menneske er likeverdige, der makt og ressursar ikkje blir fordelte etter kjønn, og der kjønnsrollene ikkje avgrensar fridomen til einskildindividet. Vi vil eit samfunn der vi saman kan møte dei store utfordringane i vår tid. Menneska må stå saman i kampen for fridom, fred, arbeid til alle, miljøet, rettvis fordeling og likestilling.

Politikk handlar om å gjere val og å velje verdjar. Om å velje miljøet framfor uhemma vekst, om å velje velferd i staden for privatisering, om å velje solidaritet og demokrati framfor pengemakt. SV støttar dei undertrykte, ikkje undertrykkjarane, og vel ein veg der menneske kan leve gode liv i fellesskap. Det er eit val for venstresida, mot høgresida, både nasjonalt og internasjonalt. Vegen vår er for velferd, demokrati og fellesskap.

Samfunnet vårt er, og vil alltid vere, eit fleirkulturelt og fleirreligiøst samfunn. Eit slikt samfunn må leggje til rette for at alle får same høve til livsutfalding, arbeid og deltaking. Rasisme og diskriminering må nedkjempast effektivt anten det er einskildgrupper, einskildpersonar eller norske institusjonar som står for henne.

Stortingsvalet i 2005 er eit vegval og eit verdival. Høgresida byggjer ned velferdsstaten, gjev skatteletter til dei rikaste og knyter Noreg endå tettare til USAs utanrikspolitikk. Vi vil gå ein annan veg. Vi vil avskaffe fattigdom i Noreg og utjamne skilnadene mellom folk. Vi vil styrkje og utvikle velferdsstaten vidare med nye reformer som vil gjere Noreg til eit betre og meir rettvis samfunn å leve i. Vi vil satse meir på utdanning og forskning, og utvikle næringslivet i ei langsiktig og berekraftig retning. Vi vil møte det globale klimatrugsmålet offensivt ved å redusere CO<sub>2</sub>-utslepp i Noreg og i verda, og ved å satse på vidareutvikling av miljøvenleg teknologi. Vi vil at alle som bur i landet vårt, skal ha makt og reell politisk påverknad over eigen kvardag, på arbeidsplassane, i lokalmiljøa, og over Noregs utvikling og internasjonale rolle. Noreg skal stå på dei fattige og dei undertrykte si side i verda. Stemma vår skal vere ei stemme for fred, fridom, menneskerettar og utvikling for alle.

## 1.1 For fridom

Likeverdige sjansar for alle er det beste forsvaret for fridom for einskildmenneske. Dette er SVs utgangspunkt. Velferdsstaten er ein føresetnad for at menneska skal vere frie og realisere det beste i seg til gagn for seg sjølve og fellesskapet. Gode fellesskapsløysingar er ein føresetnad for likeverd og fridom. Likeverdige sjansar står i skarp kontrast til fridomsomgrepet til høgresida, som inneber fridom for einskilde og utnytting av andre.

Likestilling er ein føresetnad for å skape eit samfunn der alle har dei same sjansane. I dag blir kvinner, etniske og religiøse minoritetar, funksjonshemma og seksuelle minoritetar undertrykte. Denne undertrykinga må nedkjempast med sosiale, politiske og økonomiske middel. Frigjering av undertrykte menneske er ein kamp for fridom og likeverd, og ikkje minst ein kamp for ei betre framtid for heile folket på jorda.

I dag blir for mykje av menneskelivet styrt av marknadskreftene. Fridom for marknaden avgrensar fridomen til einskildmennesket. Kollektive velferdsordningar er med på å gje menneske livsutfalding og deltaking i samfunnet. Eit sterkt fellesskap er ein føresetnad for individuell fridom og nærleik til politiske avgjerder.

## 1.2 For rettvis

Politikken vår vil føre til at dei økonomiske og sosiale skilnadene mellom menneske blir reduserte. Målet vårt er eit samfunn der makt, gode og plikter er rettvis fordelte. Kvar einskild må i større grad vere med på å ta avgjerder i saker som vedkjem oss.

Ein av dei største kvalitetane ved det norske samfunnet er at det bur menneske i heile landet. Det desentraliserte busetnadsmønsteret som vi har i dag, er under press. Sentraliseringskreftene er sterkare enn

nokon gong. Ei overordna målsetjing for SVs politikk skal vere å motverke sentraliseringa av samfunnet, og å leggje til rette for å ta vare på hovudtrekka i busetnadsmønsteret vi har i dag.

Alternativet til høgresida er ein kapitalisme med uhemma konkurranse og økonomisk vekst, noko som fører med seg større ulikskap, eit veksande klimatrugsmål og ein omfattande konsentrasjon av makt og pengar.

Privatiseringa undergrev demokratisk styring og kontroll med grunnleggjande velferdsoppgåver, og verkar til at folk misser påverknad. Dei grunnleggjande velferdsbehova menneska har, skal ikkje overlatast til marknaden.

Vi vil ha offentlege tenester underlagde folkevald kontroll og styring.

Kvalitet kostar, og vi må saman betale for velferdsgoda. Rettvis fordeling av gode fellesskapsløysingar er berre mogleg gjennom rettvis skattlegging. Rettvis skattlegging vil innebere skattelette for dei med låge inntekter, og høgare skatt for dei som tener mest. Dette krev politisk styring og vilje til omfordeling frå dei som har mykje til dei som har lite.

Målet vårt er rettvis fordeling, både mellom dei som lever i dag og med komande generasjonar.

## 1.3 For solidaritet

Vi vil at Noreg skal bli eit freds- og solidaritetsland med vekt på eit utanrikspolitisk alternativ som er solidarisk med dei fattige i verda. Noregs rolle internasjonalt må vere å ta parti for dei fattige og undertrykte i verda, og vere med på å få til frededelege løysingar på konflikhtar.

Den urettvise fordelinga av rikdommen i verda held fram, på same tid som svoltten råkar millionar av menneske. Vi vil arbeide for å fjerne fattigdommen, mellom anna gjennom auka bistand, sletting av u-landsgjeld og ved å arbeide for rettvis handel. Noreg er eit av dei rikaste landa i verda, og vi har mange milliardar kroner investerte i utlandet gjennom oljefondet. Sjølv om SV har fått gjennomslag for etiske retningslinjer i oljefondet, blir ikkje makttilhøva mellom fattige og rike land og Noregs posisjon som kapitalistisk stormakt, endra. Målet vårt er difor ei grunnleggjande samfunnsending.

SV har alltid arbeidd for ein meir sjølvstendig norsk utanrikspolitikk, noko som er viktig for at vi skal kunne vere brubyggjar internasjonalt. Noregs rolle har ved fleire høve vore å vere med på å løyse konflikhtar, og dette er ei rolle SV vil styrkje og vidareutvikle. SV er sterkt imot ei utvikling der internasjonal rett og avtalar blir undergravne ved at stormakter tek seg til rette.

Det er nær samanheng mellom fredsbygging og nedkjemping av fattigdom og sosiale skilnader. Noreg må arbeide for ein utviklingsfremjande og fattigdomsnedkjempande politikk i alle internasjonale samanhengar, mellom anna gjennom alliansar med land, sosiale rørsler, fagrørsla og andre organisasjonar med same interesser som oss.

Målet vårt er ei rettvis verd i økologisk balanse. Dette inneber rettvis fordeling i dag utan at vi øydelegg høvet for at etterkomarane våre kan få tilfredsstillt sine behov. Ny kunnskap og teknologi er viktig for å kunne løyse miljøproblema, men det er òg naudsynt å endre dei drivkreftene som fører til rovdrift på naturen og som råkar dei fattigaste i verda.

SV ønskjer ikkje eit norsk EU-medlemskap. Utviklinga etter 1994 både i EU og i Noreg har vist at det var klokt å ikkje bli medlem. For SV er det særleg fem viktige grunnar til ikkje å ønskje eit norsk EU-medlemskap. Den

første er at hovudføremålet til EU er å sikre medlemslanda ein uavbroten vekst og ein større produksjon og omsetnad enn det kvart land hadde klart på eiga hand. Dette samsvarer ikkje med målsetjinga om berekraftig utvikling og global solidaritet. Den andre er at medlemskap vanskeleggjer kampen mot arbeidsløyse og for sosial utjamning. Den tredje er at eit EU-medlemskap vil ta ifrå Noreg styringa av naturressursar som fisk, petroleum og vasskraft. Den fjerde er mangelen på demokrati og innsyn rundt avgjerdene i EU. Den siste er at Noreg kan ha ei sjølvstendig stemme ved internasjonale forhandlingar om handel, miljø og tryggleik, og kan utvikle ei klarare rolle som brubyggjar ved krigstrugande konflikhtar. Då er det viktig at vi ikkje gjennom medlemskap i EU er tett knytte til europeiske stormaktsinteresser.

#### 1.4 For miljøet

Vi vil at Noreg skal ta miljøutfordringane på alvor og føre ein politikk som sikrar ei berekraftig utvikling. Difor vil vi at miljøomsyn skal gjennomsyre alle politikkområde. Vi vil ha eit berekraftig samfunn der livsgrunnlaget og livsmangfaldet er sikra for våre etterkomarar. Dette inneber at vi forvaltar ressursane på ein betre måte, tek vare på det biologiske mangfaldet og reduserer utsleppa for å hindre menneskeskapte klimaendringar. Vi vil ha ei offensiv satsing på miljøfremjande teknologi, og det må løne seg å handle miljøvenleg.

Globale miljøutfordringar kan berre løysast gjennom forpliktande internasjonalt samarbeid. Difor må Noreg arbeide for forpliktande miljøavtalar og samarbeid med andre land og organisasjonar for å redusere miljøproblema. Målet vårt er rettvis fordeling, både mellom dei som lever i dag, og med komande generasjonar.

#### 1.5 For ny kurs

Vi lever i ei tid der alt er mogleg. Menneska rår over teknologi og ressursar til å gje alle eit verdig liv. Kontaktten over landegrensene blir større og bryt ned kulturelle barrierar, aldri har vi som no kunna arbeide saman for ei verd der fridom og rett til utfolding blir sikra for alle. Men denne sjansen blir ikkje brukt. Vår tid er prega av hemningslaus kapitalisme. Med den råde konkurransen og jakta på stadig større overskot fører den rådande marknadsliberalismen med seg auka urett, veksande miljøproblem og ein omfattande konsentrasjon av makt og pengar. I staden for samarbeid har vi fått ein verdsorden der éi supermakt dikterer utviklinga, og der krig er ein akseptert måte å løyse konflikhtar på.

Vi lever i ei land der alt er mogleg. Gjennom meir enn eit hundreår blei Noreg gradvis eit meir rettvis og meir demokratisk samfunn. Grunnlaget for velstanden vår har vore bygginga av ein raus velferdsstat basert på universelle rettar, at demokratiet – og ikkje marknaden – kontrollerte ressursane, og at heile folket og alle delar av landet blei tekne i bruk. Dei siste tiåra har denne utviklinga snudd. Få land i Europa hadde like sterk vekst i dei økonomiske og sosiale skilnadene som Noreg hadde på go-talet, og fattigdom er igjen eit veksande problem, mellom anna for barn og ungdom. Høgresida går til åtak på velferdsstaten og vil erstatte han med eit privatisert samfunn der vi er kundar og ikkje borgarar. Arbeidsløysa er eit trugsom mål att, og fråflyttinga frå distrikta skyt fart.

Denne utviklinga skuldast den strategiske og medvitne trua som høgerekreftene har på marknad og profitt. Det er tid for ein ny kurs. Målet vårt er eit sosialistisk samfunn. Det marknadsliberalistiske systemet som vi har i dag, må erstattast av eit samfunn der råderetten over ressursane er underlagd demokratisk styring. Folkestyre på alle plan er SVs mål, og demokratiske verdier er retningsgivande for alt arbeidet vårt.

Det er tid for ein ny reformperiode i norsk politikk. Ein periode der vi saman nedkjempar arbeidsløyse, fattigdom og urett. Der vi saman tek alle krefter i bruk for å skape dei verdiane vi skal leve for og av i framtida. Og der vi saman med menneske i alle verdshjørne kjempar for ein rettvis verdsorden bygd på solidaritet og samarbeid.

SVs program forpliktar oss til å slåst for eit politisk alternativ som kan bli ståande i mange år framover. SV vil søkje makt og påverknad for å få gjennomslag for mest mogleg av SV-politikken.

Samtidig er dette programmet ein invitasjon. SV veit at vi treng sterke alliansar for å endre Noreg. Engasjementet til flest mogleg av oss som bur i Noreg, er naudsynt dersom måla og verdiane våre skal vinne fram.

Programmet vårt står for ein ny kurs – ein kurs for likeverdige sjansar, rettvis og solidaritet.

Med dette programmet vil vi invitere deg til å vere med på ein ny kurs.

# #2

SV-alternativet:  
Ti forslag til ny kurs

## Naudhjelpsfond

Noreg forvaltar store rikdommar gjennom oljefondet. I mange konflikter døyr menneske fordi naudhjelp ikkje kjem fram raskt nok. SV vil bruke noko av rikdommen til eit naudhjelpsfond for å vise solidaritet med menneske i naud.

## Ein fredsnasjon

SV vil at Noreg skal vere ein fredsnasjon og forkjempar for ei demokratisk og solidarisk verd, der konflikter blir løyste med fredlege middel. Noregs rolle som eit land utanfor EU og utan stormaktsinteresser, må utnyttast aktivt. Noreg skal ikkje ta del i preventive åtakskrigar eller støtte okkupasjonen i Irak.

## Avskaff fattigdommen

Noreg blir i stadig sterkare grad prega av større skilnader mellom fattige og rike. SV vil føre ein aktiv fordelingspolitikk og nedkjempe skilnadsnoreg. Målet til SV er at fattigdommen skal avskaffast denne stortingsperioden.

## Ein aktiv distriktpolitikk

SV vil sikre livskraftige lokalsamfunn og høve til å bu i heile landet. Politikarar nasjonalt og lokalt må ta att makt som er overlata til marknaden. SV vil styrkje dei lokale, regionale og nasjonale distrikts- og næringspolitiske verkemidla.

## Stans privatiseringa

SV seier nei til privatisering og konkurranseutsetjing av offentlege oppgåver. Velferdsstaten må byggjast ut, ikkje ned. SV vil gje makt og ansvar attende til dei folkevalde og styrkje offentlig eigarskap. Ein styrkt kommuneøkonomi er eit ufråvikeleg mål og ein viktig strategi mot privatisering.

## Kulturlyftet

Kunst og kultur gjer samfunnet og menneska rikare på opplevingar og gjev einskildmennesket betre høve til å utvikle sine eigne skapande evner. Alle skal sikrast kulturtilbod gjennom fysisk tilgang, rimelege prisar og fleksible opningstider. SV vil auke kulturbudsjettet til ein prosent av statsbudsjettet.

## Miljøvenleg energi

Målet til SV er å leggje om energipolitikken slik at vi kan kome eit godt stykke på veg til å nå målet vårt om å produsere 40 nye TWh fornybar energi. Klarer vi det, kan Noreg igjen bli nettoeksportør av straum.

## God oppvekst

SV vil skape ein oppvekst med gode offentlege tilbod for alle barn og unge. Barnehagereforma skal følgjast opp, slik at alle som ønskjer det, får barnehageplass til ein maksimalpris på 1.750 kroner. SV vil ha gratis skule og skulefritidsordning. Opplæringa skal vere tilpassa evne og behov til kvar einskild elev, og alt skulemateriell skal vere gratis. Alle barn og unge skal ha rett til morsmålsopplæring.

## Tannhelsereform

Skilnaden mellom tannlegebehandling og anna helsebehandling må utjamnast med sikte på sidestilling. SV vil at all ungdom til 21 års alder skal ha gratis tannhelse-teneste, inkludert tannregulering.

## Kamp om arbeidsløse og sosial dumping

Alle som søker arbeid skal få tilbod om arbeid eller etter- og vidareutdanning innan eitt år. I tillegg skal arbeidslaus ungdom under 25 år ha rett til arbeid, utdanning eller tiltaksplass innan seks månader. Ein offensiv næringspolitikk er naudsynt for å få til dette. SV vil òg nedkjempe deltidsarbeidsløysa ved å sikre retten til full stilling. Norske løns- og arbeidsvilkår skal gjelde i Noreg. SV vil skjerpe lovverket mot sosial dumping og styrkje styresmaktene og fagrørsla si evne til å handheve dette lovverket.

# #3

## Eit utvida demokrati

Demokrati handlar om korleis makt skal fordelast og kontrollerast til beste for samfunnet som heilskap. Altfor mykje makt i samfunnet vårt er samla hos folk som ikkje stiller til val, og som ikkje kan kastast ved val om dei tek avgjerder som er negative for mange. SV ønskjer ei anna maktfordeling i samfunnet.

SV vil arbeide for å ta vare på den demokratiske handlefridomen. Gjennom privatisering og andre tiltak som opphevar politisk kontroll over økonomien, blir makt overført frå demokratiet til marknaden. Denne utviklinga er driven fram mellom anna av WTO og EØS, og er samtidig med på at makt blir sentralisert i internasjonale institusjonar med minimalt innslag av innsyn og folkevald kontroll. Alt dette hindrar arbeidet for å skape ei meir rettvis samfunnsutvikling.

### 3.1 Rettvise krev demokrati

Reell påverknad over eigen arbeidssituasjon og over utviklinga av eige lokalsamfunn er viktig for livskvalitet og velferd. Ein aktiv samfunnsdebatt og eit levande folkestyre er det beste forsvaret for ein rettvis fordelingspolitikk og samtidig det beste vernet mot maktmisbruk.

SV vil ha eit langt meir omfattande folkestyre. Vi vil utvide demokratiet til dei delane av samfunnet som i dag blir styrd av nokre få og mektige. Ei meir rettvis fordeling av eigedom og ressursar er viktig for å utvikle demokratiet. Sterke, folkelege rørsler som kan stå opp mot eigarmakt og konsernmakt må òg til for å byggje opp ei trygg folkevald styring av samfunnsøkonomien.

Folkevalde organ må spegle det folket dei blir valde frå. SV meiner det må leggjast betre til rette for kjønnsbalanse og etnisk representasjon på alle folkevalde nivå og i offentlege utval, råd og styre. Dette må gjerast både ved å stille krav til partia og ved å leggje til rette for at til dømes folk med omsorgsansvar og/eller funksjonshemmingar kan ta på seg politiske verv.

SV vil styrkje høvet barn og unge har til å ta del og å påverke. Ei rekkje plikter og rettar som er politisk avgjorde, gjeld frå 16-årsalderen. SV vil difor foreslå at stemmerettsalderen blir seinka til 16 år.

Utdanning og arbeid dannar mykje av grunnlaget for aktiv deltaking og påverknad. Det er difor eit demokratisk problem at så mange fell utanfor det vanlege arbeidslivet.

For å skape klarare ansvarsforhold vil SV gå inn for at ei regjering må ha aktiv støtte frå eit fleirtal i Stortinget.

Ordninga i dag med to avdelingar, Odelstinget og Lagtinget, er forelda, mellom anna fordi riksrettordninga blir oppheva. SV vil difor foreslå å avskaffe ordninga med Odelsting og Lagting, slik at alle saker blir behandla av Stortinget i plenum.

Folkestyre må ha meir å seie enn retten til å velje kven som skal styre. Folkestyre må òg seie at dei folkevalde kan stillast til ansvar utanom vala. SV vil foreslå ei ordning der veljarane blir gjevne rett til å krevje nytt val av Storting viss minst 25 prosent av veljarane skriv under på eit slikt krav. Liknande ordningar bør innførast for dei andre folkevalde organa.

### 3.2 Direkte demokrati

Sjølv om det politiske systemet vårt byggjer på representative organ, er det mange politiske avgjerder som kan takast direkte av folk sjølve. Dette kan skje gjennom auka bruk av folkerøystingar eller gjennom andre former for direkte demokrati.

SV ynskjer forsøk med avgjerdsprossar der makt blir overført frå kommunestyre til organ der alle innbyggjarane i kommunen har møterett og høve til å påverke. Dette kan til dømes takast i bruk når prioriteringane på kommunebudsjettet skal avgjerast.

SV vil at folket skal kunne få direkte framleggsrett i dei folkevalde organa. Når eit tilstrekkeleg tal på innbyggjarar krev eit framlegg behandla, skal det aktuelle

folkevalde organet vere forplikta til å behandle framlegget på line med framlegg som partia fremjar.

### 3.3 Lokalt demokrati

Eit levande lokaldemokrati er grunnsteinen i folkestyret. SV ønskjer at avgjerder skal takast så nær dei det vedkjem som råd. Kommunen er den viktigaste lokaldemokratiske arenaen, og i større kommunar er det viktig å utvikle demokratisk valde kommuneutval, lokalutval eller bydelsutval med reell påverknad på kommunale avgjerder. Gjennom arbeidet i slike utval aukar den folkelege deltakinga i dei demokratiske prosessane. På mange område kan det likevel vere naudsynt med statleg styring for å sikre at alle rettane til innbyggjarane blir tekne vare på.

Den viktigaste føresetnaden for eit meir levande lokaldemokrati er at kommuneøkonomien blir monaleg styrkt gjennom større overføringar frå staten. Berre med betre økonomi kan det lokale folkestyret gjevast handlingsrom til å utvikle seg. Slike levande og demokratiske kommunar er alternativet til lokalsamfunn der ansvar og påverknad blir privatisert vekk frå folkestyret.

SV ønskjer ei desentralisering av makt frå statleg nivå og statleg forvaltning til regionalt politisk nivå. Oppgåver knytte til regional utvikling, opplæring, kultur, helse og samferdsle, miljøforvaltning og planlegging bør sikrast i eit regionalt folkevalt nivå. Dette krev overføring av makt frå område som i dag ikkje er underlagde folkevald styring.

SV går ikkje inn for at kommunar skal slåast saman med tvang frå statleg hald, men at endeleg avgjerd om kommunesamanslåingar blir fatta lokalt.

SV meiner det trengst eit forvaltingsnivå under folkevald styring mellom stat og kommune. Dette føreset

at arbeidsoppgåver, mynde og ressursar blir overførte til dette regionale forvaltingsnivået, slik at det kan bli ein viktig del av den demokratiske styringa av samfunnet vårt.

SV går inn for stor lokal valfridom når det gjeld storleiken på desse regionane. Fylkeskommunane bør sjølve avgjere om dei vil halde fram å vere eigne einingar, eller om dei vil slå seg saman med andre fylkeskommunar.

SV vil atterreise det kommunale sjølvstyret. Færre av dei statlege overføringane til kommunane bør vere øyremerkte. Øyremerking kan likevel i einiskilde tilfelle vere eit tenleg verkemiddel for å sikre likeverdige tilbod i heile landet.

Kommunane bør få større høve til å styre eigne inntekter. SV vil foreslå at kommunane blir friare stilte til å skrive ut eigedomsskatt.

Den økonomiske basisen for lokaldemokratiet ligg i folks oppslutnad om eit rettvist skattesystem som sikrar velferdsstaten, uavhengig av kva kommune ein bur i. Skilnader i kommuneskatten vil føre til skilnader i kommunal tenesteyting og skape større skilnader. Ulik kommuneskatt vil gje høgresida nye argument for å redusere overføringar til kommunane ytterlegare og dermed skape eit friare spelerom for ansvarsfråskrivning mellom forvaltingsnivåa.

Inntektene og utgiftene i kommunane må fordelast jamnare og meir rettvis.

### 3.4 Økonomisk demokrati

Det er eit viktig mål for SV å demokratisere næringslivet. Dei som rår over kapitalen, styrer òg over arbeidsplassane og arbeidskvardagen til dei tilsette. Det bør difor setjast i verk reformer som aukar felleskapet sitt høve til å styre og gjev tilsette meir makt

over egne arbeidsplassar. SV vil arbeide for å regulere valutahandelen for å hindre spekulative kapitalrørsler og for å utjamne konjunktursvingingar.

Ein sterk offentleg sektor er naudsynt for å kunne styre samfunnsressursane til beste for folk flest. SV seier difor nei til privatisering av offentlege oppgåver og selskap. Privatiserte eller delprivatiserte selskap bør først tilbake til offentleg eige. Eit sterkt offentleg eigarskap er særleg viktig i høve til velferdstenester, utdanning, verdfulle nasjonale ressursar og infrastruktur. SV vil aktivt arbeide for å stoppe framstøytta frå private aktørar om offentleg privat samarbeid (OPS).

Høvet eigarane har til å flytte eller leggje ned lønsame arbeidsplassar er eit demokratisk problem. SV vil gje tilsette forkjopsrett til egne arbeidsplassar i samarbeid med offentlege styresmakter når eigarane vil flytte verksemder ut av landet. Viss verksemda likevel blir flytta ut av landet, skal dei tilsette ha krav på etterløn. SV vil arbeide for ei ny lov som kan hindre utflytting og spekulative oppkjøp.

SV ønskjer fleire demokratisk styrde bedrifter. SV ønskjer å stimulere bedrifter til å ta strategiske val som kombinerer lønsemd og langsiktig tenking framfor fokus på kortsiktig avkasting, mellom anna gjennom auka FoU-støtte for tiltak retta mot medarbeidarskap og samhandling. SV vil ha ei ny selskapsform for slike demokratiske verksemder som er eigde og styrde av dei tilsette i fellesskap. Staten må leggje til rette for etablering av slike verksemder. SV ønskjer å styrkje samvirkeverksemder og å arbeide for ei eiga samvirkelov som kan gje denne typen verksemder tryggare rammevilkår i eit stadig meir marknadsliberalistisk samfunn.

### 3.5 Den demokratiske samtalen

Ein fri samfunnsdebatt er livsnerven i demokratiet. Ytringsfridomen må difor forsvarast og utvidast. I dag

avgrensar kommersialiseringa av det offentlege rommet den frie samfunnsdebatten. Pengesterke grupperingar kan kjøpe seg plass i det offentlege gjennom reklame og eigarskap i mediebransjen.

SV ønskjer ein spreidd eigarskap i media. Pressestøtta bør aukast for å stimulere til ein allsidig avisflora. SV vil auke støtta til grasrotorganisasjonar og andre delar av det sivile samfunnet. SV vil ha eit restriktivt regelverk for fjernsynsreklame.

Ein open offentleg sektor er avgjerande for demokratiet. Både lokale og sentrale styresmakter må bli betre på dette området. Retten for tilsette og tillitsvalde til å uttale seg offentleg må styrkjast. Privatisering og omdanning til aksjeselskap må ikkje hindre innsyn i spørsmål som er viktige å offentliggjere.

Noreg må ikkje bli eit teknologisk delt samfunn med eit skilje mellom dei som har tilgang på informasjon og teknologi, og dei som ikkje har det. Difor må SV arbeide for at teknologi og informasjon blir tilgjengeleg for alle. I denne samanhengen blir til dømes opne standardar og tilgang til internett med breiband viktige verkemiddel for at alle innbyggjarane i Noreg skal kunne vere med i den demokratiske samtalen.

### 3.6 Republikk og ein trusnøytral stat

Monarkiet er ei forelda statsform. I eit moderne demokrati bør ikkje viktige samfunnsposisjonar gå i arv. SV vil difor avskaffe monarkiet og innføre republikk som styringsform i Noreg.

Statskyrkjeordninga er òg forelda, og SV vil skilje stat og kyrkje. Noreg er i dag eit fleirkulturelt samfunn med eit religiøst mangfald. Staten skal ver nøytral i trusspørsmål. SV går difor inn for å fjerne kvoteringsreglane av medlemmer av statskyrkja inn i regjeringa.

### 3.7 Friviljug engasjement

Ein føresetnad for eit levande og fungerande demokrati er ein sterk friviljug sektor. Noreg har ein stolt tradisjon med eit allsidig organisasjonsliv som har drive fram ei demokratisk og sosial utvikling. Ved å organisere seg i friviljuge organisasjonar har kvar og ein av oss større høve til å få brukt engasjementet vårt, påverke avgjerder og til å skape noko saman. Særleg er eit godt utvikla organisasjonsliv viktig for at barn og unge skal få påverke samfunnet. SV vil styrkje det friviljuge organisasjonsarbeidet gjennom å sørge for stabile og føreseielege rammevilkår, og skapet eit nært samarbeid mellom organisasjonane og offentlege organ.

### 3.8 Rettar for samar og nasjonale minoritetar

Det norske samfunnet er bygt på territoriet til det norske og det samiske folket, og det samiske folket må difor sikrast styring over og vere med i avgjerder som gjeld dei.

Konvensjonen til Den internasjonale arbeidsorganisasjonen (ILO) om urfolk sine rettar og FN-konvensjonen om sivile og politiske rettar er folkerettsleg forpliktande og gjev, saman med FN-erklæringa om urfolk, det samiske folket eit reelt utgangspunkt for å forme sitt eige samfunn. Dei tradisjonelle rettane og statusen som kvinner har i det samiske samfunnet må takast vare på. SV vil difor arbeide for at går gjennom lovverket med sikte på å regulere dei samfunnsområda som ILO-konvensjonen nr 16g handlar om.

Samane har, utifrå internasjonale konvensjonar og erklæringar og statleg godkjenning, kollektiv rett til land og vatn. Denne retten må utøvast i samarbeid med folket elles som høyrer til i dei same områda. Det er viktig å sikre samane styring over og gjere det mog-

leg for dei å vere med på avgjerder som gjeld samisk kultur generelt, og samiske næringar i dei tradisjonelle samiske områda.

Finnmarkseigedommen skal forvaltast av eit styre samansett av seks representantar, tre frå Sametinget og tre frå fylkestinget i Finnmark. Leiarvervet skal rulle mellom representantane valde frå fylkestinget og Sametinget. Sametinget og fylkestinget skal stå fritt til å velje representantane sine.

Reindrifta er ein viktig berar av samisk kultur og ei viktig samisk næring. SV vil arbeide for at reindrifta skal sikrast rett til beiteområda og at desse må vernast mot inngrep, samtidig som bruken av naturen i beiteområda må skjje på ein måte som hindrar overbeite og varige skadar på naturen.

Ressursane i havet er den viktigaste fornybare ressursen som kan sikre busetnad og sysselsetjing i Finnmark. SV vil difor foreslå at saltvassressursane langs finnmarkskysten blir vurderte i høve til folkerettslege forpliktingar og tradisjonell lokal utnytting med sikte på at folk i Finnmark får forvaltingsrett.

Vern og vidareutvikling av samisk kultur er med på å fremje samiske rettar og likeverd, og til eit verdfullt kulturelt og sosialt mangfald i Noreg. SV vil arbeide for å styrkje samisk kultur ved å hjelpe Sametinget til å drive ein aktiv kulturpolitikk i det samiske området, og ved å støtte landsomfattande tiltak og institusjonar som formidlar samisk kunst og kultur. Det er særleg viktig å sikre samisk kultur og språk, òg utanom dei samiske kjerneområda i Finnmark. SV vil arbeide for at sørsamane og lulesamane kan tryggje og vidareutvikle kulturtradisjonane sine. SV vil styrkje samiske kulturinstitusjonar.

SV vil arbeide for å styrkje Sametingets rolle som folkevald forsamling for den delen av det samiske folket som er busette i Noreg. Dette inneber at SV vil arbeide

for å vere representert på Sametinget, og for eit tettare samarbeid med Storting og Sameting.

Sametinget og samiske organisasjonar må ha ei sentral rolle i samarbeidet med naboland som har eit samisk folk. SV vil difor foreslå samisk representasjon i nordiske og regionale samarbeidsorgan som Nordisk Råd og Barentsrådet.

Fem grupper fekk i 1999 status som nasjonale minoritetar – jødar, kvenar, rom, romani og skogfinnar. SV vil sikre rettane til eige kulturarbeid og språkopplæring gjennom skikkelege løyvingar til minoritetane. Historia og situasjonen deira skal representerast i skulen og andre institusjonar som ber kulturarv.

# #4

## Rettvise

Målet til SV er eit rettvist Noreg. Det blir ikkje fridom for alle utan rettwise. I dag aukar classeskilja og dei rikaste blir endå rikare på kostnad av fleirtalet. SVs mål i stortingsperioden er at classeskilja skal minke, den økonomiske skeivfordelinga mellom kjønn skal reduserast og at ingen skal leve i fattigdom og ufridom. Samfunn med små økonomiske og gode fellesskapsløysingar er òg dei mest produktive og mest vellukka i økonomisk forstand. Sparing i oljefondet og kutt i velferd og lønningar kan ikkje gje oss tryggleik verken for pensjonar eller arbeidsplassar i framtida.

Det må satsast sterkt på forskning og opplæring, og mange nye miljøvenlege arbeidsplassar må skapast. Arbeidslivet må innrettast slik at det ikkje tek helsa frå folk. Dei som ikkje kan arbeide, må gjevast ytingar som kan gje eit verdig liv. Alle må ha lik tilgang til gode velferdsordningar. Kommuneøkonomien må styrkjast og fellesskapet byggjast ut og forbe- trast, ikkje byggjast ned og privatiserast. Ein solidarisk politikk vil seie velferd, rettar og omfordeling – ikkje velgjerningsarbeid, slump og utdeling.

#### 4.1 Arbeid til alle

Eit samfunn der alle som kan får arbeid, er eit viktig tiltak mot fattigdom.

Det er i dag mange som ønskjer arbeid som ikkje slepp til, eller som blir utstøytte. Resultatet er at mange går på trygd i staden for å arbeide. Mange vil få eit betre liv viss dei får eit arbeid som gjev dei høve til å leve av eiga inntekt. Det vil òg føre til mindre sløsing med menneskelege ressursar viss dei som ønskjer seg arbeid, får det.

Arbeid til alle kan berre oppnåast ved at staten tek større medansvar for å skape nye arbeidsplassar i tider med høg arbeidsløyse. Staten må motverke bruken av mellombels tilsette, kjempe mot diskriminering av arbeidstakarar, sikre trygge arbeidstilhøve på arbeidsplassane og gje alle høve til etter- og vidareutdanning. Arbeidsmarknadstiltak og utdanning er med på å auke sjansane for å kome i arbeid. Tiltaka må vere av god kvalitet og varige, og vere reelt kvalifiserande slik at det er realistisk å kunne få og halde på eit arbeid.

Å leggje til rette for at fleire kan leve av arbeidsinntekt i staden for trygd, handlar om livskvalitet og rettvisе for einskildmenneske, og om å ta i bruk alle menneskelege ressursar i samfunnet. Dette vil òg spare det offentlege for utgifter.

Regelverk og avtalar i arbeidslivet må sikre eit godt arbeidsmiljø som gjev færre helseskadar, slik at fleire kan få arbeid og makte å stå i arbeid fram til pensjonsalderen. Auka bruk av overtid, fleire utrygge tilsetjingsforhold og meir mellombelse tilsetjingar vil gje fleire helseskadar og auka utstøying og dermed fleire arbeidslause. Denne utviklinga må difor snuast. Det må bli lettare å kombinere arbeid og trygd.

For å hindre at fleire arbeidstakarar blir sjukmelde, må årsakene til auka sjukmelding og nedsett arbeidsevne kartleggjast betre. SV vil satse meir på forskning på korleis arbeidsmiljøet kan bli betre, og korleis arbeidsrelaterte sjukdommar kan forhindrast.

#### 4.2 Velferd, ikkje velgjerning

Gode velferdsordningar er eit offentleg ansvar. SV vil styrkje kommuneøkonomien og motarbeide privatisering. Velferdsstaten må vere bygd på universelle ordningar som til dømes gratis offentleg skule. Universelle ordningar fører til likeverdig behandling og gjev alle like sjansar. Dette er òg ein meir effektiv måte å sikre naudstilte menneske på enn behovsprøvde eller målretta tiltak.

Enkelte offentlege tenester er i dag ikkje gode nok. Betre velferdsordningar og ei meir effektiv organisering oppnår ein gjennom samarbeid mellom folkevalde, tilsette og brukarar, ikkje gjennom konkurranseutsetjing og privatisering til private selskap som har profitt som sitt viktigaste mål. Betre tenester og meir effektiv ressursbruk er det beste forsvaret mot privatisering av velferdsgoda.

#### 4.3 Rettvis skatt

SV vil ha eit skattesystem som sikrar finansieringa av velferdsstaten, utjamnar økonomiske skilnader, fører

til auka verdiskaping, full sysselsetjing og vriding av forbruk og produksjon i ei meir miljøvenleg retning. Dette er hovudprinsippet i eit sivilisert skattesystem der rettvisе er målet.

For å utjamne skilnadene må dei som har mest og tener best, yte meir til fellesskapet, og dei som har minst, betale mindre. Skattesystemet i dag favoriserer dei rikaste, særleg dei som lever godt av arbeidet til andre gjennom høge kapitalinntekter og aksjeutbyte. SV vil difor foreslå å auke kapitalskattlegginga, samtidig som skatten på låg arbeidsinntekt blir redusert. Målet er at det ikkje skal vere meir skatt på arbeid enn på kapital. SV vil foreslå skatt på aksjeutbyte. For å gje skattelette til dei med lågast inntekt vil SV foreslå auka botnfrådrag. I tillegg til SV foreslå å redusere eigendelane, både statlege og kommunale. Eigendelar i helsevesenet er skatt på sjukdom. SV vil ha lik pris på frakt av straum (nettleige) til private forbrukarar.

For å finansiere velferdsstaten vil SV foreslå tiltak som inneber omfordeling frå privat til offentleg forbruk. I tillegg vil SV vri forbruk og produksjon i ei meir berekraftig retning ved å foreslå å redusere arbeidsgivaravgifta og auke miljøavgiftene.

Svart arbeid, kvitvasking av pengar, korrupsjon og skatte- og avgiftsunderslag er tjuveri frå fellesskapet. SV vil at arbeidet mot økonomisk kriminalitet skal styrkjast.

#### 4.4 Alderspensjon

Folketrygda er grunnlaget for ein trygg og meningsfull alderdom og ein berebjelke i den norske velferdsstaten. Ho sikrar alle ein pensjon og utjamnar økonomiske skilnader. SV vil at folketrygda framleis skal drivast og styrast av det offentlege, og vil gå imot alle framlegg til privatisering. All svekking av folketrygda vil føre til auka privatisering.

SV vil foreslå ein sterkare alderspensjon. Dette inneber at alle skal sikrast ein minstepensjon. I tillegg vil all innbetalt pensjonsavgift gje auka pensjon. Dette inneber at all avkorting blir fjerna, noko som i dag først og fremst råkar kvinner som har hatt deltidsarbeid. Fordelinga må bli betre enn i dag, og SV vil auke utbetalingane til dei med inntekter som er låge og i mellom-sjiktet.

SV vil gjere framlegg om å innføre pensjonsopptening for studentar og vernepliktige.

Mange arbeidstakarar har i dag ein tenestepensjon i tillegg til folketrygda. Mange av desse ordningane er avtalefesta. SV respekterer avtalar som er gjorde i arbeidslivet, som AFP og tenestepensjon, og vil ikkje støtte politiske vedtak som svekkjer desse avtalane. I tillegg vil SV arbeide for at nivået på tilleggspensjonane i offentleg sektor blir oppretthaldne, og at tilsette i privat sektor blir gjevne like gode ordningar som offentleg tilsette.

Situasjonen i norsk økonomi tvingar oss ikkje til kutt i utbetalingane til alderspensjon. Storleiken på dei samla utbetalingane er difor eit spørsmål om politiske prioriteringar.

#### 4.5 Ingen skal leve i fattigdom

Målet til SV er at ingen skal leve i fattigdom. Fattigdom råkar særleg barn svært hardt, og fører til isolasjon og utestenging. Å hindre at fattigdom oppstår er det viktigaste. Eit samfunn med små økonomiske skilnader gjev færre fattige. God kvalitet på offentlege velferdsgode gjer at følgjene av å ha lite pengar blir mindre ekskluderande og alvorleg, fordi det sikrar at viktige behov blir dekte samtidig som det hindrar utestenging. Difor er nedbygging av eigenbetaling på ulike velferdsordningar viktig for å nedkjempe fattigdom.

Fattigdommen må nedkjempast gjennom fleire ulike tiltak. Det har dei siste åra utvikla seg eit klasseskilje mellom dei som har arbeid og dei som har lita eller inga tilknytning til yrkeslivet. Ein viktig strategi for å få folk ut av fattigdom er difor å sørgje for at fleire kjem i arbeid. I tillegg må dei som av ulike årsaker for kortare eller lengre tid ikkje kan forsørgje seg gjennom ordinær arbeidsinntekt, sikrast offentlege ytingar som er så høge at dei ikkje fører til fattigdom.

Mange menneske som er avhengige av offentlege ytingar for å klare seg økonomisk, opplever at dei blir kasteballar mellom trygdeetat, aetat og sosialkontor. Desse menneska blir ikkje møtte med tiltak som er heilskaplege, samordna og målretta.

For å sikre at hjelpeapparatet fungerer heilskapleg vil SV arbeide for at aetat, trygdeetaten og sosialetaten blir omgjorde til éin felles offentleg etat.

Ytingane må vere baserte på rettar, og tiltaka som blir tilbydde, må ha som mål at den einskilde gjennom yrkesretta tiltak eller anna hjelp blir sett i stand til å klare seg sjølv.

I dei tilfella der den einskilde, trass i hjelp, ikkje vil vere i stand til å klare seg sjølv, skal ytingar baserte på rettar vere innretta slik at dei er med på å gjere den einskilde både i stand til å forsørgje seg sjølv og ta vare på forsørgjaransvaret sitt.

Trygdesystemet er ein hjørnestein i samfunnet vårt, og sikrar fridom og tryggleik for innbyggjarane. Det har ikkje løyst fattigdomsproblemet, og heller ikkje fjerna stigmatiseringa knytt til det å ta imot trygde- eller sosialpengar. Ei garantert minsteinntekt (GMI) på minstepensjonsnivå vil vere eit betre alternativ til mange av trygdeordningane i dag. Ei slik ordning vil òg kunne vere samfunnsøkonomisk lønsam, fordi den krev langt mindre byråkrati. SV vil ha ei slik reform utgreidd i komande stortingsperiode.

Inntil ei slik ordning eventuelt er etablert vil SV gå inn for at sosialhjelpa skal ha nasjonale minstesatsar som er høgare enn dei rettleiande satsane vi har i dag, og ho skal vere nasjonalt finansiert. Samtidig må reglane gje rom for skjønnsbaserte ytingar i akutte situasjonar. Tenesta skal framleis vere forankra i kommunane, og det må framleis finnast eit tilbod i alle kommunar. Brukarane skal ha rett til ein handlingsplan, og rett til tiltak i samsvar med planen.

Nivået på minsteytingane i folketrygda er i dag så lågt at fleire og fleire som lever på trygd, må ha sosialhjelp i tillegg. Alle trygdeordningar og barnetillegg må gjennomgåast for å sikre at dei er tilstrekkelege for å leve eit verdig liv.

Barnetrygd, kontantstøtte og andre liknande ytingar skal ikkje trekkjast frå sosialhjelpsatsane.

Skilnadene og fattigdommen er særleg stor i dei større byane, og tiltak for å betre situasjonen der bør prioriterast.

Høg gjeld er ei viktig årsak til fattigdom. Det må innførast strengare regelverk for bankrutinane ved utlån av pengar, og leggjast avgrensingar på høve til aggressiv marknadsføring av forbrukslån. SV vil òg foreslå å utgreie eit høve til personleg konkurs med gjeldssletting.

## 4.6 Sosial bustadpolitikk

Dei siste tiåra har det å skaffe innbyggjarar til Noreg ein stad å bu, vore overlate til marknaden. Dette har ført til at mange ikkje har råd til ein stad å bu, og at mange har dårleg økonomi på grunn av høge bustadprisar.

SV meiner at alle skal kunne bu godt og trygt til ein rimeleg pris i høve til inntekta. Bustadprisane er i dag høgare i høve til inntektsnivået enn før bustadkrakket

i 1987, ungdom og andre som er i etableringsfasen, betalar dyrt både for å leige og kjøpe.

Det er difor trong for ei storstilt sosial bustadbygging. Ein sterk husbank med auka lånerammer og politisk styrd rente, bustadsamvirke med ein langt klarare ikkje-kommersiell profil, og langt sterkare politisk regulering av utleigemarknaden skal vere sentrale verkty i dette arbeidet.

I dag er over 5.000 menneske bustadslause. Bustadsløyse må nedkjempast. Alle skal få hjelp til å finne varig bustad. Bustøtta må utvidast til å omfatte alle med låg inntekt. Det må lagast ei lov om ikkje-kommersielle leigebustader, og det må byggjast minst 4.000 leigebustader årleg, der minst 1.000 er studentbustader, inntil målet om at ti prosent av bustadene i landet skal vere ikkje-kommersielle er nådd.

Eit sterkare husleigevern må innførast, med husleigenemnder alle stader der det finst trong for det. Bustadprisane må stabiliserast gjennom ei stabil høg bustadbygging med hjelp frå Husbanken, og ved å gjere det meir lønsamt for folk med fastrentelån som norm ved bustadkjøp.

I fleire av dei store byane lèt eigedomsspekulantar bustader stå tomme og forfalle gjennom fleire år, slik at dei seinare kan rivast. SV vil foreslå at det skal bli lovleg å bu i hus som er regulerte til bustadføremål, men som ikkje har vore brukte det siste året.

Kommunen har ansvar for gjennomføringa av bustadpolitikken, og må sikrast gunstige lån til strategiske tomtekjøp, og tilskot til å kunne ta del som ein aktiv part i områdeutvikling, byfornyng og installering av heis. Det må satsast sterkare på omdanning av eksisterande bustader til universell utforming, på miljøprosjekt og avfallshandtering i byggebransjen.

## 4.7 Universell utforming og tilgang

Alle innbyggjarar skal vere likestilte. Dårlig tilgang og manglande velferdstilbod fører til diskriminering og ufridom for funksjonshemma. Skal vi oppnå likestilling og fridom for alle, må samfunnsskapt hindringar fjernast.

Funksjonshemma skal omfattast av det heilskaplege vernet mot diskriminering gjennom ei antidiskrimineringslov. Det må opprettast eit tilsynsorgan for å sikre at lova blir følgd.

Kollektivtransport, uteareal, skular, informasjon, arbeidsplassar, tekniske løysingar og tenester må kunne brukast av alle innbyggjarar, og vere til hjelp, ikkje til hinder. Prinsippet om universell utforming må leggjast til grunn for utforminga av samfunnet, og følgjast opp av ein handlingsplan med klare tidsfristar og finansiering for å nå tilgang til alle på ulike område.

Det offentlege brukar om lag 200 milliardar kroner i året på innkjøp. Mange innkjøp inneber samfunnsskapt hindringar for funksjonshemma. Lover, føreskrifter og regelverk for alle offentlege innkjøp og kontraktar må difor stille krav om ikkje-diskriminering, full tilgang og universell utforming. I tillegg vil SV arbeide for at fleire offentlege dokument blir omsette til dei vanlegaste minoritetsspråka.

# #5

## Ei grøn framtid

Berekraftig utvikling er ein grunnfest del av SV-politikken, og rommar eit absolutt krav om solidaritet med komande generasjonar. Ein politikk for berekraftig utvikling inneber vern av livsnaudsynte miljøressursar, og ei forsvarleg forvaltning av naturressursane.

Hovudutfordringa er at dei rikaste folka på jorda tyner miljøet og ressursane så sterkt at dei andre ikkje får rom til velstandsvekst utan at tolegrensene til jorda blir sprengde. På fleire område er desse grensene alt overskridne. I tillegg råkar miljøydeleggingar dei som har minst høve til å tilpasse seg endringar, hardest.

#### Skal vi løyse miljøutfordringane, må vi:

- Oppretthalde biologisk mangfald og kulturlandskap
- Stoppe utslepp av ikkje-nedbrytbare miljøgifter, redusere utslepp av klimagassar og avgrense luftureininga i særleg utsette område
- Redusere forbruket vårt og spesielt avgrense bruk av ikkje-fornybare ressursar og unngå overforbruk av fornybare

Desse miljøutfordringane krev endringar både i produksjons- og forbruksmønster. Ein meir miljøvenleg politikk inneber mellom anna redusert forbruk av naturressursar og kraftige reduksjonar i utsleppa av klimagassar. I tillegg må vi produsere mat på ein meir miljøvenleg måte og ta vare på mangfaldet i naturen.

Krig og førebuingar til krig skapar store miljøydeleggingar, eit alvorleg problem innbyggjarane i krigsherja område blir utsette for i mange år etter at krigen er slutt. SV vil arbeide for at miljøydeleggingane den militære sektoren står for, blir tekne opp i heile si breidde både nasjonalt og internasjonalt.

Globale miljøutfordringar krev internasjonalt samarbeid. Målet er at Noreg skal vere eit føregangsland i miljøspørsmål. Det inneber at Noreg blir ein pådrivar i det internasjonale miljøarbeidet, og er viljug til å gå fremst for å finne løysingar på miljøproblem nasjonalt.

Vareprisar og rammevilkår for næringsliv og produksjon skal spegle miljøkostnadene. Å investere i miljø skal vere lønsamt. Den teknologiske kunnskapen vi har i Noreg, bør vidareutviklast offensivt og etter ein

plan. SV ønskjer å utvikle ein strategi der ein gjennom eit samspel mellom det offentlege og næringslivet satsar på forskning og utvikling og gjennomføring av miljøtiltak, noko som kan vere med på å skape eit teknologisk forsprang. Eit slikt forsprang kan brukast til å utvikle høgare miljøstandardar og å setje standarden når reglar for best teknologi skal fastsetjast.

Det skal løne seg å vere miljøvenleg. SV vil difor innføre eit grøntare skattesystem. Dette inneber lågare skatt på arbeid, og auka skatt på energiforbruk av ikkje-fornybare ressursar, transport og avfall. Det er samtidig viktig å ta vare på det fordelingspolitiske perspektivet i skattesystemet. Fordeling og miljø må gå hand i hand for å sikre brei folkeleg støtte for miljøpolitikken. Det må takast omsyn til følgjene for lokal syssel- og busetnad. Eit grønt skattesystem må kombinerast med kvotesystemet i Kyotoavtalen. SV ønskjer ikkje eit system med kjøp og sal av CO<sub>2</sub>-kvotar, som frittek Noreg for faktiske utsleppsreduksjonar. Det viktigaste for SV er ikkje kva verkemiddel som blir brukte for å redusere ureininga, men at det faktisk skjer ein reduksjon.

## 5.1 Ein framtidretta energipolitikk

Visjonen til SV for energipolitikken er å gjere Noreg til ei miljøvenleg energistormakt.

Noreg har mykje kunnskap og stor kompetanse i energisektoren. SV vil bruke denne kompetansen for å utvikle teknologi og finne løysingar som reduserer utsleppa av klimagassar. Dette kan mellom anna skje gjennom satsing på forskning og utvikling av hydrogen som energibærer, på CO<sub>2</sub>-fangning og -deponering, og på sol-, vind-, bølge-, tidevass- og bioenergi. Målet er å bli verdslende i utviklinga av miljøvenleg energi. Gjennom satsing på energieffektivisering og nye fornybare energikjelder kan Noreg bli ein nettoeksportør av straum, og slik vere med på å erstatte atomkraft og kolkraft i nabolanda våre.

SV vil arbeide for eit sterkt offentleg eigarskap i energisektoren. Produksjon og distribusjon av energi skal i størst mogleg grad styrast politisk og vere offentleg eigd. SV vil oppretthalde og sikre det rådande heimfallsinstituttet for vasskraftressursar og gå imot eventuelle EU-krav som kan svekkje nasjonal råderett over desse ressursane.

Ein meir miljøvenleg energipolitikk inneber redusert forbruk og auka satsing på fornybare energikjelder. Hovudmålet er å stoppe veksten og deretter redusere forbruket av energi i Noreg. SV vil føreslå eit topprissystem for straum, slik at dei som har eit høgt forbruk skal betale meir. I tillegg må det gjevast auka tilskot og betre finansieringsordningar til ENØK og andre tiltak som gjer folk mindre avhengige av straum til oppvarming.

Straum bør først og fremst brukast til lys, elektriske apparat og i industrien. Å bruke andre former for energi til oppvarming fører til redusert bruk av straum og mindre trong for å byggje nye kraftverk. Det same gjer auka satsing på vassborne varmesystem og nye fornybare energikjelder som bioenergi, vindkraft, solenergi, varmepumper og jordvarme.

Tida for dei store vassdragsutbyggingane er forbi. Den norske vassdragsnaturen er unik i verdsmålestokk og bør vernast. SV vil difor føreslå at Vefsna og andre større vassdrag blir verna. Eldre vasskraftverk bør rustast opp for å gje større effekt.

SV er òg positiv til mikro-, mini- og småkraftverk, der dei ikkje kjem i konflikt med viktige natur- og friluftsinteresser.

Auka bruk av fossile energikjelder som kol, olje og gass er den viktigaste årsaka til menneskeskapte klimaendringar. Forbruket må difor reduserast kraftig. Noreg må oppfylle forpliktingane i Kyotoavtalen, og minst halvparten av klimagassreduksjonane må skje nasjonalt.

Noreg må vere ein pådrivar i det internasjonale klimaarbeidet, og arbeide for at dei rike landa skal forplikte seg til kraftige reduksjonar i klimautsleppa i avtalen som skal følgje etter Kyoto-avtalen. Målet er å redusere utsleppa så mykje at dei ikkje skapar farlege klimaendringar. Noreg må ha som mål å halvere klimaureininga før 2020. Det må snarast setjast i gang eit arbeid for å utarbeide konkrete, sektorspesifikke handlingsplanar for å synleggjere kvar reduksjonane skal gjennomførast.

Løysinga på dei miljøproblema vi står overfor på energiområdet, er ei tung satsing på energisparing og på miljøvenleg, fornybar energi. Gasskraftverk med CO<sub>2</sub>-deponering kan vedtakast som eit supplement til dette dersom desse går inn i ein langsiktig og heilskapleg strategi for ein miljøvenleg energipolitikk som tek sikte på både å redusere det totale energiforbruket og å gjere Noreg til ein nettoeksportør av miljøvenleg energi.

Det må ikkje byggjast ureinande gasskraftverk i Noreg. Konesjonane som alt er gjevne til dei tre kraftverka utan CO<sub>2</sub>-handtering må omgjera. SV vil difor føreslå å endre utsleppsløyva slik at minst 90 prosent av CO<sub>2</sub>-utsleppa frå desse kraftverka blir skilde ut og deponerte, og om naudsynt gje tilbod om offentleg støtte til dette.

SV vil gjere framlegg om ein plan for CO<sub>2</sub>-deponering der målet er at utbygging av gasskraftverk med CO<sub>2</sub>-handtering fører til at dei samla utsleppa av klimagassar i Noreg blir reduserte. Utbygging bør difor skje på stader der det i dag er store utslepp av klimagassar som kan deponerast. I tillegg kan slike gasskraftverk vere med på å elektrifisere olje- og gassinallasjonar på sokkelen, som i dag slepper ut store mengder CO<sub>2</sub>.

Noreg bør gjere seg mindre avhengig av olje og gass. SV vil gå imot petroleumsaktivitet i Barentshavet og rundt Svalbard, og føreslå at Lofoten skal vere eit

petroleumsfritt område. Dette er område som har ekstremt sårbare økosystem, og som på grunn av klimatrugsmålet blir utsette for store endringer. I tillegg har desse områda dei mest produktive fiskeria i verda, og unike stamme av sjøfugl i global målestokk. Desse områda bør difor skånast mot oljeverksemd. I staden for at oljeleitinga skal gå føre seg i stadig meir sårbare område, meiner SV at det må satsast på utviklinga av teknologi som gjer oss i stand til å utnytte dei eksisterande oljefelta betre. Staten bør stimulere ei slik utvikling.

SV vil gjere framlegg om å ruste opp oljeverstryggingstiltaka slik at ulukker kan førebyggjast, og helse- og miljøfølgjene av ei eventuell ulukke kan reduserast.

Norsk energipolitikk må òg medverke til å redusere bruken av atomenergi og å rydde opp i avfallet. Noreg må difor vere aktiv for å få stengt atomkraftverka i nærområda våre, og vere ein pådrivar i arbeidet med å rydde opp i atomavfall, mellom annan ved ei styrd avvikling av reaktoranelegga på Kjeller og i Halden. I denne samanhengen må det gjevast statleg økonomisk støtte til forskning og omstilling av drifta til ny kunnskapsbasert industriell verksemd.

## 5.2 Ein grønare og meir offensiv samferdslepolitikk

For å redusere utsleppa av klimagassar, og for å minske den lokale luftreininga må vi redusere transporten av menneske og gods, og utføre transporten på ein meir miljøvenleg måte. Visjonane våre må vere at ingen skal påførast helseskadar på grunn av lokal luftreining, og at vi stoppar skadar på miljøet som skuldast klimændringar på grunn av menneskeleg aktivitet.

Kollektivtransporten skal vere rygggrada i transport-systemet i dei store byane. SV vil føreslå tiltak for ei berekraftig og sosial ferdsløse i og rundt urbane strom,

både på vegar, sykkelstiar, fortau, skinner og kjø. Kollektivtransporten i dei store byane må gjevast klare føremoner i trafikken, slik at han får ein konkurranseføremøn med omsyn til tid. Når nye bydelar eller bustadstrom blir planlagde, må det leggjast til rette for kollektive transporttilbod. Ein meir miljøvenleg samferdslepolitikk i byar og tettbygde strom inneber at kollektivtransporten og transportårene i større grad skal vere eit statleg økonomisk ansvar.

SV vil styrkje tilskota til kollektivtransport slik at han kan tilbydast til konkurransedyktige billettprisar, og vil ha forsøk med gratis kollektivtrafikk i byane. For å få til utbygginga av kollektivnettet/systemet er SV no viljug til å prioritere kollektivnettet på kostnad av vidare vegutbygging i byområde. SV vil arbeide for at insentivordninga for kollektivtransporten i dei større byane blir styrkte. SV vil i tillegg føreslå at støtta til kollektivtrafikken blir auka, slik at ho utgjer halvparten av driftskostnadene.

Ein større del av persontransporten bør skje med hjelp frå kollektive transportmiddel. SV vil difor auke støtta til kollektivtransport, både når det gjeld investeringar i materiell og i køyrevegar. I tillegg bør det satsast på bruk av sykkel til og frå arbeid i tettbygde strom. For å leggje om til bruk av kollektive transportmiddel vil SV òg ta i bruk vegprising, mellom anna ved at inntektene går til kollektivtiltak. SV vil òg leggje til rette for ei betre og meir fleksibel samordning av drosje, buss, tog og båt.

Samferdslesektoren og –politikken er dominert av menn. Likestilling i transportsektoren er eit mål for SV. Kvinner og menn har ulike reisemønster. Menn vel oftare bil og reiser lenger, medan kvinner oftare vel kollektivt og har meir kompliserte reisemønster. Omsynet til kvinner og menn må vege like tungt når samferdslepolitikken for framtida blir planlagd.

Ein samferdslepolitikk som fokuserer på kollektive løysingar og avgrensar trongen for transport i lokalsam-

funnet, vil òg kome ungdom til gode. SV vil arbeide for at alle ungdommar frå 16 til 20 år får tilbod om eit ungdomskort. Dette kortet skal gje dei rett til å reise billeg med kollektiv transport.

SV vil bruke meir pengar på trafikktryggleik. Visjonen er at ingen skal bli drepen eller varig skadd i trafikkulukker. Dette inneber auka satsing på gang- og sykkelvegar, fleire midtdelarar, auka trafikkontrollar og at fleire vegar blir sikra mot ras.

Jarnbane er ei miljøvenleg og moderne form for transport. I dag er standarden på jarnbanenettet altfor dårleg. Mesteparten av det norske jarnbanenettet har enkeltspor, og mange stader må moderne tog køyre på dårlege jarnbaneliner. SV går imot privatisering og oppsplitting av jarnbanedrifta. SV vil arbeide for at alle kollektivtransport skal vere driven av det offentlege.

Målet til SV er å gjere det attraktivt og lønsamt å velje jarnbana. Skal vi klare det, treng vi ei storsatsing. Det vil seie at toget må gjerast konkurransedyktig i høve til privatbil og buss både på korte og lange reiseavstandar. Like viktig er det å leggje til rette for overføring av reisande og gods frå fly og tog. For å få til dette må toget gjerast konkurransedyktig i høve til fly mellom dei store folkekonsentrasjonane i Sør-Noreg. Det er difor naudsynt at reisetida med tog blir redusert kraftig i høve til i dag, og utbygging og utbetring jarnbanenettet må utformast og dimensjonerast for bruk av snøggtoget på dei strekningane der det ligg til rette for ei slik trafikkoverføring. Dette må kombinert og supplerast med ei forsert utbygging av lokal- og regionaltrafikk i byområda.

For kvar krone som blir investert i bygging av stamvegar skal det investerast to kroner til modernisering av jarnbana.

I distrikta må kollektivtransporten òg prioriterast. Mange stader finst det likevel ikkje noko alternativ til

privatbilen, og framkomsten og tryggleiken må betrast på mange vegar. SV ønskjer å prioritere vegløyvingar i distrikta.

I dag blir det frakta altfor mykje gods på veg her i landet. Dette er lite miljøvenleg og skapar farlege situasjonar i trafikken. Målet må vere at ein større del av gods-transporten skjer med skip og jarnbane, noko som krev opprusting både av jarnbanenett og hamner, og at det blir lagt til rette for løysingar som gjer skifte mellom transportformer enklare.

Samferdslepolitikken må utviklast på ein slik måte at ein tek omsyn til det biologiske mangfaldet.

Vi må redusere transporten mellom anna gjennom å satse på nærproduert mat.

## 5.3 Ein miljøvenleg kvardag

Forbrukarane blir dagleg utsette for stoff som kan vere skadelege både for miljøet og menneskehelsa. Ei kontinuerleg utvikling av nye produkt fører til at menneske og natur blir utsette for ein påverknad som kan vere skadeleg. I tråd med føre var-prinsippet vil SV arbeide for at ingen nye kjemikal blir tillatne før det er dokumentert at dei ikkje kan skade natur eller menneske.

Eit resultat av vitlaus bruk av kjemikalar i tidlegare tider er deponi og fyllingar som inneheld store mengder miljøgifter, mellom anna hormonhermande stoff som PCB. Målet er å sikre at alt miljøgiftavfall blir handtert på ein forsvarleg måte, og at ein ryddar opp i gamle giftdeponi. For å hindre at forbrukarar uforvarande blir utsette for miljøgifter eller helseskadelege stoff, må varer som inneheld slike stoff, merkast.

SV meiner det må bli enklare å bli ein politisk medviten forbrukar. Som forbrukarar har vi rett til å vite kva vi

kjøper, men òg korleis ei vare er produsert. Betre merking og forbrukarinformasjon vil setje fleire i stand til å handle i tråd med haldningane sine. SV vil arbeide for å redusere kjøpepresset, spesielt det som er retta mot barn og ungdom. SV ønskjer difor å avgrense omfanget av reklame.

Det offentlege må bruke innkjøpsmakta si til å fremje miljøvenleg produksjon og forbruk. Ein systematisk miljøvenleg innkjøpspolitikk frå det offentlege, kan gjere miljøvenlege produkt og tenester meir lønsame, og fremje utvikling av ny og meir miljøvenleg teknologi.

Den auka avfallsproduksjonen kan ikkje løysast med rydding, reinsing og attvinning åleine. SV vil styrkje innsatsen for tiltak som avgrensar produksjonen av avfall og fører til ombruk. I tillegg må det leggjast til rette for material- og energiattvinning, og sikker sluttbehandling av avfallet.

SV vil framleis ha grunnavgiftsordninga som vi i dag har på eingongsemballasje for drikkevarer.

Noreg har enno eit rikt og mangfaldig kulturlandskap, men attgroing pregar mange stader. For å verne om det kulturelle og biologiske mangfaldet i kulturlandskapet må dette pleiast og haldast i hevd. Det viktigaste tiltaket for å få til dette er eit levande distriktslandbruk med aktivt dyrehald. I tillegg meiner SV at støtteordninga til vørdsle og pleie av kulturlandskap må aukast, og at det må stillast strengare krav til oppfølging av planar for vørdsle i verneområde.

Noreg har viktige naturområde som vi pliktar å ta vare på og verne om. Likevel må vern òg vere føremålstenleg for dei menneska som bur og har livsgrunnlaget sitt i nærleiken av verneområda. Det må leggjast opp til eit nært samspel mellom vern og bruk av verneområda og randsonene omkring.

## 5.4 Friluftsliv og biologisk mangfald

Rikdommen av plantar, dyr og andre organismar, leveområde og landskap i naturen må sikrast for framtida. For å oppretthalde og ta vare på det biologiske mangfaldet i verda er det viktig at ein kjempar mot klimaendringane. I og med at Noreg ligg i randsona i utbreiingsområdet sitt, kjem små klimaendringar til å føre til endringar i det biologiske mangfaldet. Berekraft og vern av artsmangfaldet må leggjast til grunn for all utnytting av genetiske og biologiske ressursar. SV går imot framlegg om å utvide patentrettar til å gjelde patent på liv. Den beste garantien for vern om naturen, er at mange har glede av naturen gjennom eit aktivt friluftsliv. Berekraftig bruk kan i mange tilfelle vere eit like viktig mål som vern.

Det må leggjast til rette for at alle kan ta norsk natur i bruk, og å sikre gode vilkår for eit mangfaldig og enkelt friluftsliv, mellom anna gjennom sikring av allemannsretten. Noreg byr på rike naturopplevingar. Gjennom å oppleve natur og bli glad i naturen aukar òg forståinga for kor viktig det er å verne naturen. SV vil leggje til rette for at alle skal ha høve til å oppleve friluftslivet, og at skulen brukar naturen som ein naturleg del av opplæringa. Ikkje minst vil SV arbeide for ei forvaltning av strandsona som hindrar nedbygging og sikrar allemannsretten og fri ferdsle. Grøntområde i og rundt byar må takast vare på og utviklast slik at dei i størst mogleg grad kan nyttast av innbyggjarane.

Naturen byr på uendelege rekreasjonsmåtar. Av omsyn til naturen og friluftslivet bør motorisert ferdsle i utmark avgrensast. SV vil arbeide for å avgrense motorferdsle i utmark.

SV meiner at Noreg må sikre at naturen og det biologiske mangfaldet blir verna både i Noreg og internasjonalt. SV vil arbeide for at Noreg skal vere eit føregangsland når det gjeld å ta vare på det biologiske mangfaldet sitt, og vil arbeide for at Noreg er i front

når det gjeld oppfølging av internasjonale avtalar som vedkjem biologisk mangfald. Noreg har eit spesielt ansvar for vern av visse naturtypar.

For å verne om artsmangfaldet i Noreg vil SV arbeide for å sikre levedyktige stammar av alle artar som naturleg høyrer heime her i landet, mellom anna ved å sikre dei utryddingstruga artane. Skal dei truga plante- og dyreartane i Noreg vernast om, må leveområda sikrast. Barskog og våtmarksområde er leveområde med spesielt rikt artsmangfald. Målsetjinga til SV er at tre prosent av skogen i Noreg skal vernast i neste stortingsperiode. Det er særleg viktig å verne den delen av skogen der artsmangfaldet er størst, og at dette skjer i nært samarbeid med kommunar og grunneigarar. SV vil òg arbeide mot at Forsvaret legg under seg nye naturområde, og vil avvike Regionfelt Austlandet. SV vil arbeide mot vidare nedbygging av natur som i dag er utan tekniske inngrep for å sikre dei siste restane av villmark i Noreg. SV vil arbeide for at lokalsamfunn som blir råka av vern, skal trekkjast aktivt inn i forvaltninga av verneområda.

Introduserte artar blir rekna som eit av dei største trugsmåla mot havmiljøet, og Noreg er i samsvar med internasjonale avtalar forplikta til å forvalte uønskte introduserte artar. Kongekrabba er ikkje først og fremst ein ressurs, men ein potensielt svært skadeleg art i økosystemet vårt. SV vil forvalte kongekrabba som ein uønskt introdusert art, og fritt fiske vil vere eit tiltak for å halde stamma så langt ende som råd.

Noreg har eit internasjonalt ansvar for å sikre gode leveområde for villrein og villaks. Dette krev spesiell varsemd når det gjeld å setje i verk tiltak som kan råke leveområda til desse artane. Villaksstammene i mange vassdrag er truga. Desse stammene må sikrast, mellom anna ved å leggje restriksjonar på kor og korleis fiskeoppdrett skal gå føre seg. Målet til SV er å sikre levedyktige stammar av dei fire store rovdyrartane i norsk natur. Vern av desse artane må kunne

kombinerast med miljøvenleg kjøt- og mjølkeproduksjon baser på utmarksbeite.

Noreg har òg eit særskilt ansvar for å redusere presset på område i Arktis og Antarktisk i form av overfiske, naturinngrep, ureinande aktivitetar som oljeutvinning, og opphoping av miljøgifter.

Fattige folkegrupper er mest avhengige av naturressursar, og blir først og hardast råka ved tap av biologisk mangfald. Norsk handels- og utviklingspolitikk må difor hjelpe til med å ta vare på det biologiske mangfaldet i fattige land.

Kvart år blir regnskog tilsvarande halvparten av arealet til Noreg hogt eller øydelagt. Regnskogen er av dei eldste og mest artsrike økosystema på jorda, og vern av han er eit internasjonalt ansvar. SV vil òg arbeide for at det å ta vare på biologisk mangfald, særleg i utsette regnskogområde, må gjerast til ei prioritert oppgåve i norsk utanriks- og bistandspolitikk. I tillegg må all import av tropisk trevirke som ikkje er miljøsertifisert, bli forbode.

## 5.5 Ein ny vernepolitikk

Det biologiske mangfaldet, leveområde og landskap må sikrast for framtida. Dette krev at ein vernar naturområde både i Noreg og internasjonalt. Den beste garantien for at biologisk mangfald og landskap blir tekne vare på er at vernet i større grad blir utforma i samarbeid med dei som blir råka.

Ved å sikre lokal medverknad kan konfliktnivået i vernesaker reduserast. Lokalsamfunn må òg sikrast påverknad etter at vernevedtak er gjorde. SV er difor positiv til at kommunar og regionar kan ta over forvaltingsansvaret for verneområde, og til å prøve ut kontraktsvern.

SV vil arbeide for at verneområde gjev grunnlag for busetnad og lokal næringsutvikling. Nasjonalparkar kan bli ei merkevare, men dette krev auka bruk av ressursar på marknadsføring, og at nasjonalparksenter blir styrkte. Vernet må ikkje vere strengare enn naudsynt, og ikkje vere til hinder for næringsutvikling som ikkje kjem i konflikt med verneføremålet. SV vil vere med på å utvikle naturbruksstrategiar som respekterer både vernekvalitetar og trongen lokalsamfunnet har for næringsutvikling.

Bymarker utgjer ein svært liten del av arealet i Noreg, men er utgangspunkt for meir enn halvparten av folket sin tilgang til naturen. Bymerkene er mange stader truga av planar om utbygging, intensiv hogst, vegbygging og motorisert ferdsle. For å ta vare på friluftseressene som er knytte opp mot desse sårbare områda, vil SV føreslå ein eigen natur- og friluftsbasert lovheimel som kan verne slike område.

## 5.6 Kulturvern

Kulturvern er viktig for å styrkje den kulturelle identiteten til ulike grupper, og for å ta vare på kultur- og naturminne for etterkomarane våre. SV vil følgje opp Riksantikvarens vedlikehaldsplan for å ta vare på kulturminne, men ønskjer ei dreining i kulturvernpolitikken slik at denne i større grad fangar opp og tek vare på eit breitt samfunnhistorisk bilete. Eit godt kulturvern er avhengig av kunnskap og engasjement i folket. SV vil difor satse på gode informasjons- og formidlingstiltak, særleg tiltak retta mot barn og unge. SV vil òg styrkje Norsk kulturminnefond.

# #6

## Velferd og livskvalitet

Velferdsstaten er ein føresetnad for å skape eit meir rettvist samfunn. Gode fellesskapsløysingar gjev einskildmennesket fridom og tryggleik. Velferdsstaten må i framtida vere tilpassa kvar einskild, uavhengig av bustad og storleik på lommeboka.

Den norske velferdsstaten står overfor mange utfordringar og er under press for privatisering. Auka inntektsskilnader i samfunnet gjev dei med mest pengar høve til å kjøpe velferdstenester og utdanning som er betre enn det det offentlege kan tilby. Kutta som høgresida har gjort i dei offentlege inntektene gjennom skattelette, svekkjer inntektsgrunnlaget til velferdsstaten. SV vil gå motsett veg og gjennomføre ei vesentleg omfordeling frå privat til offentleg forbruk.

SV vil styrkje kommunen slik at han skal halde fram med å vere den beste leverandøren av velferdstenester. Trygge arbeidsplassar er ein viktig føresetnad for eit godt fungerande velferdssamfunn.

SV vil vere garantist for å skape ein velferdsstat for framtida. Dette vil seie at vi vil arbeide for å sikre eit godt finansielt og føreseieleg grunnlag for universelle velferdsgode, og gå imot privatisering og konkurranseutsetjing.

Kommunale vedtak og tilbod spelar ei avgjerande rolle for kvardagen til innbyggjarane. Demokratiske avgjerder er ein føresetnad for at innbyggjarane kan påverke og plassere ansvar.

Det endelege ansvaret for sikring av velferd må kvile hos stat og kommune. Men SV meiner at det sivile samfunnet – «tredje sektor», friviljuge organisasjonar, ideelle stiftingar, fleire former for eigenorganisering og ulike typar samvirke – òg har ein sentral plass. Det viktige skiljet går ikkje mellom «offentlege» og «private» løysingar, men mellom verksemd som er retta inn på å tene fellesskapet, og verksemd som sikrar profitt til eit mindretal. SV vil difor både sikre berekrafta i institusjonar og organisering i det sivile samfunnet, og leggje til rette for samarbeid mellom ulike fellesskapsløysingar, for samarbeid og arbeidsdeling mellom stat, kommune og tredje sektor.

## 6.1 Kvalitet kostar

Kvaliteten på og omfanget av kommunale velferdstenester er avhengige av ein god kommuneøkonomi. Ein god kommuneøkonomi er difor avgjerande for å sikre eit samfunn med små skilnader, ein god skule, lett tilgang og god kvalitet i velferd og omsorg for den som treng det. Skattelette som fører til nedskjering, vil gje auka skilnader og offentleg underskot. SV vil prioritere ein betre skule og eit betre tenestetilbod for gamle, funksjonshemma og sjuke framfor meir skattelette til dei rikaste.

Manglande samsvar mellom oppgåver som kommunane skal løyse og pengane som blir stilte til rådvelde, er det største trugsmålet mot kommunal handlefriheit og lokaldemokrati.

Følgja er at privat forbruk vil auke langt meir enn offentleg forbruk, og standardgapet mellom privat velstand og kommunale tilbod kjem til å auke. Målet til SV er at veksten i offentleg forbruk skal vere større enn veksten i privat forbruk. Målet til SV er at kommunane må få meir langsiktige og føreseielege økonomiske rammer, og kompensasjon for tapte skatteinntekter i løpet av året. Det er òg viktig at det er betre samsvar mellom oppgåver som skal løysast i kommunen og statlege overføringar. Kommunane må få reell kompensasjon for oppgåver som staten overfører til kommunane, og handlefriheit til å løyse ikkje-lovpålagde oppgåver som lokalsamfunnsutvikling og næringsarbeid.

### 6.1.1 Auka kvalitet

Velferdsstaten skal i framtida gje alle god kvalitet og skikkeleg behandling. Alle som har trong for hjelp, skal behandlast med respekt. Unaudsynt byråkrati og maktmisbruk frå det offentlege må nedkjempast. Vørnaden til den einskilde må sikrast, og rettstryggleiken styrkjast.

Velferdsstaten skal i framtida vere ein god arbeidsgjevar. Offentlege tilsette skal ha gode arbeidstilhøve og kunne påverke arbeidsplassen. Det same prinsippet skal gjelde for tilsette i verksemdar i offentleg eige. SV vil føreslå retningslinjer for ein god offentleg arbeidsgjevarpolitikk.

Velferdsstaten skal i framtida utviklast gjennom å spele på lag med dei tilsette og organisasjonane deira. God kvalitet på velferdstenestene føreset tilsette med høg og relevant kompetanse nær brukaren.

I dag blir viktige velferdsoppgåver utførte av friviljuge organisasjonar. Ein viktig føresetnad for dette samarbeidet er at organisasjonane respekterer ulike trus- og livssyn hos dei som har trong for hjelp.

Gode offentlege tenester er avgjerande for at kvinner skal ha dei same sjansane til yrkesaktivitet som menn. Eit godt offentleg helsetilbod, og særleg eldreomsorg, er viktig for at ikkje kvinner skal tyngjast med ein større del av det ulante omsorgsarbeidet.

Stat og kommune har arbeidsgjevaransvar for eit stort tal kvinner i typiske lågtlønsyrke. SV vil difor arbeide for at staten, kommunane og selskap i offentleg eige har ein sterk kvinneprofil på løns- og arbeidsgjevarpolitikken.

### 6.1.2 Reell likestilling for funksjonshemma

Velferdsstaten skal i framtida gje alle likeverdige sjansar og friheit. Prinsippet om universell utforming skal leggjast til grunn òg for velferdsordningane, tilboda tilpassast individuelt og garanterast slik at den einskilde blir gjeven friheit til sjølv å ta avgjerder om livet sitt. Eigendelar på velferdsordningar skal ikkje føre til ekstrakostnader for funksjonshemma.

SV vil auke høvet til å kombinere arbeid og trygd, og gje tilskot til arbeidsgjevarar som legg til rette for å tilsette funksjonshemma. Yrkesretta attføring må til-

passast det den einskilde har trong for og kan yte. Funksjons- og personleg brukarstyrtd assistentordning må styrkjast, og transportordninga for funksjonshemma må få nasjonale retningslinjer og finansiering.

Ordningane Husbanken har for tilgjengelege bustader må styrkjast.

### 6.1.3 Universelle helsetenester

SV ønskjer å skape eit godt helsetilbod, uavhengig av bustaden, alderen eller økonomien til den einskilde. I tillegg må innbyggjarane få større påverknad over avgjerder i helsevesenet.

SV vil satse meir på det førebyggjande helse- og sosialarbeidet. Gode butilhøve med fråvær av støy og ureining, og nærmiljø med sosiale samlingsplassar og allsidige høve til leik, idrett og friluftsliv er avgjerande faktorar i det førebyggjande helsearbeidet.

Det må leggjast vekt på eit heilskapleg kommunalt tenestetilbod, mellom anna gjennom utbygging av poliklinisk behandling, hjelp i heimen og bu- og rehabiliteringsplassar for pasientar som er ferdigbehandla på sjukehus. Dette vil òg avlaste sjukehusa og føre til meir effektiv bruk av knappe ressursar.

Barn og unge under 18 år skal ha ein lovheimla rett til naudsynt behandling innanfor somatikk, psykiatri eller rusomsorg innan tre veker.

SV meiner ungdomshelsestasjonar skal vere ei lovpålagd oppgåve. I tillegg vil SV styrkje ungdomsservicekontora og gje alle elevane betre helsetenester.

### 6.1.4 Sjukehus

SV vil at regionalt folkevalt nivå skal ha det overordna ansvaret for spesialhelsetenesta, og at dette skal kome til uttrykk gjennom eigarskap, organisering og finansiering, og gjennom helsepolitiske prioriteringar.

Stortinget må vedta nasjonale helseplanar som skal vere førande for strukturen i det nasjonale helsetilbodet.

SV vil føreslå ei reform som sikrar folkevald styring av helsevesenet gjennom regionale organ. Eit regionalisert helsevesen skal sikre likeverdige helsetilbod til folket i heile landet. SV vil avskaffe føretaksmodellen, og gå imot opprettinga av eit sjukehusdirektorat.

SV vil arbeide for at sjukehusa må gjevast ressursar til å løyse inn oppgåvene sine, og ønskjer sterkare folkevald kontroll og innsyn i sjukehusa, mellom anna for å sikre ein forsvarleg bruk av pengar.

#### 6.1.5 Psykisk helsevern

Psykiske lidningar har auka i omfang, og Stortinget har ved fleire høve vedteke å prioritere psykisk helsevern. Trass i vedtaka er kapasiteten i behandlingstilbodet framleis for dårleg. SV vil difor arbeide for auka midlar til psykisk helsevern og til utdanning og spesialisering av nøkkelpersonell innanfor psykiatrien, slik at vi kan få eit betre barne- og ungdomspsykiatrisk tilbod. Førebyggjande tiltak innanfor psykososialt arbeid skal styrkjast mellom anna med å tilføre grunnskulen menneskelege ressursar med sosialfagleg kompetanse. I tillegg skal tilbodet byggjast ut, mellom anna med fleire lokale akutt plassar, slik at ingen som treng akutt hjelp, blir avvist.

Det psykiske helsevernet har trong for styrking av alle ledd i behandlingsskjeda. Dette må omfatte både kommunale tenester, distriktpsikiatriske tenester og sjukehusbaserte spesialhelsetenester. Sjukehusbaserte tenester må ikkje byggjast ned før ein er heilt sikre på at tilbodet er erstatta på eit anna nivå.

Menneske med psykiske lidningar er mellom dei med dårlegast levevilkår i Noreg. I tillegg til at kapasiteten i behandlingstilbodet er får dårleg, fører fordommar og manglande kunnskap til at mange ikkje søker hjelp

eller blir fanga opp at hjelpeapparatet. Mange opplever at ein må bli alvorleg sjuk før det er råd å få hjelp.

SV vil sikre eit lyft for velferden for psykisk sjuke. Folk med langvarige problem må gjevast tilbod om tilrettelegd bustad og arbeidsplass. Det må satsast mykje meir på brukarstyrde aktivitets- og rehabiliterings-tiltak, og det må satsast meir på systematisk brukar-medverknad på alle nivå.

#### 6.1.6 Tannhelsereform

SV vil at sjukdommar i munnhola og tannreparasjonar skal sidestillast med helseteneste elles, og finansierast på same måte. I første omgang skal ungdom opp til 21 års alder ha gratis tannhelseteneste, inkludert utgifter til tannregulering. I tillegg skal omfattande tannlegebehandling i større grad refunderast, slik at ikkje tannlegeutgifter skal føre til store økonomiske problem for den einskilde. Deretter skal ein del av utgiftene dekkjast inntil målet om full likestilling med andre helsetenester er nådd.

#### 6.1.7 Den trygge alderdommen

Å bli gammal er ein naturleg del av livet. Retten til å få vere aktiv og deltakande så lenge som mogleg, er viktig. Folk i Noreg lever stadig lenger. Difor må det leggjast til rette for at eldre som er friske og arbeidsføre kan ta del i arbeidslivet så lenge som mogleg, og ta del i samfunnet på andre måtar. Samtidig må alle ha tryggleik for at det finst eit godt tilbod om omsorg og pleie den dagen ein har trong for det. Pleie- og omsorgstilbodet til eldre skal vere eit offentleg ansvar i framtida òg.

Mange eldre og sjuke opplever store manglar i dei kommunale pleie- og omsorgstenestene, både når det gjeld omfang og kvalitet. Dette skaper utryggleik, angst og unaudsynt lidning både for den einskilde og for dei pårørande. Auka levealder og auken i talet på eldre med til dels omfattande pleie- og omsorgsbehov, vil stille store krav til auka omfang og betre kvalitet i desse tenestene i åra som kjem. Gjennom mange ulike

tiltak vil SV sørge for at alle som treng det, skal få eit individuelt tilpassa behandlings-, pleie- og omsorgstilbod med opplevd kvalitet og tryggleik. Omsorgssektoren må ta omsyn til at Noreg er blitt eit fleirkulturelt samfunn.

Eldre som gruppe, skal ha dei same sosiale rettane som resten av folket. Det er viktig at den svakaste gruppa eldre har tenester som gjev ein likeverdig livskvalitet som resten av folket. SV vil arbeide for ei rettvis fordeling av midlar til eldre.

SV vil styrkje talet på tilsette i dei kommunale pleie- og omsorgstenestene, slik at dei tilsette får tid til å gje god pleie, omsorg og tryggleik. For å sikre nok rekruttering av godt kvalifiserte tilsette må løns- og arbeidstilhøva for desse yrkesgruppene òg forbetrast. Det må òg gjevast høve til fagleg kvalifisering, oppdatering og etterutdanning.

I takt med aukande levealder og stadig kortare liggjetid på sjukehusa, har mange eldre og sjuke trong for omfattande behandling og pleie i kommunane. SV vil difor arbeide for at fleire plassar i kommunale institusjonar har pleie og omsorg heile døgnet. Mange som bur i kommunale institusjonar, får mangelfull medisinsk behandling, tilsyn og oppfølging. SV vil difor innføre ei minstenorm for legedekking ved norske sjukeheimar.

#### 6.1.8 Førebyggjande og helsefremjande arbeid

SV vil satse langt meir systematisk på førebyggjande helse- og sosialarbeid. Dette vil spare mange einskildindivid og familiar for store problem, og føre til vesentlege innsparingar for samfunnet. Alle er samde om at det er rett å førebyggje problem, likevel er det det førebyggjande arbeidet som først blir redusert i tronge økonomiske tider. Førebygging må ta utgangspunkt i langsiktige strategiar, og hovudinnsatsen må rettast inn mot dei lokale nettverka.

Mange av sjukdommane og helseproblema som rår folk i Noreg, skuldast livsstilsfaktorar som røyking, kosthald og manglande fysisk aktivitet, eller faktorar i miljøet som miljøgifter og luftureining. Sosiale tilhøve og klassetilhørsle har òg mykje å seie for levealder og utvikling av livsstilssjukdommar. SV vil auke forskinga på slike samanhengar, og følgje opp med tiltak og rådgjeving.

Betringa i helse og auken i levealderen det siste hundreåret skuldast i stor grad førebyggjande arbeid mot infeksjonssjukdommar. Aukande globalisering fører til auka smittespreiing over landegrensene. Med utvikling av motstandsdyktige bakteriar og nye virus står vi overfor store utfordringar. SV vil difor satse på auka smittevernarbeid. Førebyggjande arbeid mot livsstilssjukdommar, miljøgifter og infeksjonssjukdommar vil redusere trongen for seinare og meir ressurskrevjande behandling i helsevesenet.

Godt førebyggjande arbeid må òg innebere god oppfølging i kommunane. Fastlegeordninga har vore positiv for pasientane. Det er likevel rapportert mindre satsing på det førebyggjande arbeidet i mange kommunar. Dette vil SV gjere noko med. Gode butilhøve med fråvær av støy og ureining, og nærmiljø med sosiale samlingsplassar og allsidige høve til leik, idrett og friluftsliv, er avgjerande faktorar i det førebyggjande helsearbeidet. Dette vil SV satse på.

Barn og unge må ha hovudfokus i det førebyggjande arbeidet, og det må gjevast støtte til tiltak som blir organiserte innanfor oppvekst- og læringsmiljøet til barn og unge. Tiltak som byggjer på aktiv deltaking er spesielt viktige. Ein god kommuneøkonomi og ei tydeleg ansvars plassering for å drive det førebyggjande arbeidet systematisk, er ein føresetnad for å lukkast. Førebygging er samfunnsbygging.

Rehabilitering av tungt rusavhengige er eit svært vanskeleg, langsiktig og kostnadskrevjande arbeid.

Rehabilitering er heilt naudsynt, men det vil vere lønsamt for samfunnet å bruke langt større midlar enn i dag på effektive former for førebygging. Innsatsen må rettast inn mot barn og ungdom som er i faresona for å bli rusavhengige, og denne innsatsen må i stor grad gjerast overfor einskildpersonar. Det må òg drivast eit generelt rusførebyggjande arbeid overfor barn og ungdom, og satsast meier enn i dag på rusfrie aktivitets-tilbod for ungdom.

Menneske med omfattande rusproblem har ofte store fysiske og psykiske problem i kombinasjon med bustadproblem og økonomiske problem. Desse må gjevast eit betre tilbod enn i dag, og det må satsast på lågterskeltilbod.

SV vil arbeide for at det psykiatriske behandlingstilbodet òg må tilretteleggjast for menneske med rusmiddelproblem. For SV er det eit mål at alle som er avhengige av rusmiddel, skal ha rett til rask behandling i ei samanhengande rekkje. I tillegg til sjølve behandlinga må dette òg innebere eit heilskapleg ettervernstilbod som er tilrettelagt utifrå ein individuell plan, i eit tett og forpliktande samarbeid mellom den hjelpetrengande, det lokale hjelpeapparatet og spesialisttenestene.

Mange døyr eller får livet øydelagt medan dei ventar på behandlingsplass eller andre hjelpetilbod. Ventelistene må bort, og ein må satse på varierte og lett tilgjengelege tilbod til denne gruppa.

## 6.2 Kriminalpolitikk

Rettskyggleiken er berejelken i ein rettsstat. SV vil difor arbeide for eit godt utbygt system med fri retts hjelp.

### 6.2.1 Førebygging

Effektiv førebygging føreset kunnskap om omgjevnadene. Desentralisering og nærpoliti med kjennskap til nærmiljøet er viktig.

Den vedtekne politireforma har vore med på å svekkje polititenesta rundt om i landet. Ei rekkje lensmannskontor er lagde ned, noko som har minska tryggleiken i ei rekkje lokalsamfunn. SV vil styrkje det lokale politiarbeidet, betre polititenesta i heile landet og stoppe nedlegginga av lensmannskontor.

SV vil arbeide for at alle kommunar skal tilsetje ein koordinator for å sikre Samarbeid om lokale kriminalitetsførebyggjande tiltak (SLT). Vi vil endre lova slik at kommunane får plikt til å ta omsyn til kriminalitetsførebygging i kommuneplanen. Vi vil føreslå at alle yrkesgrupper som arbeider med barn, må få obligatorisk kunnskap om vald, overgrep og omsorgssvikt. SV vil stå for ein alkoholpolitikk som framleis er restriktiv og for eit uvæpna politi. Ingen barn skal fengslast. I staden vil vi byggje opp tverrfaglege alternativ for barn som i dag fell mellom alle stolar og til slutt hamnar i fengsel.

### 6.2.2 Likskap for lova

SV vil kjempe for likskap for lova. Det er ikkje akseptabelt at dei som har mykje makt og pengar eller som er viljuge til å bruke trugsmål, slepper unna. SV vil arbeide for auka internasjonalt samarbeid mot organisert kriminalitet og for å forenkle høvet til å avsløre kriminalitet. Vi vil avskaffe skatteparadisa og arbeide for auka innsyn i finansverda og mot endringar og trendar som gjer det enklare å skule kriminelle handlingar.

Politiet må ha tilgang til dei naudsynte metodane for å etterforske og oppklare alvorleg kriminalitet, men metodane som blir tillatne, må likevel balanserast mot omsynet til personvernet og faren for misbruk. SV ønskjer ikkje å tillate romavlytting, fordi dette kan vere særleg krenkjande for uskuldige. SV vil ha ei fri retts- hjelpeform, slik at langt fleire kan får økonomisk hjelp.

SV vil motarbeide at maktutøving i aukande grad blir overlata til kommersielle, private aktørar. Tryggleik i

samfunnet er eit offentleg ansvar. Mangel på ressursar må ikkje føre til at private vektarselskap tek over dette ansvaret, slik at tryggleik i større grad blir eit spørsmål om pengar.

### 6.2.3 Raske og tilpassa reaksjonar

SV vil avskaffe soningskøane og styrkje domstolane. DNA-registret må utvidast og sikrast finansiering. Rettsmedisinsk institutt må styrkjast og ansvaret avklarast. SV vil i større grad ta i bruk alternativa til lukka soning, særleg for førstegongskriminelle, unge lovbrytarar, rusmiddelavhengige og psykisk sjuke. SV vil at alle innsette som her rusmiddelavhengige, skal få tilbod om behandling, anten som eit alternativ til fengsel eller som eit tilbod medan ein sonar. Eit godt utdanningstilbod i fengsla er viktig for rehabilitering av innsette. SV vil difor sikre dei tilsette rett til utdanning.

Samfunnsstraff, ungdomskontraktar, promilleprogram og konfliktråd må nyttast i større grad. SV vil styrkje oppfølginga av domfelte gjennom å satse på friomsorga og gjennom å invitere til eit partnerskap lokalt mellom kommunar, næringsliv og statlege instansar.

SV vil ha auka fokus og strenge reaksjonar på vald i heimen, trugsmål, seksuelle overgrep, vald der barn er vitne, og valdtekt. SV vil byggje ut behandlingstilbodet til valdsutøvarar og utuktsforbrytarar.

### 6.2.4 Betre tiltak for offer og pårørande

SV vil lovfeste krise- og incestsentra og at staten tek hovudtyngda av dei økonomiske utgiftene. SV vil føreslå at det blir oppretta valdtektsmottak i alle fylke, og gode oppfølgings- og rådgjevingstiltak for offer for kriminalitet. SV vil betre erstatningsordningane og gje fornærma fulle partsrettar.

SV vil arbeide for at offer for kriminalitet som blir tilkjende erstatning, får utbetalt erstatninga på forskots av staten, slik at offera ikkje blir dobbelt skadelidande av tilhøve hos den kriminelle.

SV vil gje offer for trafficking mellombels opphaldsløyve i Noreg, og vi vil gje UDI plikt til å informere kvinner som kjem hit på familiesamanføring, om mannen er dømd for vald eller overgrep, eller om han har fått besøksforbod. Ved ekteskapsbrot før tre år er gått vil SV at det skal bli langt lettare for kvinner som har vore utsette for mishandling, å få opphaldsløyve på sjølvstendig grunnlag. SV vil òg ha utgreidd høvet til å di den norske borgaren forsørgjarplikt i inntil tre år.

#7

## Kultur

I kunsten og det breiare kulturlivet blir estetiske og etiske verdier dyrka gjennom oppleving, deltaking, innleving og utfolding. Både for einskildmennesket og for samfunnet har kulturelle aktivitetar eigenverdi. Samtidig vil kulturlivet alltid bli påverka og påverke åtferd og strukturar i heile samfunnet. SV vil gje kunsten ein langt viktigare plass i det offentlege rommet, mellom anna gjennom mediepolitikken, skulepolitikken og ved utforminga av det felles, fysiske miljøet vårt.

Kultur kan fremje omsorg for demokrati, solidaritet og menneskerettar, men kan like gjerne fremje egoisme, fanatisme, nasjonalisme eller vald. SV vil føre ein liberal kulturpolitikk. Støtta vår til fleirkulturelle, solidaritetsfremjande og demokratiserande kulturtiltak skal aldri innebere at vi stengjer for kunst og kultur som i verdi eller ideologi står oss fjernt. Berre ved å dyrke ytringsfridom og mangfald kan kulturlivet vere med på å skape ein fri og demokratisk kommunikasjon og grunnleggjande mål og verdiar for framtida. SV er oppteken av at kommersialisering på kulturfeltet ikkje skal snevre inn dette mangfaldet.

Heile folket må sikrast tilgang til kulturtilboda, mellom anna ved fysisk tilrettelegging og rimelege prisar. Deltaking i kulturaktivitetar kan vere med på å skape samkjensle og fellesskap på tvers av generasjonar og miljø. Kulturpolitikken må difor famne breitt både geografisk, sosialt og i alder, og gjennom samspel mellom profesjonelle kunstnarar og amatørar. Geografisk sikrar ein tilgangen ved ei vidare satsing på institusjonar som Riksteatret og Rikskonsertane.

Kunst og kultur gjer samfunnet rikare på opplevingar og gjev menneska betre høve til å utvikle sine eigne skapande evner. Alle må sikrast tilgang til kulturtilbod gjennom fysisk tilrettelegging, rimelege prisar og fleksible opningstider. SV vil auke kulturbudsjettet til éin prosent av statsbudsjettet.

## 7.1 Det store kulturlyftet

SV har store kulturpolitiske ambisjonar. Vi vil gjennomføre eit skikkeleg lyft for norsk kunst og kultur. Vi veit at eit slikt lyft kostar pengar. Difor går vi inn for å auke kulturbudsjettet som del av statsbudsjettet, til éin prosent innan 2014. Samtidig vil vi gå innføre ei eiga, generell kulturlov som skal sikre folket tilgang til viktige kulturtilbod.

Utan kunstnarar blir det ingen kunst. SV vil gjere det mogleg for fleire kunstnarar å leve av det kunstnarlege arbeidet sitt, både gjennom ei generell styrking av kulturbudsjettet og gjennom målretta tiltak som offentlege innkjøp og utsmykkingar, stipend og andre støtte ordningar.

SV ser retten til kulturell deltaking som ein grunnleggjande rett. Eit kulturlyft for alle krev difor gode arenaer for kultur over heile landet. SV vil vidareutvikle lokale og regionale kulturbygg og møtestader. Samtidig vil vi skape større rom for kultur der folk er til dagleg, som på skulen, på sjukehus eller i fengsel. SV vil innføre ordninga med ein kulturbåt att, som ein kulturformidlande arena for heile kysten. SV vil gjennom styrking av kommuneøkonomien auke kultursatsinga i kommunane. Vi vil òg styrkje verksemdene til dei friviljuge kulturorganisasjonane, både økonomisk og gjennom delegering av makt.

SV er særleg oppteken av retten barn og unge har til å oppleve og utøve kultur. Vi vil vidareutvikle og styrkje kulturskuletilbodet, slik at det finst plassar alle som ønskjer det innanfor rimelege økonomiske rammer. SV vil styrkje dei estetiske faga i skulen, og ønskjer estetikk som ein av dei grunnleggjande kunnskapane i skuleverket. Vi vil utvide kulturformidlinga i den kulturelle skulesekken til å gjelde alle barn og unge frå barnehage til vidaregåande skule. Vi ønskjer òg ei ordning med kulturkort for barn og unge som gjev rimeleg tilgang til kulturopplevingar.

Kulturpolitikken må ta opp i seg at Noreg er eit fleirkulturelt samfunn. SV vil skape betre møteplassar mellom majoritets- og minoritetskulturar, og auke støtta til aktørar på det fleirkulturelle feltet. Vi ønskjer å betre rekrutteringa av kunstnarar med minoritetsbakgrunn til mellom anna dei nasjonale kulturinstitusjonane, og er positive til kvoteringsordningar for å nå dette målet. SV vil styrkje samisk kultur ved å betre høva Sametinget har til å drive ein aktiv kultur-

politikk, og ved å støtte tiltak og institusjonar som formidlar samisk kultur.

Internasjonalt kultursamarbeid fører til impulsutveksling mellom ulike kunstnarlege miljø heime og i utlandet. I tillegg er internasjonalt kultursamarbeid med på å markere Noreg på ein positiv måte i utlandet. SV vil difor styrkje det internasjonale kultursamarbeidet og halde fram med å utvikle kultursamarbeidet òg med land i sør.

SV vil styrkje norsk språk og litteratur mellom anna gjennom å oppretthalde fastprissystemet på bøker og ved å innføre ei ny innkjøpsordning for sakprosa. Likestilling mellom målformene nynorsk og bokmål er eit viktig prinsipp. SV vil ikkje vidareføre sidemålsforsøket i Oslo, men heller styrkje nynorskopplæringa både som hovud- og sidemål. Læremiddel, både bøker og dataprogram, skal finnast på begge målformer. Eit særleg viktig tiltak for vidare styrking av nynorsk er eit allment leksikon på nynorsk på internett. SV vil òg, i tråd med mållova, prøve å styrkje stillinga til nynorsk i det offentlege. Framandspråklege i nynorsk kommunar må få norskopplæring på nynorsk. SV vil arbeide for at det samiske skriftspråket blir sikra ei levedyktig utvikling. Andre minoritetsspråk i Noreg må òg få høgare status i det offentlege rommet.

Kunnskapssamfunnet skapar større krav til oppdatert informasjon. SV vil at folkebiblioteka skal bli moderne møtestader der alle kan få gratis tilgang til bøker, aviser, informasjonsteknologi og nye medium. SV meiner det framleis skal finnast bibliotek i alle norske kommunar. SV vil òg styrkje musea slik at dei kan fungere som arenaer for kulturopplevingar, kunnskapsformidling og nyorientering. Levande, lokale museum, samlingar og bygdetun er heilt naudsynt for full realisering av den kulturelle skolesekken.

SV vil styrkje musikklivet, mellom anna gjennom å utvide innkjøpsordninga for norske fonogram og ved å

etablere regionale rock- og folkemusikksentra. Den norske filmsuksessen må hjelpast vidare gjennom mellom anna auka produksjonsstøtte og omlegging av billettstøtta. Vi vil ta vare på og styrkje det kommunale kinotilbodet over heile landet. På scenekunstheltet ønskjer SV spesielt å gje frie grupper auka støtte og meir føreseielege rammer. SV vil leggje til rette for meir mangfald i norsk biletkunst og kunsthandverk, og ønskjer ein sterkare innsats for kunst, arkitektur og formgjeving i det offentlege rommet.

Det store kulturlyftet er ei langsiktig kulturpolitisk satsing. Dei konkrete forslaga til SV i styrande organ vil i første omgang gå ut på å realisere 15-punktsprogrammet som blei lagt fram saman med Senterpartiet og Arbeidarpartiet i februar 2004.

## 7.2 Idrett og friluftsliv

Idrett og friluftsliv gjev positive opplevingar og livsutfalding. Idretten gjev helsevinst og er med på å utvikle fellesskapshaldningar og respekt for andre. Idretten gjev òg rom for å setje seg nye mål, nå nye gradar av fysisk utfalding og meistring, med auka livsutfalding og personleg tilfredsstilling som resultat for den ein-skilde deltakaren.

SV meiner det er eit offentleg ansvar å leggje til rette for at sjansane for å drive idrett og friluftsliv blir så gode som råd.

Det friviljuge arbeidet innanfor idrett og friluftsliv representerer ein stor dugnadsverdi og skapar møteplassar i nærmiljøet som fremjar godt naboskap. SV meiner difor at arbeidet til idrettslaga og friluftslivorganisasjonane har ein stor samfunnsverdi som det er viktig å styrkje og utvikle vidare.

Det er naudsynt å peike på samanhengen mellom breiddeidrett og rekruttering til toppidrett, og at det

stadig blir set nye, høgare mål for begge kategoriar. SV vil leggje til rette for at både breidde- og mosjonsidrett, konkurranse- og eliteidrett får utvikle seg på eigne vilkår og på ulike premisser og ambisjonsnivå hos utøvarane. SV vil oppretthalde landslinene og arbeide for å skape fleire tilgjengelege idrettsanlegg på landsbasis.

SV vil setje fokus på leiarutvikling og gode sosiale miljø i klubbane, sørge for auka breidde i rekrutteringsarbeidet og difor auke dei offentlege, økonomiske rammene for klubbane slik at dei betre kan setjast i stand til å ta vare på mangfaldet og breidda mellom barn og unge. Samtidig må ein leggje til rette for dei få talenta som ønskjer å drive det langt innanfor idretten sin. For å styre idretten i ønskt retning trengst det difor brei offentleg satsing på all idrett i Noreg.

SV vil peike på dei spesielle høva eliteidretten har til internasjonalt brubyggingsarbeid, kanskje særleg innanfor ungdomseliteidrett og utvekslingsprogram for idrettsungdom i utdanning. SV går inn for at slikt arbeid blir sett i eit nord/sør- og solidaritetsperspektiv, som i delar av målsetjingane til NORAD og i arbeidet til mange norske NGOar.

SV går inn for å byggje offentlege, tidsrette idrettsanlegg i heile landet, og sørge for at dei er tilgjengelege for brukarane gjennom ordinær idrettslagsverksemd. Ein må møte utfordringane frå private treningsinstitutt og privat eller kommersiell idrettskonsulentverksemd med offentlege, ikkje-kommersielle tilbod som er tilgjengelege når brukarane treng dei og har høve. Dette er særleg viktig for vaksne og eldre idrettsaktive og mosjonistar.

SV vil rette eit kritisk søkjelys mot dei uønskete sidene ved idretten, og arbeide for meir antidopingarbeid. SV støttar antidopingarbeidet på toppidrettsnivå, men meiner samtidig at offentlege midlar må setjast inn òg innanfor delar av ungdomsidretten, breidde- og mosjonsidretten, for å kome dopingproblemet til livs.

SV vil auke innsatsen for å ta omsyn til dei ulike behova funksjonshemma har i idretten. Det må leggjast til rette òg for desse brukarane når anlegg blir bygde eller renoverte. Stat, fylke og kommune må endå klarare enn i dag støtte lag og foreiningar som arbeider aktivt overfor denne brukargruppa.

Tilgang for funksjonshemma skal vere høgt prioritert når det gjeld friluftsliv i skog og mark, ved sjøen og i parkar og grønne lunger i byen.

SV skal forsvare allemannsretten. SV skal arbeide for at arealplanane i byar og tettstader sikrar god tilgang til naturopplevingar og friluftsliv i nærområda. SV skal arbeide for å redusere motorisert ferdsle til eit minimum, og sjå at regelverk ikkje blir uthola gjennom hyppig misbruk av dispensasjonar i einskildkommunar.

### 7.3 Mediepolitikk

Målet i mediepolitikken er å styrkje kvalitet og mangfald, sikre kritikk og avsløring av slagsider i samfunnet, og å fremje medieetisk medvit og ansvar.

NRK må vidareutviklast som allmennkringkastar med dei pliktene det inneber i høve til kultur, språk (teiknspråk òg), minoritetar, funksjonsevne, ytringsfridom og demokrati.

Pressestøtte skal brukast til å ta vare på breidde og mangfald både politisk og språkleg. I eit samfunn der dei kapitalsterke får meir makt, må interessene til dei med minst makt støttast. Pressestøtte må òg kunne brukast til å styrkje alternativ på internett, som dermed kan føre til utjamning når det gjeld høvet til å nå ut med informasjon.

SV vil at nettet skal vere ein digital allmenning, og vil avgrense makta dei store selskapa har over netttenestene.

# #8

## Barn og unge

Ingen samfunnsoppgåver er viktigare enn å gje barn ein trygg og god oppvekst. I fellesskapet har vi ansvar for å sikre alle barn tryggleik og gode høve til leik og læring. SV vil auke den felles innsatsen vår for barn og unge. Barn og unge er framtida. Alle barn som er fødde i Noreg, har rett til norsk statsborgarskap. Alle barn har rett til ein nasjonalitet.

## 8.1 Rettane til barn må styrkjast

Barnekonvensjonen skal vere utgangspunkt og pådrivar for å styrkje rettane til barn og unge gjennom alt lovverk. SV vil styrkje kommuneøkonomien og dermed høvet til å satse på gode oppvekstvilkår for barn og unge. Det er ikkje berre stram økonomi som gjer at det ikkje blir satsa nok på barn og unge, men òg at andre pressgrupper i samfunnet har lettare for å nå fram. SV vil styrkje retten barn og unge har til hjelp frå barnevernet, rett til morsmål, plass i barnehage og til kulturtilbod. SV vil gje barn og unge auka høve til medverknad i samfunnet.

### 8.1.1 Førebygging løner seg

Førebyggjande verksemd på oppvektsområdet er forsømd og undervurdert. Dette gjeld både dei positive tiltaka som tilrettelegging av fritidstilbod, og tiltaka som skal hindre omsorgssvikt eller overgrep. SV vil lovfeste førebyggjande barne- og ungdomsarbeid. Barnehage, skule, helsestasjon, utekontakt og fritidsklubbar for ungdom har her ein sjølsagd plass, og kan spele ei viktig rolle i arbeidet for at barn og unge skal få realisert sine sjansar. Ungdomsalderen er for mange ei særleg utsett tid og det er difor viktig å byggje ut gode fritidstilbod. Dette kan til dømes vere kommunale ungdomsklubbar der ungdom med uorganisert fritid kan bli stimulert til eigenutvikling og gå inn i eit sosialt miljø utan kommersielt og anna press.

Systematisk innsats for å førebyggje problem krev god samordning av arbeidet i dei ulike instansane som arbeider med barn og familiar. SV vil difor arbeide for at helsestasjonane blir utvikla til kompetansesenter med tverrfaglege tilbod. Barnefamiliar skal få det tilbodet dei treng ein stad i kommunen.

### 8.1.2 Rett til barnehage

SV vil lovfeste retten til barnehageplass og innføre ei gratis kjernetid i barnehage. Ordninga med makspris må vidareførast, og prisen seinkast endå meir. SV vil på sikt gjere barnehage til eit gratis tilbod.

Lågare pris og full dekking skal ikkje gå på kostnad av kvaliteten i barnehagetilbodet. Barnehagane skal gje barn gode oppvekstvilkår og gode utviklings- og aktivitetshøve. SV vil arbeide for at fleire barnehagetilsette har pedagogisk utdanning. SV vil arbeide for at tilsette i private barnehagar skal ha tariff- og pensjonsavtalar på lik line med tilsette i kommunale barnehagar.

Kravet om auka likestilling mellom kjønna er knytt til høvet for økonomisk sjølvstende, og rett til utdanning og ikkje minst arbeid. Føresetnaden for at desse rettane skal kunne praktiserast, er at det blir etablert tilfredsstillande ordningar for barnetilsyn i løpet av arbeidsdagen. Barnehageplass for alle er difor framleis eit av dei viktigaste krava i likestillingskampen.

Eit meir fleksibelt barnehagetilbod er òg viktig for at fleire skal kunne ta del i arbeidslivet. SV vil leggje til rette for at fleire barnehagar kan tilby utvida opningstid.

Framleis er det mangel på barnehagar i mange kommunar. Det er eit absolutt mål at det tidleg i stortingsperioden skal vere full dekking, slik at alle foreldre som ønskjer det, skal få barnehageplass til barna sine. Alle barn skal ha lovheimla rett til barnehageplass.

SV vil avvikle ordninga med kontantstøtte i stortingsperioden. Kontantstøtta har vore med på å sementere tradisjonelle kjønnsrollemønster. Lønsgapet mellom kjønna fører til at det i all hovudsak er kvinner som får kontantstøtte. I praksis har ordninga ført til at fleire kvinner er heimeverande eller arbeider deltid. Når det heller ikkje er full dekking av trongen for småbarnsplassar i barnehage, er det ikkje tale om nokon reell valfridom i høve til om småbarnsforeldre vil ha barna heime eller i barnehage. I tillegg fører kontantstøtta til at somme barn som kunne ha særlege føremonar ved å gå i barnehage, haldast heime.

### 8.1.3 Barnevernet – førebygging og tryggingnett

Barnevernet må tilførast større ressursar enn i dag, og gjerast meir tilgjengeleg og kompetent til å sikre barn og unge ein god oppvekst. I Noreg skal ikkje ressursmangel føre til at barn kan oppleve alvorleg omsorgssvikt eller overgrep utan at nokon raskt grip inn. Det må leggjast til rette for eit godt samarbeid mellom barnevernet og andre etatar og tenester.

Barnevernet skal leggje større vekt på førebyggjande arbeid, og samtidig vere eit tryggingnett for barn som treng omsorg ut over det familien kan stille opp med. Tilsynsfunksjonen av offentlege og private barnevernsinstitusjonar må styrkjast.

## 8.2 Vern om fellesskulen

Ein god skule er avgjerande for ein god oppvekst og for eit solidarisk, demokratisk og produktivt samfunn. SV vil arbeide for ein spennande fellesskule, ein skule som tek inn over seg at barn og unge er ulike, og som er med på å utjamne sosiale skilnader i samfunnet. SV ønskjer ikkje konkurranse om elevar mellom skulane fordi dette ikkje hevar kvaliteten, men fører til auka skilnader.

Noreg skal ha ein sterk offentleg skule som det naturlege førstevallet for alle. SV vil kjempe mot ei utvikling der dei mest ressurssterke vel private løysingar for barna sine. Dette inneber at foreldra må kunne kjenne seg trygge på at den offentlege skulen gjev det beste tilbodet for barna deira. Det er viktig for elevane å gå på skule i nærmiljøet sitt saman med elevar med ulik sosial bakgrunn. Ein god offentleg skule er eit gode i seg sjølv, og fører til gode og trygge lokalsamfunn.

SV vil ha færre privatskular, og vil gå gjennom lovverket og statsstøtta på nytt med sikte på å nå dette målet. SV går imot at kommersielle aktørar skal drive privatskular, og privatskular som ikkje følgjer norsk lov,

skal ikkje godkjennast. SV vil redusere statsstøtta til private skular.

SV vil utvide skuledagen og sikre god kvalitet og eit godt læringsmiljø. Ein slik utvida skuledag må brukast til eit større mangfald av opplæringsopplegg for dei ulike faga i skulen.

SV vil etablere estetikk som basiskompetanse i skuleverket. Vi vil styrkje den kulturelle skulesekken og initiere eit tettare samarbeid mellom skulen og musikk- og kulturskulen. På denne måten vil alle barn få større del i kulturelle aktivitetar, og skuledagen blir prega av større mangfald både når det gjeld læringsformer og læringsmål.

SV vil leggje vekt på trongen barn har til å vere barn på eigne premissar og utifrå eigne interesser. SV vil sikre leik som metode for læring, og at fri leik og fysisk aktivitet blir ein viktig del av ein forlengd skuledag. Dagens skulefritidsordning fungerer ikkje godt nok. Eigenbetalinga i SFO må ned og kvaliteten opp. SV vil stille krav om utdanning for tilsette i SFO.

SV vil at skulen skal bli ein moderne læringsarena der informasjons- og kommunikasjonsteknologi (IKT) blir nytta som lærings- og kommunikasjonsverky, og der elevane lærer å takle det informasjonssamfunnet dei er ein del av. God infrastruktur, bruk av digitalt innhald og lærarar som kan pedagogisk bruk av IKT, er viktige faktorar for å få til dette.

### 8.2.1 Ein skule der alle blir sedde

Ein god skule vil seie at opplæringa blir tilpassa evner og behov hos den einskilde. SV ønskjer å skape ein skule der den einskilde eleven blir sedd, og får høve til å utvikle seg utifrå individuelle føresetnader. Ein slik skule må ha tilstrekkeleg kompetanse, så ein kan skape ein inkluderande fellesskule der barn med lærevanskar og funksjonshemmingar høyrer med. I tillegg må skulen ha ressursar, fridom og handlingsrom til å

skape eit best mogleg lokalt tilpassa undervisningsopplegg.

Ein god offentleg skule for alle er den fundamentale institusjonen som sikrar eit rettvisst folkestyre. SV ønskjer elevar som er kunnskapsrike, tenkjer kritisk og reflekterande. SV ønskjer ein skule som gjev eit grunnlag for deltaking i samfunnsdebatten og for å ta medansvar for utviklinga av framtida.

Skulen har ansvaret for å gje alle elevar kunnskap og læring, både individuelt og som sosial gruppe. SV vil styrkje retten elevane har til tilrettelagd opplæring, slik at talet på elevar som går ut av skulen utan basis-kunnskapar i lesing, skrivning og rekning blir redusert til eit minimum. Fokus må flyttast frå testing av kunnskapar til ei meir mangfaldig og individuelt tilrettelagd opplæring og kunnskapsbygging. Elevar skal ha personleg rettleiing og yrkes- og utdanningsrådgjeving både i ungdomsskulen, på vidaregåande skule og i læretida. Mykje av læringa skjer gjennom praktisk og sosial tilnærming til lærestoffet. Skulen må difor spegle dette i organiseringa av opplæringa. SV vil ha fleire lærarar og andre yrkesgrupper inn i skulen.

Likestillingsarbeid i skulen i dag har mykje å seie for likestilling mellom menn og kvinner i framtida. Skulen må difor gjere elevane meir medvitne i høve til kjønnsroller og korleis kjønnsrollemønster påverkar liva deira. Likestillingsarbeidet i skulen er òg viktig for å få kvinner og menn til å velje mindre tradisjonelle utdannings- og yrkesval.

Skulen har blitt fleirkulturell. Det er avgjerande at elevane lærer norsk. Forsking viser at å lære sitt eige morsmål er eit middel til òg å lære norsk. Det er òg verdfullt for eleven å lære morsmålet sitt. I tillegg er det viktig for Noreg å ha mange språkmektige borgarar.

Morsmålsundervisning i skulen skal vere ein rett. Vidare bør det tilretteleggjast for å auke rekrutteringa av

ungdom med minoritetsbakgrunn til høgare utdanning.

Skulen til SV byggjer på samarbeid. SV vil gje den ein-skilde skulen større fridom i val av organisering og pedagogiske verkemiddel innanfor ramma av nasjonale læringsmål. Alle elevane skal ha eit fast tal på obligatoriske fag, men kor mykje opplæring kvar ein-skild elev får i kvart fag, må kunne varierast etter føresetnadene til eleven.

SV er imot dei standardiserte, nasjonale prøvane der alle elevane blir prøvde for så å bli rangert opp mot kvarandre. Desse prøvane skifter fokus for undervisninga og er med på skape oppfatninga om A- og B-skular. SV ønskjer at eit utval av elevane blir testa for å kunne måle der den norske skulen står fagleg i høve til andre land, men at desse resultatane ikkje blir offentleggjorde. På den måten kan prøvane fungere som hjelpemiddel i opplæringa, og ikkje berre som eit rangeringsverktøy.

SV vil føreslå å fjerne den kristne føremålsparagrafen i skulen og erstatte KRL-faget i skulen med eit livsnøytralt og inkluderande fag.

Mobbing i skulen er eit stort problem for dei barna som blir råka. Det må satsast sterkare på konkrete tiltak for å fjerne mobbing. SV vil opprette ei tilskotsordning for slike tiltak. I tillegg bør denne ordninga omfatte kjønnsrelatert mobbing og seksuell trakassering – noko som er eit omfattande og utbreidd problem i skulen.

SV ønskjer at alle skular skal leggje til rette for skulemåltid. Eit slikt tilbod må vere gratis.

Skulen har eit spesielt ansvar for alle barn og unge som for kortare eller lengre periodar får alternative skultilbod i eller utanfor institusjonar. Dette krev god samordning og samhandling mellom ulike etatar og profesjonar. SV vil vere med på å sikre desse barna rettane etter opplæringslova.

Ein god skule krev gode lærarar og kvalifisert leiing. Alle lærarar skal ha ein plan for eiga etter- og vidareutdanning. Det er den ein-skilde læraren og den ein-skilde skulen som har mest kunnskap om skulekvardagen. SV vil vekk frå sterk statleg styring av tids- og ressursbruk på skulen. Pedagogisk bruk av IKT, nye læringsmetodar og digitale læringsressursar må få ein meir sentral plass i lærarutdanninga og i etter- og vidareutdanninga til lærarane.

SV vil ha færre elevar per lærar. Det er spesielt viktig å stimulere fleire menn til å bli lærarar. Det er òg ønskeleg å få andre yrkesgrupper inn i skulen. Skulane må difor ha verkemiddel til å rekruttere talentfulle og velutdanna lærarar og skuleleiarar, og til å halde på dei tilsette. Lærarar må gjevast høve til å ha periodar i yrke utanfor skulen.

### 8.2.2 Ungdomsskulen må styrkjast

I stortingsperioden vil SV prioritere å ruste opp ungdomsskulen. SV vil ha ei omfattande reform for ungdomssteget der målet er større variasjon i læringsformer og læringsarenaer, meir praktisk læring og større valfridom i nært samspel mellom skulen og samfunnet rundt.

SV vil fjerne eksamen og karakterar i ungdomsskulen og innføre alternative vurderingsformer, til dømes mappevurdering, der alle elevar får kontinuerleg tilbakemelding på eigen arbeidsinnsats og prestasjonar utifrå føresetnadene. Dette vil på ein meir effektiv måte fremje læring og motivasjon. Karaktersystemet vi har i dag, oppmuntrar til pugging framfor læring, og skapar konkurransepress framfor samarbeid. I arbeidet med utvikling av ulike evalueringsformer må elevane takast med på råd.

Skulen må kunne gje elevane tryggleik og støtte òg ut over det reint faglege. Rådgjevingstenesta og helsestenesta på ungdomssteget må styrkjast. Skulen må leggje til rette for reell medverknad frå elevane.

SV vil gje eit ekstra tilskot til utviklingsorienterte skular som legg opp til alternative læringsformer og læremiddel i grunnskulen.

For å få fortgang i opprustinga av norske skulebygningar vil SV styrkje tilskotsordninga der staten dekkjer renter på lån til nybygg og rehabilitering for kommunen.

### 8.2.3 Vidaregåande opplæring

Elevane som tek vidaregåande opplæring, må få betre høve til å velje og ei betre tilpassa og meir fleksibel opplæring. For å skape eit betre læringsmiljø må elevane òg på allmennfagleg line få høve til å velje ein del praktisk opplæring. Særleg på skular med både yrkesfagleg og allmennfaglege liner er det gode høve for praktisk opplæring òg for allmennfagelevar. Slike ordninga vil òg kunne inspirere allmennfagelevar til å tenkje meir utradisjonelt om yrkesval. SV vil ha bustad som det viktigaste kriteriet for inntak til vidaregåande opplæring, og arbeide for gode vidaregåande opplæringstilbod i distrikta, med eit mangfald av lineval, for å motverke at ungdom må flytte for å ta vidaregåande opplæring.

I tilknytning til vidaregåande opplæring må det utviklast kunnskap om og lyst til å skape arbeidsplassar. Slike tilbod må òg utviklast ved tekniske fag- og høgskular. Det er òg viktig at alle elevar lærer om sine rettar og plikter i arbeidslivet. SV vil føreslå at fagrørsla blir invitert til alle vidaregåande skular for å informere om faglege rettar og føremonen ved fagorganisering.

Eksamensordninga vi har i dag, er lite relevant i høve til arbeidsmetodar elevane kjem til å møte i arbeidslivet. SV vil difor arbeide for større bruk av nye eksamensformer. I tillegg skal skulen gje bestått/ikkje bestått-vurdering av elevane, som saman med opptaksprøvar skal gje grunnlag for opptak til høgare utdanning. Målet til SV er å fjerne karakterane i vidaregåande opplæring.

Utdanning er stadig viktigare for å kunne konkurrere på arbeidsmarknaden og orientere seg i samfunnet. SV vil difor at den lovfesta retten til vidaregåande opplæring skal gjelde alle. Aldersavgrensinga vi har i dag, må difor fjernast. I tillegg vil SV styrkje rådgjevingstenesta i skulen. Elevane skal ha rett til å kome inn på førstevealet sitt.

Folkehøgskulane representerer eit verdfullt pedagogisk tilbod i tillegg til vidaregåande opplæring. Dette tilbodet må sikrast gode rammer.

Store utgifter til innkjøp av skulemateriell til vidaregåande opplæring bryt med gratisprinsippet for norsk skule. Alt materiell til vidaregåande opplæring skal vere gratis. SV vil erstatte lån med fullstipendiering av borte- buande elevar i den vidaregåande skulen.

SV vil styrkje vaksenopplæringa i norsk og sørgje for at folkeopplysingstradisjonen både som pedagogisk og demokratiserande verkemiddel får gode rammevilkår. Vaksenopplæring er ein viktig arena for vaksne innvandrara. I vaksenopplæringa blir språkopplæring, kulturutveksling og dermed ei betre integrering sikra.

Arbeide til studieforbunda er ein viktig del av kunnskapsoppbygginga, og SV vil gje desse gode og sikre økonomiske rammer.

SV vil arbeide for å styrkje utviklinga av ungdomsbedrifter i vidaregåande opplæring.

#### 8.2.4 Styrk den fysiske aktiviteten

Barn og ungdom brukar store delar av barndommen i barnehage, skule og SFO. SV meiner difor at det her er spesielt viktig å leggje til rette for fysisk aktivitet.

SV vil at barn og unge skal ha omgjevnader som er tilrettelagde for idrett, leik og friluftsliv uavhengig av kvar ein høyrer heime sosialt, kulturell bakgrunn og geografisk busetnad. SV meiner difor at barnehagar,

fritidsklubbar og skular må leggje vesentleg vekt på uteaktivitet, idrett og friluftsliv.

### 8.3 Fagopplæring

Raske endringar i samfunnet stiller krav til kompetanse og omstillingsevne. Fagutdanninga må difor gjere den einkilde godt budd i høve til stadig større endringar i nærings- og arbeidsliv. SV vil arbeide for tiltak og stimuleringsordningar som sikrar eit stabilt lærlingetiltak over tid, og som tryggleik mot konjunktursvingingar. Det er uakseptabelt at dei som ønskjer fag- og sveinebrev, ikkje skal få lære plass. Dette er viktig, ikkje minst for å tilfredsstille kompetansebehovet i næringslivet. Lærlingar må sikrast rettlege i læretida, spesielt viktig er det å følgje opp elevar som har valt utradisjonelt.

SV vil arbeide for lovfesta rett til lære plass. Denne retten må følgjast opp med økonomiske ressursar.

I dag får ikkje ungdom prøvd seg i arbeidslivet før dei har gjort det endelege yrkesvalet etter det andre året på vidaregåande skule og byrja som lærlingar. SV vil arbeide for at det i heile opplæringstida er tilbod om veksling mellom arbeid og skule.

Talet på jenter med lærekontrakt har auka kraftig, men det er for få jenter som går i lære i tradisjonelt mannsdominerte yrke. Vidare er det for få gutar som vel tradisjonelt kvinnedominerte yrke. SV vil arbeide for å få slutt på den kjønnsdelte marknaden vi har i dag.

## #9

# Kunnskapsnasjonen Noreg

Visjonen til SV er å omforme Noreg til ein kunnskapsnasjon. Dette føreset forskingsbasert kunnskap i undervisninga, i samfunnsdebatten og i utviklinga av nye næringar. Kunnskap og innsikt har verdi i seg sjølv, er til nytte for ulike interesser og verdier i samfunnet og gjev grunnlag for eit levedyktig demokrati. SV vil utvikle utdannings- og forskingsinstitusjonar som skal fungere som vaktarar av demokratiet, gje kunnskap til samfunnsutviklinga og innfri trongen til kompetent arbeidskraft og teknologisk utvikling til eit økonomisk og økologisk berekraftig næringsliv.

Universiteta skal sørgje for den akademiske breidda, og undervisninga skal vere forskingsbasert. Høgskulane skal vere spesialiserte og profesjonsorienterte, både i undervisning og forskning. Vi vil byggje sikre og langsiktig finansierte institusjonar med høg grad av autonomi, eigd av det offentlege. SV vil ta initiativ til ein heilskapleg gjennomgang av finansieringa av høgare utdanning og forskning for å nå dette målet. All høgare offentleg utdanning må vere gratis.

Kritiske intellektuelle som har tid og ressursar til både å drive breitt vitenskapleg arbeid og vere med i samfunnsdebatten, er ein avgjerande føresetnad for eit fungerande demokrati. Slike kan berre eksistere i institusjonar som har høg grad av autonomi, indre demokrati og sikker ressurstilgang.

## 9.1 Høgare utdanning

Fridom frå økonomiske og kommersielle nytteomsyn er ein føresetnad for akademisk kreativitet og kunnskapsutvikling. SV vil difor gje kunnskapsinstitusjonane auka fridom. Val av fagleg utvikling og organisering skal styrast av det indre demokratiet ved institusjonane. Der rektor blir vald, skal rektor vere styreleiar. Samtidig som vi vil gje institusjonane auka fridom, stiller vi krav til auka samarbeid med omverda. Alle skal ha økonomisk høve til å studere ved universitet og høgskular.

SV er kritisk til tendensane til kommersialisering og einsretting som har blitt gjennomført i høgare utdanning dei siste åra. Kvalitetsreforma kan sjåast som del av ein internasjonal trend der målet er å gjere høgare utdanning til ein reiskap som i større grad enn før skal tene næringslivsinteressene. Dette skal mellom anna skje gjennom å gjere forskinga meir avhengig av ekstern finansiering. Studentane skal få tettare oppfølging og meir yrkesretta utdanning, men får òg mindre

fridom i studiekvardagen. SV vil difor ta initiativ til ei omfattande og grundig evaluering av dei ulike sidene av Kvalitetsreforma,

IKT-baserte utdannings- og læringstilbod vil sikre at fleire kan ta høgare utdanning utan å vere avhengige av å flytte frå heimstadene sine. SV ønskjer auka bruk av IKT for sikre fleire slik tilgang, og samtidig auke fleksibiliteten i kvardagen og studieprogresjonen til kvar einskild student.

Talet på studentar ved ulike fag vil variere, fag som vil vere naudsynete for å sikre eit breitt utdanningstilbod. SV ønskjer ikkje finansieringsordningar som favoriserer store fag slik at den faglege standarden ved mindre fag blir lågare. SV vil difor arbeide for å sikre fag med låge søkjartal.

Kvalitetsreforma for høgare utdanning har endra studiekvardagen. Studieåret har blitt lengre, det har blitt meir undervisning og fleire evalueringar. Men reforma er ikkje fullført før studiesituasjonen til studentane er blitt betre. Dette inneber mellom anna å byggje fleire studentbustader, auke reisestipendet, gjer det enklare å studere med barn, heve studiefinansieringa til minstepensjonsnivå og innføre politisk styrd studierente.

Ungdom under både vidaregåande og høgare utdanning har svake sosiale rettar ved sjukdom og livskriser. SV vil utgreie ei ordning der ungdom under utdanning blir sikra på line med arbeidstakarar.

Trongen for etter- og vidareutdanning inneber at mange tusen nye studentar vil trenge utdanning ved høgskular og universitet i åra som kjem. Utdanninga på desse lærestadene må utvidast og endrast slik at studentane får eit godt tilbod. Dette vil seie at utdanninga må leggjast opp slik at ho blir lettare å kombinere med arbeid.

SV vil styrkje den desentraliserte høgskuleutdanninga.

SV vil arbeide for at opptakskriteria til høgare utdanning blir utvida slik at dei sikrar ei meir likeverdig rekruttering. SV vil arbeide for at flest mogleg studieretningar skal vere opne, samtidig som nivået ved utdanningsinstitusjonane blir oppretthaldne.

SV vil sikre funksjonshemma reell tilgang til høgare utdanning gjennom å styrkje retten deira til tilrettelegging. Dette skal skje med hjelp frå inntaksreglar, universell utforming av fysisk miljø og IT-miljø, hjelpemiddel og tilrettelegging av læremiddel og eksamen. Butilhøve, transporttilbod og velferd må òg tilretteleggjast på studiestaden.

På bakgrunn av eit stadig aukande internasjonalt samfunns- og næringsliv meiner SV det er viktig å leggje til rette for at alle studentar skal ha lik rett til å ta kvalitetsutdanning i utlandet, både heil- og delgradstudiar, uavhengig av økonomisk og sosial bakgrunn. For å sikre brei internasjonal kompetanse meiner SV det er viktig at fleire studentar får høve til å ta gradstudium i ikkje-engelskspråklege land.

## 9.2 Etter- og vidareutdanning

SV har saman med fagrørsla vore ein pådrivar for ein lovfesta rett til etter- og vidareutdanning. Denne retten er med på å utjamne kunnskapskløfta i samfunnet, men dette er avhengig av at etter- og vidareutdanningsreforma blir gjennomført fullt ut. SV vil difor arbeide for at finansieringsordningar blir utvikla mellom staten, arbeidsgjevarane og arbeidstakarane som sikrar dekking av livsopphald for vaksne som tek etter- og vidareutdanning.

Etter- og vidareutdanning er eit viktig verkemiddel for å få fleire ut i arbeid, og vil styrkje høvet den einskilde har på arbeidsmarknaden. Det gjeld både dei som er i arbeid, arbeidssøkjande og trygda. Satsing på etter- og vidareutdanning vil vere ei fornuftig investering,

mellom anna fordi det vil gje eit betre grunnlag for lønnsame arbeidsplassar. SV vil arbeide for tilrettelegging av desentraliserte studium.

## 9.3 Forsking

For å nå målet om å vere ein av dei leiande kunnskapsnasjonane i landet må det forskast meir i Noreg. På sikt må det brukast minst ein like stor del av BNP på forskning som i dei andre nordiske landa.

Den offentleg finansierte infrastrukturen for forskning skal styrkjast gjennom auka løyvingar til universitet, høgskular og forskingsinstitutt. Det er difor viktig å ta vare på grunnløyvingane til institusjonane.

SV vil satse på forskningssamarbeid mellom institutt, institusjonar og næringsliv. Slik kan vi skape fleire kunnskapsintensive verksemder baserte på forskingsresultat. Samtidig må det offentlege auke dei direkte løyvingane og setje inn stimuleringsiltak overfor næringslivet for å sikre eit høgt nivå på næringsretta forskning.

SV vil gå inn for at det offentlege skal auke innsatsen sin i form av støtte og lån til bruksretta forskning i verksemdene. Næringsretta forskning og utvikling er eit viktig styrings- og stimuleringsverkemiddel for ei framtidretta næringsutvikling. Staten bør leggje forskning og innovasjon inn som eit kriterium for innkjøpspolitikken sin.

Auka forskingsinnsats krev fleire forskarar. For å sikre rekruttering må det opprettast fleire stipendiatstillinger. I tillegg må det opprettast fleire forskarstillinger for dei som er ferdige med doktorgraden sin.

Norsk forskning er i dag for mannsdominert. SV vil føreslå tiltak for å auke kvinnedelen, først og fremst gjennom stimulerande tiltak for stipendiat og betre kriterium

for tilsetjing i postdoc-stillingar, men om naudsynt òg ved at forskarstillingar blir øyremerkte.

Å sikre ei brei humanistisk forskning og kritisk samfunnsforskning har spesielt mykje å seie. Det er eit mål å styrkje ei allsidig kjønnsforskning i tillegg til kjønns-perspektivet innanfor det einskilde forskingsområdet. Det er viktig at forskinga kjem begge kjønn til gode.

Forskning kan gje kunnskapsrobotn for gjennombrøt som på ein avgjerande måte endrar samfunnet. Det er viktig å ha høgt kompetente forskingsmiljø som tek aktivt del i internasjonale forskingsnettverk og som kan ta del i slik prosessar og bringe dei ut i samfunnet.

Lov om bioteknologi må endrast slik at det blir opna for preimplantasjonsdiagnostikk og forskning på overtalige, fræva egg. SV vil ha ei kontinuerleg vurdering av dei ulike delane av lova sedd i lys av den teknologiske utviklinga og endringar i lovverk og praksis i andre land.

I dag er 90 prosent av den medisinske forskinga knytt til helseplager i den rike verda, med hovudvekt på sjukdommar som oftast råkar menn. For å få til ei jamnare fordeling av forskingsinnsatsen på det medisinske området må Noreg gje midlar til forskning som kan betre helsetilstanden til menneske i utviklingsland.

Som eit energiproduserande land bør Noreg bruke forskning for å få ein effektiv og berekraftig bruk av energi. Målet er at Noreg skal bli ein av dei leiande nasjonane i verda på alternative energikjelder. Olje- og gassformuen skal forvaltast på ein god måte for seinare generasjonar, men må samtidig vere utgangspunkt for forskning omkring bruk av alternative og mindre ureinande energikjelder.

SV ser på forskning og utvikling som eit viktig element i utviklinga av eit berekraftig næringsliv og ein vel- fungerande offentleg sektor. Samarbeidet mellom

universitet/høgskular og næringsliv/offentleg sektor må styrkjast. Samtidig er det viktig å sikre fri og uavhengig forskning for å unngå at tunge næringsinteresser og kortsiktige forretningsomsyn får ein dominerande kontroll over delar av forskinga, til dømes innanfor medisin og bioteknologi og dermed hindrar at forskinga kjem alle til gode. Universitet og høgskular må sikrast offentleg finansiering som set dei i stand til å utvikle samarbeidet med næringslivet på eigne premisser, og med basis i eit heilskapleg samfunnsansvar. Det er viktig at universitet og høgskular får ein finansiell basis som gjer det mogleg å sikre langsiktig arbeid og ta vare på forskningsetiske prinsipp i nært samspel med næringsliv og offentleg forvaltning.

#### 9.4 Frigjer brukarane

SV vil forsvare interessene og rettane til forbrukarane ved kjøp og bruk av produkt og tenester. Stadig fleire sider av livet til folk blir kontrollert av private selskap gjennom strenge lisensavtalar på vanlege bruksgjenstandar. Samtidig blir retten folk har til å bruke produkt som dei har kjøpt sjølve, avgrensa gjennom lovverk som i aukande grad vernar produsentane framfor forbrukarane.

SV ønskjer å gjere det ulovleg å verne lagringsformat, med unnatak der personvernomsyn eller andre særlege interesser gjer eit slikt vern viktig. Kontrollen over innhaldet må liggje hos den som har laga innhaldet, ikkje produsenten av verktøyet det blei laga med.

# #10

## Eit framtidsretta næringsliv

Næringspolitikken til SV skal føre til full sysselsetjing og verdiskaping innanfor ei berekraftig ramme. Dette inneber auka innsats for utvikling og bruk av ny kunnskap og teknologi, for å skape eit framtidsretta, meir berekraftig og konkurransedyktig næringsliv i heile landet.

Marknadsliberalismen undergrev framtida for norsk næringsliv. Store verdiar forsvinn i dag i finansspekulasjon, eller blir investert i uproduktiv eigedomsverksemd. Stadig blir lønsame verksemdar lagde ned, og produksjon flytta ut av landet. Det politiske fleirtalet har gjeve frå seg verktøyet som kunne ha hindra denne utviklinga. SV vil gje demokratiet auka styringsrett over næringslivet, slik at det beste for samfunnet går framfor snevre bedriftsøkonomiske prioriteringar.

Auka konkurransevne skal sikrast gjennom konkrete og målretta tiltak som aukar produktiviteten utan å gå ut over dei tilsette eller miljøet. Forsking, utdanning og kompetanse, betre avskrivingsreglar for maskiner og utstyr og auka satsing på innovasjon og formgjeving er slike tiltak. I tillegg vil ein velfungerande velferdsstat med universelle tenester fremje produktivitet og auka verdiskaping.

Det høge løns- og kostnadsnivået i Noreg heng nøye saman med høg produktivitet, og dermed konkurransevne. SV vil leggje til rette for at store selskap prioriterer forskning og utvikling i Noreg, og vil bruke statleg eigarmakt til å påverke verksemdene til å leggje langsiktige strategiar der kunnskapsutvikling og innovasjon er viktige element.

## 10.1 Ein framtidsretta næringspolitikk

SV vil skape politiske verkty for å utvikle eit sterkare næringsliv. Både stat, regionar og kommunar må ha eit stort ansvar i utviklinga av levedyktige arbeidsplassar. Dette er naudsynt både for å forvalte ressursane på ein meir effektiv måte og for å kunne skape ein heilskapleg strategi for kva vi skal leve av i framtida. Dei demokratiske verkemidla omfattar både offentleg eigarskap og ulike støtteordningar for å utvikle privat og kooperativ verksemd, her òg arbeidstyrde verksemdar.

SV ønskjer å styrkje verkemiddelapparatet. SV ønskjer å styrkje ordninga med forskings- og utviklingskontraktar, men ønskjer òg å gje ordninga klare rammer for kva det private skal og ikkje skal utføre av oppgåver.

SV ønskjer å etablere eit eige lovverk og opprette ein ny selskapsmodell for arbeidstyrde verksemdar. SV ønskjer å styrkje eksisterande miljøsertifiseringsordningar, og vil gje sertifiserte verksemdar føremonar ved offentlege innkjøp.

Noreg er alt langt framme på ei rekkje område kring miljøteknologi. SV ønskjer å styrkje og utvikle desse miljøa ved å etablere eit omfattande miljøteknologi-program, for på den måten å gjere miljøteknologien meir lønsam.

Svaret på ei rekkje sentrale spørsmål for næringspolitikken i framtida dreier seg om å planleggje framtidig energiforsyning. Eit breitt samansett teknologipolitisk utval som skal greie ut korleis vi skal dekkje den framtidige trongen for elektrisitet og annan energi, og kva teknologiar som i den samanhengen bør vidareutviklast, må nedsetjast.

Det er positivt at menneske skapar sin eigen arbeidsplass, og SV ønskjer gjennom rådgjeving og tilskot å leggje til rette for ungdom som ønskjer å skape verksemdar.

SV innser trongen for nyetableringar for å sikre nok verdiskaping slik at det er råd å ta vare på og vidareutvikle velferdssamfunnet vårt. SV ser positivt på at menneske skapar sin eigen arbeidsplass, og vil leggje til rette for betre støtteordningar og rådgjeving for desse. Statlege løyvingar til kommunale næringsfond bør aukast kraftig frå nivået i dag gjennom regionale utviklingsmidlar.

SV vil arbeide for at staten framleis skal vere ein aktiv

eigar i sentrale norske verksemdar. Dette må vise seg i ein langsiktig strategi for næringsutvikling, og kome til uttrykk på generalforsamlingar og i styrerom.

## 10.2 Industripolitikk

SV ønskjer å vere med på å utvikle industrien i Noreg slik at han kombinerer auka berekraft med internasjonal konkurransevne. Industrien er viktig både for sysselsetjing, verdiskaping og busetnad, og han genererer inntekter og skapar forskingsmiljø og utvikling landet har bruk for. Auka total ressursutnytting og auka industriell omarbeiding i Noreg er eit mål.

Talet på sysselsette i industrien har sidan 1970-talet gått nedover både i Noreg og i andre vestlege land. Dette har delvis skjedd ved utflagging, men i hovudsak gjennom teknologiutvikling som har ført til auka produksjon trass i lågare sysselsetjing.

### 10.2.1 Olje- og gassutvinning

Olje- og gassutvinning er ein dominerande aktivitet i Noreg. Oljeselskapa ønskjer i dag å opne sårbare felt for boring, som i området Lofoten–Barentshavet. Samtidig er utvinningsgrada i eksisterande felt låg. SV meiner oljeinvesteringane må dreiest mot at ein i stòrt mogleg grad utnyttar ressursane i alt opna felt og område, framfor å opne nye sårbare område. SV vil føre ein konsesjonspolitik og støtte teknologiutviklinga som fører til dette.

SV ønskjer å oppmuntre til bruk av gass til industrielle føremål der dette er samfunnsøkonomisk lønsamt, viss samla miljøutsløpp eller anna ureining ikkje aukar.

SV vil arbeide for at Noreg skal påverke utvinning av olje og gass på russisk side i nordområda slik at ein minskar risikoen for skadar på natur og miljø.

For både å sikre fiskeriresursane for framtida og få til

vekst i reiselivsnæringa langs Skagerrakkysten vil SV gå imot leiteboring og eventuell oljeutvinning i Skagerrak.

### 10.2.2 Prosessindustrien

Prosessindustrien er hjørnesteinsverksemdar i mange samfunn. SV arbeider for at desse verksemdene kan få langsiktig kraftkontraktar, mot at verksemdene forpliktar seg til energisparing og til å oppretthalde verksemda.

SV vil arbeide for at tradisjonell industrikompetanse blir teken vare på. Kortsiktig aksjevinst og konsernstrategiar om internasjonalisering må ikkje stå i vegen for at lønsame industriprosjekt blir realiserte.

Mange lønsame verksemdar er nedlagde fordi utsiktene til auka profitt er høgare i andre land. Om dette mønsteret held fram, kan mange arbeidsplassar i prosessindustrien bli borte. SV vil motverke ei slik utvikling med hjelp frå offentleg engasjement i forskning, utvikling og igangsetjing av ny teknologi, slik at norsk prosessindustri kan vere førande når internasjonale reglar skal fastsetjast. Vi vil støtte opp om tiltak som fører til energieffektive produksjonsmetodar og gjenvinning av energi.

SV ønskjer å støtte tiltak som aukar produktivitet og omstilling til nye produkt i norsk prosessindustri, som til dømes auka automatisering, etablering av program for auka lokal verdiskaping, styrking og betring av utdanning og forskning, og auka bruk av miljøvenlege innsatsfaktorar og produkt.

### 10.2.3 Verftsindustrien

Norske verft og norsk leverandørindustri er verdsleiande på teknologi og produktivitet, og har kompetanse som gjer dei konkurransedyktige internasjonalt. SV vil arbeide for at norske verfts- og leverandørverksemdar framleis kan ha ei sterk stilling.

SV vil dreie verftsstøtta frå å vere ei kontantstøtte til

å bli ei utviklingsstøtte. Støtta skal gå til verft som ønskjer å utvikle eller byggje nye og betre skip, som utviklar skip etter nye og betre miljøkriterium, eller som søker å utvikle kompetansen til verksemda. SV vil arbeide for å vidareutvikle ein verdsléiande leverandørindustri innanfor ulike typar skipsutstyr og off-shoreteknologiar.

#### 10.2.4 Byggje-, anleggs- og eigedomsnæringa

Byggje-, anleggs- og eigedomsnæringa sysselset meir enn 300.000, og det er den største næringa i mange fylke. Næringa er òg ein viktige arena for handtering av energi- og miljøutfordringane i landet.

SV støttar ønska til byggje-, anleggs- og eigedomsnæringa om eit krafttak for auka innovasjon i næringa, og vil at dette skal kome til uttrykk gjennom ressursar stilte til rådvelde i Forskingsrådet. SV vil vidareutvikle det arbeidet som skjer på energisida gjennom Enova, ved at næringa si handtering av energi- og miljøutfordringar blir styrkt vesentleg på brei basis. SV vil at offentlege innkjøp knytte til bygg, anlegg og eigedom aktivt blir brukt til å utvikle kompetanse og konkurransedugleik i næringa når det gjeld kvalitet, produktivitet og energi- og miljøtilhøve.

### 10.3 Privat tenesteyting

Det er i dag rundt 1,3 millionar tilsette i privat tenesteyting i Noreg, fire gonger så mange som i industrien. For SV er det viktig å setje næringspolitisk fokus på dei ulike tenestenæringane, noko som lenge har vore politisk underprioritert.

#### 10.3.1 Finansnæringa

Tilgang på kreditt er avgjerande for eit levedyktig næringsliv. SV vil difor arbeide for at einskildselskap ikkje blir for dominerande i finansnæringa. SV går inn for auka statleg eigarskap i banksektoren, og aktiv bruk av den statlege eigarmakta i forretningsbankar.

SV vil oppretthalde ein sterk sparebanksektor, ikkje minst er dette viktig for næringslivet i distrikta.

#### 10.3.2 Varehandelen

Varehandelen er ein av dei største arbeidsplassane for kvinner. SV ønskjer å utvikle varehandelen, mellom anna med hjelp frå kompetanseutvikling. SV vil arbeide for ei obligatorisk merking av alle varer i høve til rettvís handel, miljø og tilhøva for arbeidarane.

Utviklinga dei siste åra har gått i retning av fleire bilbaserte kjøpesenter, ei utvikling som undergrev nær- og sentrumsbutikkane. Dette fører til auka miljøpåkjenning på grunn av auka bruk av bil, og gjer det vanskelegare å kome seg til butikken for dei som ikkje har bil. SV vil difor arbeide for ei arealplanlegging som reduserer trongen for bruk av bil når ein skal handle. SV vil vidareføre støtteordninga for små distriktsbutikker.

#### 10.3.3 Reiseliv

Reiselivsbransjen er ei viktig næring i vekst. SV vil arbeide for å utvikle denne næringa ved å skape fleire arbeidsplassar, og ved å vidareutvikle den turismen som har med natur- og kulturopplevingar, spenning, fridom og utfalding å gjere. SV vil styrkje marknadsføringa av Noreg i utlandet som reisemål med unik natur, mellom anna med hjelp frå Innovasjon Noreg.

Levande distrikt er ein føresetnad for å få eit meir mangfaldig reiseliv i alle delar av landet. Difor er det viktig at bransjen har tilgang til lokal kapital og kompetanse slik at dei kan utvikle nye reiselivstilbod i samarbeid med kommunar og fylke.

Hovudutfordringa for reiselivsbransjen er å ta vare på kulturlandskap og miljø, og på same tid leggje til rette for det turistane spør etter. SV vil difor styrkje naturbasert turisme, irekna økoturisme, med å føreslå ei sertifiseringsordning for verksemder som driv med økoturisme.

#### 10.3.4 Transport og skipsfart

Det er eit mål for SV å auke delen av gods som blir frakta på bane og hav, på kostnad av veg og luft. Nasjonalt og internasjonalt må miljøvenlege transportløyningar stimulerast gjennom miljøavgifter i samsvær med utsleppesnivået til ulike transportmiddel.

Fraktfartya er i dag i snitt over 30 år gamle, og dei slit med store utslepp. For å gjere desse fartya meir konkurransedyktige ønskjer SV å etablere eit moderniseringsprogram med stor vekt på utsleppsreduksjon.

SV vil arbeide for at norske løns- og arbeidsvilkår skal gjelde på norskregistrerte skip, og at alle norskeigde skip har tariffavtalar. SV vil gjennom internasjonale organ arbeide for at den internasjonale skattekonkurransen mellom land stoppar. SV vil arbeide for at skatteparadis ikkje blir rekna som lovlege registreringsstader for fly eller skip som kjem til Noreg, og òg arbeide for dette internasjonalt.

SV vil arbeide for å sikre auka slepebåtkapasitet langs heile kysten.

#### 10.3.5 Informasjons- og kommunikasjonsteknologi

IKT er og vil vere eit viktig grunnlag for mykje næringsutvikling i Noreg. Avstandar får mindre å seie, og kunnskap og informasjon kan lettare bli innsatsfaktorar i nye produkt og tenester.

Lik tilgang til breiband over heile landet er viktig for både næringslivet og for offentleg verksemd – for viktig til at breibandutbygging kan overlatast til marknaden åleine. SV definerer breibandtilknytting til internett som infrastruktur. SV vil sikre ein minstestandard på bandbreidde til alle husstandar og næringsverksemder.

Noreg har ein av dei mest avanserte offentlege sektorane i verda. Denne føremonen må utnyttast aktivt til å utvikle elektroniske tenester som kan gjere stat og kommune meir tilgjengeleg for folk. SV vil ta initiativ til

at staten utviklar offentlege løysingar saman med IT-næringa. Noreg må ta steget frå passiv IT-importør til leiande utviklar av IT-løyningar for offentleg sektor.

Offentleg sektor kan styrkje IT-næringa mellom anna ved å tilby felleskunnskap billeg slik at offentleg informasjon gjev auka verdiskaping. Offentleg IT skal byggje på opne standardar.

Skjult kjeldekode og monopolliknande tilstandar i programvaremarknaden hindrar vidareutvikling av programvare. SV vil arbeide for at offentleg sektor brukar program baserte på open kjeldekode, og at utvikling av programvare basert på opne kjeldekode blir stimulert i andre samanhengar.

Programvarepatent er til hinder for innovasjon i programvaresektoren. SV vil arbeide aktivt nasjonalt og internasjonalt for å hindre at Noreg blir omfatta av eit lovverk som gjev høve til å patentere programvare.

#### 10.3.6 Kunnskapsintensiv tenesteyting

Kunnskapsintensiv tenesteyting er ein stor og veksende del av næringslivet, med mykje å seie for store delar av verksemd elles. Døme på dette er arkitektar, rådgjevande ingeniørar, IKT-rådgjevarar, advokat- og revisjonsverksemder og andre typar rådgjevingfirma. Nokre av verksemdene har fleire hundre medarbeidarar og opererer globalt. SV vil at den nasjonale næringspolitikken i langt større grad synleggjer og legg til rette for kunnskapsintensiv tenesteyting i forretningar.

Forskingsinstitutt blir òg utvikla i aukande grad som tenesteytande verksemder i forretningar, og SV vil klargjere føremålstenlege grenser og vilkår for slik utvikling.

#### 10.3.7 Kultur som næring

SV ser på kulturnæringane som verdiskapande næringar som har mykje å seie for norsk økonomi og

sysselsetjing. Kulturnæringane har i kraft av seg sjølve og som leverandørar til næringslivet elles eit stort vekst- og utviklingspotensial. SV vil auke innsatsen for å realisere dette mellom anna ved å styrkje høvet kunstnarane har til å produsere og selje varene og tenestene sine. Dette tilseier at kulturæringane går inn som ein naturleg del av innovasjonssystemet og næringspolitikken nasjonalt og regionalt.

## 10.4 Produksjon av mat

### 10.4.1 Landbruket

Eit sterkt landbruk er viktig for matvaretryggleiken i landet, for busetnad i distrikta og for å ta vare på kulturlandskapet. SV vil arbeide for å framleis ha eit berekraftig landbruk gjennom eit restriktivt jordvern. Kornjorda som er att i landet er ein berebjelke for matvaretryggleik og jordbruksproduksjon. Denne jorda vil aldri kunne erstattast med nydyrkingsjord, og må vernast spesielt mot nedbygging i pressområda.

SV vil arbeide for at landbruket skal få rammevilkår som gjer at det kan halde fram arbeidet sitt i ei meir miljøvenleg retning. Det må vere rom for både økologisk produksjon og anna miljøvenleg produksjon. Matvaretryggleik og distriktsbusetnad krev utvikling av gardsbruk med ulikt ressursgrunnlag og ulike produksjonsformer. For å arbeide for ei rettvissare fordeling vil SV difor innføre ei øvre grense for kor mykje støtte eit einskilt gardsbruk kan ta imot.

SV vil arbeide for at beiteressursane i utmarka blir utnytta betre. Dette skal gjerast ved å styrkje rammevilkåra for husdyrhald over heile landet, spesielt utanfor dei sentrale jordbruksområda. Eit godt stelt kulturlandskap som gjev høve til turisme og andre kulturbaserte tilleggsnæringar er avhengige av at landbruket har beitedyr.

SV vil leggje til rette for at god dyrehelse i eit etisk

perspektiv skal prege husdyrhaldet. SV vil arbeide for ei styrking av dyrevernet i Noreg og internasjonalt. Uavhengig av kva slags produksjon dyra er ein del av, må produksjonen ha strenge reglar for sikrar dyrevelferden.

Ved innføring av nye dyrevernsreglar som medfører større investeringskostnader for landbruket, vil SV arbeide for at det blir gjeve investeringstilskotet til naudsynt ombygging og omlegging av produksjonen.

SV vil arbeide for at alle medlemslanda i WTO skal ha rett og plikt til å sikre basismatvarer til eige folk. SV vil arbeide for at alle former for eksportsubsidiar av landbruksvarer blir forbodne. SV vil arbeide for ein meir rettviss handel, både ved å støtte opp om etisk handel og ved å betre marknadstilgangen for dei fattige landa i Noreg og på verdsmarknaden elles. SV meiner det er råd å ta vare på eit sterkt norsk landbruk, på same tid som ein legg til rette for handel med utviklingsland med varer ein ikkje sjølv kan produsere.

SV vil prioritere eit berekraftig og miljøvenleg landbruk framfor endå lågare matvareprisar. SV vil arbeide for meir stabile og føreseielege rammevilkår som stimulerer til langsiktige investeringar i norsk landbruk. Høva til sysselsetjing og positiv utvikling er ein føresetnad for at komande generasjonar skal velje busetnad i distriktet, og landbruket som leveveg.

### 10.4.2 Næringsmiddelindustrien

I næringsmiddelindustrien arbeider i dag om lag 40.000 menneske. Det er eit mål for SV å i størst mogleg grad sikre denne industrien norske råvarer til konkurranse-dyktige prisar, utan at det skal gå ut over matkvalitet og miljøomsyn. Næringsmiddelindustrien står overfor store utfordringar i form av nedbygging og tollbarrierar. SV vil støtte tiltak for å utvikle nærings- og nytingsmiddelindustrien med hjelp frå verdiskapingsprogram, forskning og nisjeproduksjon.

### 10.4.3 Fiske og fiskeindustri

Fiskerinæringa er viktig for eksportinntektene til landet, i tillegg til å vere avgjerande for arbeidsplassar og busetnad langs kysten. Fiskeriressursane skal føre til lønsemd, arbeidsplassar, busetnad og berekraft.

Berekraftig ressursforvaltning er ein naudsynt føresetnad for ei lønsam fiskerinæring. SV går inn for økosystembasert forvaltning. SV ønskjer at kvoteforhandlingar og –fastsetjingar er opne, og meiner Stortinget skal involverast og høyrast i på førehand. SV vil arbeide for at regionale folkevalde organ skal få auka påverknad over utviklinga av fiskeria, og vil prøve ut ulike modellar for fordeling og forvaltning. SV vil styrkje deltakarlova og råfisklova som reiskap for betre lønsemd i fiskerinæringa, og for å hindre sentralisering og privatisering av det økonomiske utbyttet. SV vil ha forbod mot sal av kvotar.

Økonomisk kriminalitet og miljøkriminalitet i fiskerinæringa er uakseptabelt fordi det fører til undergraving av regulerings- og forvaltingsregimet. SV vil setje i verk tiltak mot slik kriminalitet. Kystvakta må få nok økonomiske ressursar til å utnytte kapasiteten maksimalt. Kontrollane som Fiskeridirektoratet har på land og til havs må òg styrkjast.

Overkapasitet blir halde fram som årsaka til dårleg inntening i fiskerinæringa. Problemet i fiskeflåten er ikkje først og fremst for mange fiskefarty, men for stor fangstkapasitet og at kapitalinnsatsen er for stor i høve til det ressursen kan forrente.

SV ønskjer ein variert fiskeflåte med havgåande og kystnære farty som kan sikre busetnad og verdiskaping på land. SV meiner difor at fabrikktrålflåten skal utfasast over ein tiårsperiode og at ressursane blir overførte til kystflåten. SV vil prioritere den konvensjonelle kystflåten fordi han fangar større fisk, har mindre innslag av småfisk og skapar fleire årsverk per fiskeining. SV vil overføre ressursar frå den hav-

gåande til den kystnære flåten i første omgang ved at 75 prosent av kvitfiske skal fangast av kystflåten.

SV går inn for rekrutteringskvotar til ungdom. Kjøp og sal av fiskekvotar fører til at fiskeria blir mindre lønnsame. Dette skjer ved at kapitaltrongen aukar og fordi grunnrenta blir teken ut av næringa og i større grad overført finansinstitusjonane. SV vil ha eit nytt reguleringsystem som sikrar at eigedommen til fellesskapet ikkje blir privatisert eller kapitalisert. Ulike modellar må vurderast for å sikre at den som har investert i rettar, ikkje blir ståande utan tryggleik.

Dei siste åra har ein òg sett ei storstilt strukturering av produksjonsverksemdene på land. Små og mellomstore verksemdar er mest fleksible og har best lønsemd. I ei syklisk næring som fiskerinæringa, vil for store kapitalinvesteringar og for høgt råstoffbehov gjere verksemdene sårbare for naturlege svingingar i råstofftilgangen, og for svingingar i marknaden. Fokus på kvalitet, utnytting av bi- og bioprodukt, utforsking av nisjeprodukt, utvikling av heimemarknaden, marknadsføring og forbetre logistikk er vesentlege framtidsstrategiar for fiskerinæringa. SV vil etablere eit verdiskapingsprogram for fiskerinæringa, og satse på marin forskning og utvikling.

### 10.4.4 Havbruk

Havbruk baserer seg på fornybare prosessar i naturen, og Noreg har eit stort, reint og verna sjøareal og eit godt klima for produksjon av høgverdig sjømat. Verdiskapinga i havbruket kan aukast, mellom anna ved å auke foredlingsgrada i Noreg.

SV vil styrkje den offentleg finansierte forskings- og utviklingsinnsatsen retta mot havbruksnæringa, særleg innanfor oppdrett av nye artar, produktutvikling og marknadsføring. Dette er ein sentral føresetnad for å skape trygge arbeidsplassar. SV vil arbeide for rømingssikre anlegg, og arbeide for å stimulere til oppdrett òg baserte på lokale, fornybare ressursar. SV

meiner det må vere produksjonsavgrensingar gjennom førkvotar i havbruksnæringa.

Konsesjonstildeling må vere eit verkemiddel for å styrkje busetnad og næringsutvikling i distrikta, og må ikkje vere fritt omsetjeleg eller kunne auksjonerast bort. For å sikre auka lokal verdiskaping vil SV føreslå at det blir innført ei lokal fastsett arealavgift, differensiert etter type oppdrett som går til kommunane som erstatning for konsesjonsavgifta.

SV ønskjer å etablere eit omfattande forskingsprogram for å gjere norsk oppdrett meir miljøvenleg. SV vil gå sterkt imot at det skal kunne setjast ut og produserast genmodifiserte artar. SV ønskjer ein konsesjonspolitik som fører til berekraft og lønsemd.

## 10.5 Regional utvikling

Det er eit hovudmål i distrikts- og regionalpolitikken å gje folk høve til å bu og arbeide der dei ønskjer, for slik å oppretthalde hovudtrekka i busetnadsmønsteret. Statlege løyvingar til distriktspolitikken er meir enn halvert det siste tiåret, og regional fordelingspolitikk har blitt svekt innanfor alle nasjonale næringssektorar. Det har skjedd ei nedbygging av statlege arbeidsplassar i distrikta, og ein sterk auke av statlege arbeidsplassar i sentrale strok. SV ønskjer å desentralisere framtidige statlege arbeidsplassar.

Den nasjonale innovasjons- og FOU-politikken treffer tradisjonelle næringar dårleg og er for smalt definert til å sikre nok nyskaping og nyetableringar i distrikta. SV vil styrkje distriktsfondet for næringssvake område som vi har i dag, og etablere regionale forskingsfond. SV vil arbeide for at det blir ei betre regional fordeling av dei statlege næringsverkemiddela, slik at dei blir meir treffsikre i høve til næringsutvikling i distrikta. Verkemiddelapparatet skal styrkjast kraftig.

Næringsutviklingstiltak bør i langt større grad enn i dag rettast mot etablering av arbeidsplassar for kvinner, mellom anna gjennom å fokusere på typiske kvinnearbeidsplassar innanfor turisme og småskalaproduksjon. SV vil arbeide for å etablere programsatsingar som kan skape akademiske arbeidsplassar innanfor område som kvinner i dag har relevant utdanning for.

### 10.5.1 Samferdsle

Samferdslesektoren er viktig for å skape betre vilkår for verdiskaping, sysselsetjing og busetnad i Noreg. Busetnadsmønsteret vi har i dag, er i stor grad basert på utnytting av ressursar som fisk, energi, industri, skog- og landbruk, men òg på friluftaktivitetar og turisme. Ein desentralisert busetnad er ein føresetnad for å skape ei berekraftig forvaltning av naturressursane. SV vil satse på ein aktiv samferdslepolitikk for å redusere avstandsulemper, og for å leggje til rette for at lokalsamfunn over heile landet kan utviklast.

Store delar av vegnettet i distriktet er prega av dårleg standard, flaskehalsar og aksellastavgrensingar. Dette fungerer konkurransevridande for næringslivet i distrikta. Rasfaren er stor langs mange norske vegar, noko som skapar stor utryggleik i mange lokalsamfunn. SV vil prioritere opprusting av vegnettet i distrikta, og gjere vegane tryggare, mellom anna gjennom meir pengar til rassikring, vinteropne vegar og fleire gang- og sykkelveggar.

Ei rekkje ferjestrekningar har for dårlege tilbod. SV vil gjere ferjetilbodet betre gjennom fleire avgangar, lågare billettprisar og satsing på gassdrivne ferjer.

Både kortbanenettet og stamrutenettet er ein viktig del av infrastrukturen i landet. Avstandar, vanskeleg geografi, vêrtilhøve og manglande transportalternativ gjer flyet viktig. For delar av Vestlandet og Nord-Noreg er fly kollektivtransport. SV vil arbeide for reduserte prisar på flytilbodet på kortbanenettet der det ikkje finst andre fullgode transporttilbod.

Post, tele, samferdsle, breiband og offentleg velferd er viktige verkemiddel òg i distriktspolitikken. SV vil ta att den politiske styringa over desse, og sørgje for lik pris på tenester over heile landet.

## 10.6 Aktivt og langsiktig eigarskap

Eit aktivt og langsiktig eigarskap er ein føresetnad for å vidareutvikle norsk næringsliv. Næringspolitikken må føre til eit slikt eigarskap, både i private og offentleg eigde verksemdar. I dag blir verdiskapinga hemma av kravet om kortsiktig vinst.

For å sikre demokratisk og effektiv styring av samfunnsutviklinga bør det offentlege eigarskapet vere omfattande innanfor infrastruktur og nøkkelnæringar. Både stat, regionar og kommunar bør aktivt opprette offentleg eigde selskap som skal vere spydspissar i utviklinga av viktige næringar. Det statlege eigarskapet bør vere større og langt meir aktivt enn i dag. Landet har ei lang rekkje utfordringar for framtida når det gjeld transport og infrastruktur, næringsutvikling, energisituasjon og ureining. Selskap som Telenor, Statkraft, Posten, Statoil, NSB og Hydro har alle kompetanse til å vere med på å løyse desse utfordringane. SV vil difor reversere privatiseringa, og deretter brukar desse selskapa aktivt for å oppnå viktige mål for samfunnet. Det statlege eigarskapet bør vere langt meir aktivt enn i dag. Ein eigarstrategi for alle statlege selskap skal takast opp regelbunde i Stortinget.

For å få til eit meir aktivt og langsiktig privat eigarskap vil SV arbeide for at ein større del av verdiane som blir skapte i ei verksemd, skal brukast til å vidareutvikle verksemda. Aktivt og langsiktig eigarskap skal òg vere eit kriterium når det skal vurderast om det skal gjevast offentlege tilskot til oppstart eller forskning og utvikling.

Framtidig verdiskaping blir òg hindra ved at spekulantar kjøper seg inn i føretak og slaktar dei. For å hindre

dette vil SV føreslå ei lov om kjøp av næringsverksemd. Ei slik lov inneber at det skal kunne stillast krav til nye eigarar om at dei skal trygge arbeidsplassane for å få løyve til å overta verksemda. I tillegg vil SV krevje at verksemdar som skal gjevast ulike konsesjonar, skal gjere greie for kva verksemda skal gjere når det gjeld kompetanse- og produktutvikling og bruk av forskning.

Auka arbeidstakarpåverknad fører til langsiktig eigarskap. SV vil difor føreslå auka arbeidstakarrepresentasjon i dei styrane verksemdsorgana. SV vil òg føreslå at arbeidstakarar gjennom forkjøpsrett blir gjeve sjansen til å ta over ei verksemd som anten skal flaggast ut eller leggjast ned. SV vil òg føreslå ei eiga lov om arbeidstyrde verksemdar.

Norsk næringsliv er altfor mannsdominert. SV vil difor føreslå at det skal vere minst 40 prosent kvinner i alle verksemdsstyre.

Dei siste åra med privatisering av statleg eigde verksemdar har ført til redusert demokratisk kontroll av nøkkelindustri. SV vil hindre ei vidare privatisering av viktige verksemdar i Noreg, og vurdere tilbakekjøp og oppkjøp av strategiske eigardelar i norske selskap.

## 10.7 Produktivitet og sysselsetjing

Pengepolitikken er avgjerande for rammevilkåra til det konkurranseutsette næringslivet, og må difor styrast utifrå omsynet til sysselsetjing og næringsutvikling, ikkje berre utifrå målet om låg inflasjon. Måla for pengepolitikken skal fastsetjast av Stortinget, og framlegg til styremedlemmer i Noregs Bank skal vere lagt fram av Stortinget.

Styringa av norsk økonomi kan ikkje overlatast til pengepolitikken åleine. SV vil bruke statsbudsjettet aktivt for å styrkje stabil sysselsetjing og aktivitet.

SV vil vri investeringar vekk frå spekulasjon i eigedom og finansmarknader og over til produktiv verksemd. Det er difor rett med høgare skattlegging av bustad og eigedom. SV vil òg føreslå andre reguleringstiltak som gjer det mindre lønsamt å låse store verdiar i eigedom. Sterk satsing på velferd, utdanning og -forskning gjev auka produktivitet og økonomisk vekst. Det er difor ikkje rett at eit lågast mogleg skattenivå er det beste for næringslivet. SV vil bruke inntekter frå auka skattlegging av kapital og overskot til målretta tiltak for å styrkje utviklinga av norske næringar og arbeidsplassar.

# #11

## Likestilling og likeverd

SV vil kjempe mot alle former for diskriminering. SV vil auke innsatsen når det gjeld menneskerettar, systematisk antidiskrimineringsarbeid og eit heilskapleg lovvern mot diskriminering. SV ønskjer å setje eit spesielt søkjelys på diskriminering på bakgrunn av kjønn, hudfarge, etnisk opphav, religion, funksjonshemming eller seksuell orientering.

Kvinner har rett til ikkje å bli diskriminerte på bakgrunn av kjønnet sitt. Dette må òg gjelde for religiøse trussamfunn. Difor går SV inn for å fjerne unnatakshøvet for indre tilhøve i trussamfunn som finst i likestillingslova.

Kvinnekonvensjonen må kome inn i norsk lov gjennom Menneskerettslova.

### 11.1 Kvinnefrigjering

SV er eit feministisk parti. Dette vil seie at SV erkjenner at kvinner blir undertrykte politisk, sosialt, kulturelt og økonomisk både i Noreg og resten av verda, og at vi vil kjempe for kvinnefrigjering på alle desse områda. Kampen for kvinnefrigjering er først og fremst ein kamp for rettvis, og er ein av dei grunnleggjande oppgåvene til SV.

Makt og ressursar er ujamt fordelte mellom kjønna. Kvinner har mindre makt enn menn. Dei eig mindre, tener mindre og lønsskilnadene aukar. Målet til SV er å styrkje stillinga til kvinner på alle felt i samfunnslivet, og gje kvinner meir makt og påverknad.

Kampen for likestilling og likeverd skal gjennomsyre all politikk i SV. SV vil arbeide for å synleggjere det som er skeivt, og jamne ut skilnadene gjennom kjønnsanalyse av rekneskap og budsjett. SV vil leggje vinn på lik representasjon i alle styre, råd, komitear og utval.

Kva kjønn ein tilhøyrer, legg i dag avgrensingar på sjansane til einskildmennesket. SV kjempar mot eit samfunn der individuell fridom blir viktigare enn kva kjønn du tilhøyrer. Arbeidslivet er heilt avgjerande for likestilling. Utan økonomisk likestilling blir det ikkje reell likestilling. Kvinner i Noreg arbeider mykje, men får mindre uttøling enn menn når det gjeld løn, pensjon og påverknad.

I det norske samfunnet er kvinner meir avhengige av ein god velferdsstat enn menn. Ein velfungerande velferdsstat har mange oppgåver som først og fremst kvinner utfører. I tillegg gjev han kvinner auka høve til arbeid. Kampen for ein velfungerande velferdsstat er difor òg ein kamp for likestilling mellom kvinner og menn.

Kvinner blir diskriminerte i arbeidslivet. Kvinnedominerte yrke har gjennomgåande lågare løn enn mannsdominerte yrke ein kan jamføre med. SV vil difor arbeide for jamnare rekruttering, for slik å viske ut skilje mellom manns- og kvinnedominerte yrke, mellom anna ved at det blir tilsett fleire kvinnelege leiarar. I tillegg må skilnadene i løn mellom kvinner og menn i «arbeid av lik verdi» utjamnast. SV går òg inn for kvotering som verkemiddel, til dømes ved inntak til utdanning der det eine kjønn er kraftig underrepresentert.

Arbeidslivet må endrast slik at det blir lettare for både kvinner og menn å sameine yrkesarbeid og barneomsorg. Likestilling inneber at fedrar tek større del i omsorg for barna sine. Dette vil endre aksepten samfunnet, og ikkje minst arbeidsgjevaren, har for kvinnelege og mannlege arbeidstakarar med små barn.

SV har som mål å utvide fødselspermisjonen med ti veker til 52 veker med full lønskompensasjon. Ni veker skal mor ha som i dag, ein tredel av det andre skal far ha.

Det er vidare viktig at far tener opp sjølvstendige permisjonsrettar, og all forskjellsbehandling av foreldre må fjernast.

Kampen for likestilling i familien og i samfunnet møter motstand i alle kulturar, men kvinner med minoritetsbakgrunn kan oppleve dobbel undertrykking, både på grunn av hudfarge, etnisk bakgrunn og tradisjon og fordi dei er kvinner. SV vil difor arbeide for å betre stillinga til kvinner med minoritetsbakgrunn.

Mange kvinner med minoritetsbakgrunn har store vanskar med å få arbeid. Ved å skaffe seg arbeid kan kvinner med minoritetsbakgrunn bli meir økonomisk uavhengige og få betre tilgang til deltaking i samfunnslivet. SV vil difor arbeide for å leggje til rette for spesielle arbeidsmarknadstiltak retta mot kvinner med minoritetsbakgrunn.

#### 11.1.1 Reproduktive rettar og kvinnehelse

SV meiner at retten til å ta avgjerder om eigen kropp er ei heilt sentral kvinnesak i likestillingskampen. Denne retten er langt frå sikra, men blir tvert imot motarbeidd frå fleire hald. Dette ser vi mellom anna gjennom åtak på dei reproduktive rettane til kvinner, auka fokusering på kroppsideal og nedprioritering av kvinnehelse.

Kampen for sjølvbestemt abort har vore heilt sentral for kvinnefrigjering i Noreg. SV vil arbeide for at retten til sjølvbestemt abort blir utvida til òg å gjelde mellom 12. og 16. Svangerskapsveke, slik at nemndene ikkje lenger kan ta avgjerder over kroppen til kvinner i denne perioden.

Venleiksidealet i reklamen skapar eit venleikspres som råkar barn og unge. Dette presset blir utnytta av slankemiddel- og venleiksindustrien og er eit stadig aukande samfunnsproblem. SV vil arbeide for å redusere dette presset, mellom anna gjennom restriksjonar på marknadsføring og forbrukarpress, og ved fastsetjing av aldersgrenser.

For å hindre kvinnediskriminering vil SV arbeide for ei strengare og meir konsekvent handheving av marknadsføringsreglane, og føreslå at marknadsføringslova blir endra slik at det blir lettare å stoppe kvinnediskriminerande reklame. I tillegg til SV føreslå eit generelt tilbod mot marknadsføring av kosmetisk kirurgi og slankemiddel.

Aldersgrensa for kosmetiske operasjonar bør òg setjast til 18 år, dersom ikkje medisinske omsyn seier noko anna.

Eteforstyrningar er eit aukande problem mellom ungdom. SV vil arbeide for at det blir oppretta gode behandlingstilbod i alle delar av landet, og at helsestasjonane utviklar tilbod til ungdom, mellom anna gjennom å arbeide førebyggjande i ungdomsmiljøa. I tillegg vil SV støtte foreiningar som arbeider med eteforstyrningar.

Kvinnehelse har i lang tid blitt nedprioritert i det norske helsevesenet, mellom anna ved at det blir forskå lite på tradisjonelle kvinnesjukdommar og på korleis kvinner blir råka av sjukdommar. I tillegg blir sjukdommar og skadar som kvinner får i arbeidslivet sjeldan definerte som yrkesskadar. Slik misser kvinner viktige trygderettar. SV vil difor føreslå eigne løyvingar som er øyremerkte forskning på typiske kvinnesjukdommar. I tillegg må lista over godkjende yrkessjukdommar utvidast, slik at dei skadane kvinner får i arbeidslivet, òg blir rekna med.

#### 11.1.2 Vald mot kvinner

Vald i familien og seksuelle overgrep er eit stort samfunnsproblem. SV vil arbeide for skjerpa straff for seksuelle overgrep. Den aller viktigaste utfordringa er sjølvsagd å førebyggje seksuelle overgrep. I tillegg er det eit mål at fleire overgrep blir melde til politiet, og at fleire blir dømde i slike saker.

Arbeidet mot vald og seksuelle overgrep må styrkjast, mellom anna ved at det blir oppretta valdsmottak knytte til akuttmottaka på sjukehusa, ved å betre tryggleiksalarmtenesta for valdsutsette kvinner og ved å auke støtta til behandling av overgripapar valdsutøvarar. Vi vil òg arbeide for at det er overgriparen som skal fjernast frå heimen i familievaldsaker, med vesentleg sterkare straffereaksjonar med ein gong for brot på opphalds- og besøksforbod og trugsmål. Vidare vil SV at krisesentra og støttesentra mot incest hovudsakeleg skal finansierast at staten gjennom eigne løyvingar.

Porno og prostitusjon er basert på fornedring og utnytting av kvinner, og er ein marknad med enorm lønsemd for kapitalkreftene som står bak. Politi- og påtalemyndighet må følgje meir aktivt opp med handheving av lovverket som forbyr porno, hallik- og bordellverksemd. SV vil òg føreslå auka hjelp til alleprostituerte slik at dei kan kome seg ut av prostitusjon, arbeide mot liberalisering av pornologgevinga og utvide lovgjevinga til å omfatte kjønnsdiskriminerande porno. SV ønskjer å styrkje arbeidet med haldningsskaping mot kjøp av sex.

Seksuell trakassering må sjåast på som eit kollektivt, strukturelt og kulturelt problem og ikkje som eit individuelt problem eller som eit resultat av avvikande åtferd hos somme menn. Granskingar viser at seksuell trakassering er eit utbreidd problem både i skulen og på arbeidsplassen. Vi treng ei offensiv satsing mot seksuell trakassering, med auka løyvingar til forskning, kartlegging og konkrete prosjekt. Dessutan auka støtte til organisasjonar som tek sikte på å arbeide mot seksuell trakassering.

## 11.2 Rettane til lesbiske og homofile

SV vil kjempe mot forskjellsbehandling etter seksuell orientering. Det er på tide å innføre full likestilling mellom heterofile og homofile når det gjeld ekteskap. SV vil ha ei kjønnsnøytral ekteskapslovgjeving gjeldande for alle, og med det erstatte partnerskapslova med full likestilling.

Adopsjonsvurdering skal skje på grunnlag av om ein er eigna og ikkje av den seksuelle orienteringa til adoptivforeldra. SV vil føreslå at homofile skal ha rett til å bli vurderte som adoptivforeldre på lik line med heterofile.

SV vil arbeide for å fjerne diskrimineringa av lesbiske og homofile i arbeidsmiljølova. I tillegg vil SV føreslå at lesbiske, homofile, bifile og transkjønna blir verna både av nasjonal og internasjonal menneskerettslovgjeving.

## 11.3 Eit inkluderande samfunn

Noreg er eit mangfaldig, fleirkulturelt samfunn. Alle menneske i Noreg må gjevast like høve til arbeid, utdanning og deltaking i samfunnslivet. Målet er eit romsleg samfunn der alle opplever at dei blir vurderte som einskildindivid, same kva tru, etnisitet eller kulturell bakgrunn dei har.

Noreg er forplikta til å sikre alle som bur i landet, grunnleggjande menneskerettar, og til å kjempe mot rasisme og diskriminering. SV vil sikre rettsvernet til minoritetane gjennom å styrkje lovverket. I tillegg vil SV støtte at det blir oppretta eit ombod mot etnisk diskriminering.

Trakassering, rasisme og vald retta mot etniske minoritetar må nedkjempast aktivt, mellom anna ved at politiet nøye følgjer med i utviklinga i dei høgreekstre miljøa. SV vil føreslå tiltak mot rekruttering til nynazistiske miljø og at bruken av straffelova blir skjerpa for å hindre diskriminering, trakassering og vald. Skal lovgjevinga verke etter føremålet, må politi og domstolar ha innsikt og kompetanse på feltet.

Ein føresetnad for vellukka integrasjon i eit fleirkulturelt samfunn er gjensidig tillit og respekt. Det må difor vere rom for forskjell i levemåtar, religionar og kultur. SV vil arbeide mot forbod mot klesdrakt eller bruk av kleskodar som uttrykkjer kulturell, sosial eller religiøs tilknytning.

Ein god offentleg skule der alle elevar med ulik bakgrunn kan møtast som likeverdige, er den viktigaste ytinga til eit framtidig inkluderande samfunn.

SV vil arbeide for å styrkje fellesskulen og unngå privatskular.

SV vil føreslå fjerne den kristne føremålsparagrafen og erstatte KRL-faget i skulen med eit livssynsnøytralt og inkluderande fag.

Barn busette i Noreg har rett til opplæring. Det er forbode å ta frå barn denne retten, mellom anna ved å ta barn ut av skulen utan løyve frå skulemakta. SV vil styrkje arbeide for å sikre alle barn ei fullverdig utdanning.

Menneske med minoritetsbakgrunn blir diskriminerte på arbeidsmarknaden, mellom anna ved at dei ikkje blir kalla inn til intervju når dei har eit namn som er av utanlandsk opphav. Dette problemet blir forsterka når arbeidsløysa er høg. Kampen for full sysselsetjing er difor ein viktig del av kampen for eit rettvis fleirkulturelt samfunn. Handlingsplanen for rekruttering av minoritetsspråklege til offentleg sektor har ikkje ført til fleire tilsetjingar av minoritetsspråklege. Menneske med minoritetsbakgrunn er framleis grovt overrepresenterte på arbeidsløysestatistikken. SV føreslår difor å innføre kvotering av minoritetsspråklege arbeidssøkarar ved tilsetjingar i offentleg sektor. Målet er at arbeidslivet skal spegle samansetjinga av folket.

Maktubalansen mellom kjønna inneber at mange kvinner med minoritetsbakgrunn blir diskriminerte, både på grunn av hudfarge, etnisk bakgrunn og tradisjon og fordi dei er kvinner. SV vil arbeide for at kvinner med minoritetsbakgrunn blir likestilte med menn. Denne likestillinga inneber at kvinnene blir økonomisk uavhengige, får ta del i samfunnslivet og får makt over eigen kropp og seksualitet.

Tvangsekteskap er ulovleg. Unge kvinner og menn har rett til sjølv å ta vala sine uavhengig av tradisjonelle maktstrukturar. Det er opp til kvar einskild å avgjere kva tid og med kven ein vil gifte seg. SV er mot å vedta lover som har som føremål å hindre at menneske gifter seg med kvarandre og bur saman. SV vil endre ramma for forsørgjarplikta ved familiesamanføring.

Kjønnslemlesting er ulovleg, same kva tradisjonen eller kulturen seier om det. SV vil styrkje arbeidet mot kjønnslemlesting gjennom informasjon, utbygd skulehelseteneste og helseteneste for ungdom. SV vil føre-

slå påbod om offentleg påtale ved kjønnslemlesting.

Mange barn og ungdommar med minoritetsbakgrunn har vanskar på skulen, mellom anna fordi dei ikkje kan norsk godt nok. SV vil auke språkkompetasen deira ved å gje elevane eit betre tilbod både i norsk og i morsmålet til den einskilde. Barnehage er ein viktig arena for å lære seg norsk. SV vil difor byrje med å innføre gratis kjernetid i barnehagar i område der konsentrasjonen av språklege minoritetar er høg.

Menneske som kjem til Noreg for å søkje asyl, har rett til human mottaking av styresmaktene. Dette gjeld òg dei som får avslag på søknaden sin. Staten må sikre rimelege levevilkår for dei som av ulike grunnar ikkje kan sendast attende.

Situasjonen til flyktingar og asylsøkarar på mottaka må betrast både økonomisk og sosialt gjennom å til bynorskopplæring, velferdstilbod og psykiatrisk hjelp. Rettstryggleiken må betrast for asylsøkarar både i høve til hjelp frå advokat, tilgang til avgjerdsgrunnlaget til utlendingsstyresmaktene og i høve til 48-timarsprosedyren.

Mindreårige einslege asylsøkarar skal vere eit ansvar for barnevernet på lik line med norske barn utan foreldre og føresette. SV vil arbeide for at dei får tettare oppfølging, og leggje til rette for at dei får dei same sjansane som andre barn som veks opp i Noreg.

# #12

## Eit humant arbeidsliv

Retten til eit meningsfylt arbeid er ein grunnleggjande menneskerett. SV vil at alle skal kunne forsørgje seg sjølve, gje noko til samfunnet og på same tid ha større makt over eigen arbeidssituasjon. Arbeid til alle og eit demokratisk arbeidsliv er dei overordna måla våre.

Brutaliseringa av arbeidslivet som kjem til uttrykk gjennom stadige omstillingar og redusering av talet på arbeidstakarar, auka arbeidspress og stress på den enkelte arbeidsplassen, er ikkje eit problem som kan løysast individuelt. Det er eit grunnleggjande samfunnsproblem. Konkurransesklimaet i arbeidslivet skubbar kostnadene ved denne utviklinga over på det offentlege gjennom sterkt aukande trygdeutgifter. For SV er det uaktuelt å leggje desse bøkene på dei som er utstøytte frå arbeidslivet, ved kutt i trygd og velferd. Det er sløsing med ressursar når ein stor del av arbeidsstyrken blir halden utanfor arbeidslivet. SV vil arbeide for målretta arbeid for alle, regulering av kapitalkreftene og ei arbeidstidsreform.

### 12.1 Rolla til fagrørsla

Fagrørsla er ei av hovuddrivkreftene for sosial og økonomisk utjamning og demokratisering av samfunnet. Fagrørsla er under press både frå arbeidsgjevarar og borgarlege politikarar som ønskjer ei utholing av faglege rettar. For få arbeidstakarar er fagorganiserte. SV vil føreslå at heile fagforeiningskontingenten gjev rett til frådrag som utgift.

Det er viktig at tillitsvalde har gode arbeidsvilkår på arbeidsplassen, og på alle nivå i større verksemder. SV vil arbeide for at fagrørsla får auka påverknad når det gjeld organisering av arbeid, leiing, innføring av ny teknologi, arbeidstidsordningar og arbeidsmiljø.

### 12.2 Auka påverknad

Mange arbeidsplassar blir leidde etter prinsipp som ikkje er tilpassa eit moderne, framtidretta arbeidsliv. Eit framtidretta arbeidsliv må demokratiserast. SV vil difor føreslå at tilsette kan krevje styrerepresentasjon i verksemder med fleire enn ti tilsette.

SV vil på denne bakgrunnen auke påverknaden til dei tilsette i selskapet i første omgang med inntil 40 prosent av røystene på generalforsamlingar.

Eit aukande problem er at verksemdene betalar ut store aksjeutbyte, og gir leiarane store opsjonar. Arbeidstakarane vil i mange tilfelle vere meir opptekne av å skape arbeidsplassar i verksemda. SV vil difor arbeide for at dei tilsette får høve til å ta avgjerder om delar av overskotet i verksemda.

Utviklinga av offentleg sektor er avhengig av at dei tilsette får auka rett til medverknad når avgjerder skal takast, slik at dei kan vere med med kompetansen og erfaringane sine. I tillegg må det gjevast auka høve til brukarmedverknad. Tenestemannslova må difor forbedrast, ikkje opphevast.

Alle offentleg tilsette skal ha ein sjølvsgd rett til å uttale seg utan å vere redd for sanksjonar. SV vil styrkje vernet av tillitsvalde og tilsette som seier ifrå om kritikkverdige tilhøve på arbeidsplassen. Dette gjeld òg private verksemder.

Ein sterkare yringsfridom i tilsetjingstilhøve både i privat og offentleg sektor er ein føresetnad for eit vel fungerande demokrati, ikkje berre for den einskilde arbeidstakaren, men òg for å sikre kvalitet og tryggleik, og motverke økonomisk kriminalitet.

### 12.3 Arbeid til alle

SV vil arbeide for at alle som søker arbeid, skal få eit tilbod om arbeid eller gjevast høve til etter- og vidareutdanning innan eitt år. SV vil betre dagpengeordninga for deltidstilsette, reversere innstrammingar i feriepengar, stillingsdel, inntektsgrense og kuttet frå tre til to år i dagpengeperioden. SV vil at perioden med dagpengar skal vere tre år som han var tidlegare. Ferietillegget bør innførast att.

Ungdom blir særleg råka ved høg arbeidsløyse. SV vil føreslå ein ungdomsgaranti som sikrar ungdom under 25 år rett til arbeid, utdanning eller tiltaksplass innan seks månader.

Våre tiltak mot arbeidsløyse vil hindre sløsing med ressursar, og leggje til rette for lønsam verdiskaping. Ved arbeidsløyse bør auka verksemd i offentleg sektor aktivt brukast til å skape fleire arbeidsplassar. Samfunnsnyttige tiltak som kan setjast i verk, kan vere både auka offentleg tenesteyting av mange slag, og gjennomføring av viktige samfunnsinvesteringar som opprusting av skular og bustadbygging. I tillegg er det trong for ein betre infrastruktur, mellom anna opprusting av jarnbanenettet og delar av vegnettet.

Full sysselsetjing må sikrast både ved at det blir skapt nye arbeidsplassar og ved at arbeidstakarar blir gjevne naudsynnte kvalifikasjonar slik at eksisterande arbeidsplassar kan utviklast. SV vil difor auke satsinga på næringsretta forskning og utvikling.

Full sysselsetjing kan berre sikrast gjennom ein aktiv stat og god kommuneøkonomi. Ein aktiv stat må mellom anna gjennom offensiv næringspolitikk og ein godt utbygd offentleg administrasjon, ta ansvaret for å sikre full sysselsetjing.

Ei årsak til høg arbeidsløyse i visse grupper er diskriminering. Grupper som blir diskriminerte er funksjonshemma og etniske minoritetar, som i praksis blir ute-stengde frå arbeidslivet. Arbeidssøklarar med slik bakgrunn har i mange tilfelle store vanskar med å få arbeid som samsvarar med kvalifikasjonane deira. SV vil arbeide for at denne diskrimineringa sluttar, mellom anna gjennom kvotering.

Ikkje alle passar inn i det ordinære arbeidslivet. Difor må det i større grad leggjast til rette, opprettast og gjevast tilskot til stillingar og tiltak, slik at desse òg får brukt ressursane sine.

Personar som er tidlegare straffa eller i rehabilitering frå rusmisbruk eller psykiske lidningar, er ofte ufriviljug arbeidslause. SV vil difor arbeide for at desse får langt betre hjelp til å skaffe seg arbeid.

SV vil arbeide for at yringsfridomen blir overhalden i samband med religiøse og politiske symbol og plagg.

### 12.4 Arbeidstid

SV vil ha ei arbeidstidsreform. Ei slik reform må gjennomførast av partane i arbeidslivet i samarbeid med det offentlege. Målet er å gje den einskilde meir fritid, skape rom for fleire i arbeidslivet og gjere det mogleg for fleire arbeidstakarar å stå i arbeid fram til pensjonsalderen. SV vil difor arbeide for ei arbeidstidsreform for kortare arbeidsdag med full lønskompensasjon. Ei slik reform skal gjennomførast stegvis, og målet er ein arbeidsdag på seks timar. SV vil òg føreslå forsøk med sekstimarsdag i offentleg sektor.

Faste heile stillingar er ein grunnstein i norsk arbeidsliv. Heile stillingar gjev økonomisk sjølvstende og naudsynt tryggleik i arbeidstilhøvet, som igjen gjev rom for personleg og fagleg utvikling. SV vil lovfeste rett til heiltid, og høve til deltid.

For SV er det viktig at dei som arbeider i varehandelen får arbeidstider som gjev rom for fritid og sosialt liv. SV ønskjer difor å redusere opningstidene og avgrense bruken av unntak frå reglane.

### 12.5 Eit humant arbeidsliv

Krava i arbeidslivet blir stadig hardare. Eit meir brutalt arbeidsliv er eit resultat av auka krav om avkasting for eigarar i næringslivet, og krav som stadig blir tekne opp att, om å kutte kostnader i offentleg sektor. Dette fører til at mange tilsette blir utsette for press

dei over tid ikkje klarer. Resultatet av auka arbeidspress og stadige omstillingar er auka sjukefråvær og fleire uføretrygda. Svaret til høgresida er å ta frå sjuke menneske full løn når dei er sjuke. SV vil kjempe mot alle innskrenkingar som rårar sjukelønsmottakarane i den sjukelønnsordninga vi har i dag.

Auken i langtidssjukefråværet og uføretrygding har vore særleg stor mellom tilsette i dei kommunale pleie- og omsorgstenestene. Eit stadig aukande press på kommuneøkonomien og krav til å redusere talet på tilsette, har skapt stort arbeidspress og uakseptable arbeidstilhøve i mange kommunar. Resultatet er auka sjukefråvær og dermed ein endå meir pressa arbeids-situasjon for dei tilsette.

For å snu denne negative trenden er det viktig med ein kraftig auke i grunnarbeidsstokken i pleie- og omsorgs-sektoren. Dette er òg avgjerande for at kommunane skal kunne sørgje for nok rekruttering til desse yrka, for å kome ein stigande trong i møte i åra framover. SV vil setje kommunane i økonomisk stand til dette gjennom auka overføringar frå staten.

SV vil arbeide mot den aukande brutaliseringa av arbeidslivet. Målet er eit arbeidsliv der alle kan ta del og ingen kan støytast ut. Å lukkast med det krev betre samarbeid på arbeidsplassane og større påverknad for dei tilsette. Samtidig må ikkje Stortinget gje arbeidsgjevarane meir makt til å påleggje overtid og tilsette folk mellombels.

Dei stadige forsøka frå høgresida om å svekkje opparbeidde rettar har på fleire område lukkast. Det gjeld mellom anna liberaliserte overtidsreglar, og reglar for inn- og utleige av arbeidskraft. Resultatet er at arbeidsgjevarane i dag har fått for mykje makt på kostnad av arbeidstakarane. SV vil rette opp denne situasjonen, mellom anna gjennom skjerpa reglar når det gjeld overdraging av verksemder, nedleggingar, redusering av arbeidsstokken, omstillingar, outsour-

cing, bruk av kontraktørar og oppsplitting av selskap. Reell forhandlingsrett og lokal konfliktrett skal gjennomførast. I tillegg vil SV lovfeste lågare grenser for kor mykje overtid kvar einskild skal kunne påleggast av arbeidsgjevar. SV vil gå gjennom regelverket for inn- og utleige av arbeidskraft for å styrkje rettane til arbeidstakarane og sikre seriøsitet i verksemdene.

Arbeidslivet har endra seg på mange område sidan arbeidsmiljølova kom i 1978. Utviklinga dei siste åra med brutalisert arbeidsliv, nedleggingar og omstillingar har auka trongen for at arbeidstakarar har eit lovverk som tek vare på rettane deira på sentrale område. SV vil arbeide for å styrkje arbeidsmiljølova, mellom anna ved å avgrense høvet arbeidstakaren har til å påleggje overtid og bruke mellombelse tilsetjingar. Tillitsvalde må gjevast full tilgang til alle lister over arbeidstid og utbetalt løn for den einskilde arbeidstakaren. I tillegg må lova betre stillinga og påverknaden arbeidstakarane har på arbeidsplassane, mellom anna gjennom ei styrking av verneombodsordninga og retten dei tilsette har til å påverke avgjerder.

Slitasjelidingar er eit problem, særleg i mange kvinneyrke, og mange orkar ikkje å stå i ei stilling eit heilt arbeidsliv. Slitasjelidingar på grunn av arbeid må difor reknast som yrkesskadar.

Arbeidslivet må følgje opp avtalen om inkluderande arbeidsliv (IA-avtalen). Det må setjast klare måltal for rekrutteringa av arbeidssøkjande. SV ønskjer at IA-avtalen blir vidareført ut over avtaleperioden.

## 12.6 Lik løn for likeverdige arbeid

Fordeling av økonomiske ressursar blir avgjorde på fleire hald. Lønsinntekt er ei viktig kjelde. Lønnsforskjellane mellom kvinner og menn er store. Månadsløna til kvinner utgjer i gjennomsnitt om lag 84 prosent av løna til menn. Skilnaden er den same som i 1997. Skilnaden

kan til dels forklarast med at kvinner arbeider deltid. Men det meste av lønsgapet kan berre forklarast med diskriminering av kvinner.

Lønnsdiskrimineringa må avskaffast gjennom konkrete tiltak. SV vil støtte fagrørsla i arbeidet deira, vidareutvikle likestillingslova og føreslå ein likelønnskommissjon. SV vil arbeide for at arbeid av lik verdi blir likt løna, og at turnus og skift blir likestilt når det gjeld løn.

## 12.7 Sosial dumping

For SV er det eit grunnleggjande prinsipp at alt arbeid som blir utført i Noreg, skal utførast til norske løns- og arbeidsvilkår. Alt anna er sosial dumping. I kjølvatnet av dette følgjer ofte svart arbeid og anna form for økonomisk kriminalitet. Veksande lønsforskjellar saman med auka konkurranse på tenester, mellom anna i EØS-området, gjev større risiko for sosial dumping driven fram av arbeidsgjevarane.

SV vil styrkje Arbeidstilsynet, arbeidet til Skattedirektoratet og andre relevante instansar mot kriminalitet og sosial dumping. I tillegg vil SV gjere det lettare for fagrørsla å allmenngjere heile eller delar av tariffavtalar. SV vil slå fast at alt arbeid som det offentlege og selskap i offentleg eige gjer, skal utførast til norske løns-, pensjons- og arbeidsvilkår.

SV vil ikkje godta at arbeidsinnvandring blir eit middel til å halde nede eller svekkje vilkåra i arbeidslivet. SV ser positivt på auka arbeidsinnvandring, og at desse arbeidstakarane skal ha dei same løns- og arbeidsvilkåra som norske arbeidstakarar.

Bruk av underentreprenørar og arbeidsleige fører til oppsplitting av oppdrag og ansvarstilhøve, noko som skapar uoversiktlege tilhøve. Samtidig aukar omfanget av skattesnyteri.

SV vil difor gjere framlegg om å styrkje handhevings- og

kontrollmekanismane gjennom slagkraftige offentlege og samkøyrde tilsyn, der Arbeidstilsynet må tilleggjast samordningsansvaret og hovudansvaret for oppfølging. Desse tilsyna må òg kontrollere løns- og arbeidsvilkår. Vidare skal det når det offentlege eller eit offentleg føretak set vekk arbeidet, krevjast norske løns- og arbeidsvilkår fastpristilbodet. Verksemder som legg inn fastpristilbod, må kunne dokumentere at dei ikkje skuldar skatt og avgifter, har ordna løns- og arbeidstilhøve og eit skikkeleg system for helse, miljø og tryggleik. Når kontraktar blir underteikna mellom offentleg sektor og privat verksemd skal det ikkje vere høve til å konkurrere på løns-, pensjons- og arbeidstilhøve. SV meiner at ILO-konvensjonen 94 må setjast i verk.

Hovudentreprenør og byggherre må gjerast ansvarlege for at underentreprenørar operer innanfor lova og avtaleverket, og betalar skatt og avgifter. SV vil arbeide for at tillitsvalde hos hovudentreprenør skal ha tilgang til opplysningar om løns- og arbeidsvilkår hos underleverandøren. Vidare vil SV arbeide for offentlege autorisasjonsordningar for vikarbyrå og utleige- og arbeidsformidlingselskap. Strafferamma overfor verksemder som ikkje følgjer lova, må skjerpast, og politietterforskinga av slik kriminalitet må aukast. SV vil støtte innsatsen fagrørsla gjer mot kontraktørverksemd. SV vil ha ein styrkt tilgang til bruk av boikott mot arbeidsgjevarar som driv sosial dumping eller som nektar å gje opp løns- og arbeidsvilkår.

SV vil motarbeide alle framlegg til nytt tenestedirektiv som gjev større rom for europeiske selskap til å drive med sosial dumping. SV vil motarbeide eit slikt direktiv i samarbeid med europeiske allierte parti og fagrørsla, og om naudsynt arbeide for eit veto mot at eit slikt direktiv skal innlemmast i EØS-avtalen.

# #13

## Fred og solidaritet

Visjonen til SV er at Noreg skal vere ein fredsnasjon som skal påverke til det beste for menneske som blir råka av krig og urett. Vidare er visjonen vår ei rettvis verd der alle menneske får dekt dei grunnleggjande behova sine, og der konflikhtar blir løyste med fredelege middel.

Noreg skal føre ein sjølvstendig, konsekvent og aktiv politikk for fred, konfliktløysing og rettviss fredsbygging der kvinner og menn tek del på likestilt basis. SV vil føre ein heilskapleg tryggingpolitikk der den militære delen går inn saman med faktorar som gjeld økologi, ressursar og energi.

Målet til SV er at vi saman med millionar av menneske verda over skal vere med på å flytte makt frå dei rike landa for å få større global rettvise. Ei avgjerande kraft for å endre verda er dei verdsomspennande folkelege rørslene – den internasjonale fagrørsla, den internasjonale småbondeorganisasjonen, kvinnenettverk, rørsla som er kritisk til ei globalisering på vilkåra til storkonserna, miljø-, solidaritets- og menneskerettsorganisasjonar og ikkje minst fredsrørsla. SV ser seg som del av desse rørslene, og vil aktivt støtte denne nye folkelege internasjonalismen nedanfrå. Noreg skal føre ein politikk for fred og solidaritet.

Rolla til Noreg som eit land utanfor EU og utan stormaktsinteresser, må utnyttast aktivt, og rikdommane våre må brukast på ein ansvarleg måte som kan fremje velferd og miljøomsyn.

### 13.1 Styrk folkeretten

Til grunn for utanrikspolitikken til SV ligg målet om å forsvare og vidareutvikle rettar for statar og einskildmenneske slik dei er nedfelte i FN-pakta, Genèvekonvensjonen og Menneskerettserklæringane. I dag blir slike rettar svekte og undergravne. På den eine sida ser vi teikn til at retten til den sterkaste på nytt avløyser internasjonale rettsreglar baserte på statssuverenitet, ved at særleg USA påstår dei har rett til å gå til åtakskrig, såkalla «preventive forkjøpskrigar». På den andre sida blir rettstryggleiken til einskildmennesket og demokratiske rettar i land etter land svekt. SV forsvargar FN-pakta og forbodet folkeretten har mot åtakskrig, og vil gå imot alle forsøk på å undergrave desse.

SV vil styrkje rettstryggleik og demokratiske rettar. Krig og terror må nedkjempast på mange ulike måtar, men rettvise og demokrati kan fjerne viktige årsaker til terror. SV vil dessutan òg styrkje dei økonomiske, sosiale og kulturelle rettane som forpliktar statar til å omfordele ressursar og sikre grunnleggande sosial tryggleik for alle. SV vil mellom anna at Noreg skal krevje at USA skal ratifisere FN-konvensjonen om slike rettar, og at desse rettane ikkje underordnast omsynet til frihandel og profitt for storselskapa.

Transnasjonale selskap må haldast ansvarlege i høve til nasjonale reglar og lovgjeving og internasjonale konvensjonar. Nasjonale og internasjonale finansinstitusjonar må føre ein ansvarleg og berekraftig utlånspolitik.

SV vil arbeide for å få vurdert ein breiare definisjon av kva som er brot på folkeretten, mellom annan grenseoverskridande økonomisk kriminalitet. I tillegg vil SV får vurdert i kva grad selskap som rettssubjekt òg kan omfattast av folkeretten.

### 13.2 Ei betre organisert verd

SV arbeider for ein rettviss verdsorden der alle land har høve til å avgjere vegen framover. Som småstat er Noreg avhengig av internasjonale spelereglar som hindrar vilkårleg bruk av makt, og vernar interessene til dei svakaste. SV arbeider for ein verdsorden der konfliktar blir søkt løyste med fredelege middel.

FN er den viktigaste organisasjonen i verda for konfliktførebygging, konfliktdeping og samarbeid. Arbeidet med å gjere FN meir effektiv slik at ressursane kan utnyttast betre og handling kan skje raskare er viktig. Ein føresetnad for at FN kan fungere er at medlemslanda oppfattar FN som demokratisk og konsekvent, og ikkje som eit verkty for rike stormakter. FN må reformerast for å auke effektiviteten og legitimiteten sin i verdssamfunnet.

I denne samanhengen er det viktig å få til ei grunnleggjande endring av samansetnaden til Tryggingrådet, slik at ho betre speglar folket i verda, og at høve stormaktene har til å leggje ned veto, blir oppheva. I tillegg vil SV at Generalforsamlinga blir styrkt ved at ho tek over ein del av oppgåvene til Tryggingrådet.

Noreg må arbeide for at medlemslanda i FN oppfyller dei økonomiske pliktene sine overfor organisasjonen. Samtidig må Noreg arbeide for at FN kan bli mindre avhengig av medlemslanda ved å forvalte og krevje inn eigne ressursar. Valutaskatt og skatt på internasjonal transport og våpenhandel, er døme på slike ressursar.

Den globale økonomien må styrast slik at han fremjar, ikkje hemmar, berekraftig og rettviss utvikling, og han må kome frå alle land, folkeslag og sosiale lag til gode. Prinsippa om spesiell og differensiert behandling, føre var og at den som ureinar betalar, må liggje til grunn for globaliseringa og økonomisk verksemd. Alle miljøkostnader må internaliserast, òg innanfor alle former for transport.

Liberalisering, privatisering og marknadsbaserte løysingar må ikkje veljast der dette trugar grunnleggjande sosiale menneskerettar, som rett til mat, vatn, basishelsetenester, grunnutdanning, natur og miljø.

På det økonomiske området er internasjonalt samarbeid viktig i ei tid då kapitalen er internasjonal. SV ønskjer internasjonale institusjonar som har som mål å fremje ei betre global fordeling, faglege og sosiale rettar, omsynet til miljø og matvaretryggleik og å motverke kriser. Institusjonar på det økonomiske området, særleg Det internasjonale valutafondet (IMF) og Verdshandelsorganisasjonen (WTO), er prega av marknadsliberalistisk ideologi. For SV er det viktig at internasjonale institusjonar fremjar omsynet til fordeling, velferd og miljø, og til nasjonalt handlingsrom og ein rettviss verdshandel.

Lovnadene frå miljøtoppmøtet i Johannesburg om å utvikle eit globalt, forpliktande regelverk for samfunnsansvaret til verksemdar innanfor rammene til FN må gjennomførast. Arbeidet som skjer i menneskerettskomiteen med UN Norms er eit viktig steg i rett retning.

### 13.3 Kamp om menneskehandel

Handel med menneske, særleg kvinner og barn til porno- og prostitusjonsindustrien, er ein av dei mest innbringande industriane i verda. Menneskehandelen må nedkjempast både med tiltak for å fjerne fattigdom og for å styrkje stillinga til kvinner, og med tettare politisamarbeid med andre land for å rulle opp dei kriminelle nettverka som organiserer denne verksemda. Rettsvernet og innsatsen for å hjelpe dei som er offer for menneskehandelen, må òg styrkjast. Så lenge det finst ein marknad av menn som kjøper seg tilgang til kroppar, blir slik menneskehandel oppretthalden. Slike marknader trivst i krig og konfliktsituasjonar, òg innanfor internasjonale fredsstyrkar. Det må etablerast nulltoleranse mot deltaking i slik verksemd for alt personell i norsk og internasjonal teneste.

### 13.4 Demokrati og menneskerettar

Vi kan ikkje sitje stille og sjå på at demokratiet blir svekt. Overgrep mot demokratiske rettar må ikkje godtakast, same kvar dei skjer. Demokratisering og fjerning av diktatur er naudsynt for å få eit godt styresett, rettviss fordeling og utbygging av offentlege helse- og utdannings-tilbod. Korrupsjon er mange stader ein viktig bremsekloss i utviklinga, og må nedkjempast på alle nivå.

SV vil at Noreg skal arbeide aktivt for å styrkje dei faglege, sosiale og demokratiske rettane i fattige land, og gje politisk og økonomisk støtte til fagrørsla, demokratirørsler og sosiale rørsler. Dette vil byggje sterkare

sivile samfunn, som ein føresetnad for velfungerande demokrati.

I kjølvatnet av den såkalla «krigen mot terror» som USA står i spissen for, har vi mange stader sett skremmande åtak på fridomen til menneske. Dette gjeld mellom annan innskrenkingar i ytringsfridom, demonstrasjonsfridom og organisasjonsfridom, og auka overvaking av sivilfolket. Reiskapen som har vore brukt er innføring av nye terrorlover, òg i EU og Noreg. Desse endringane representerer alvorlege brot på grunnleggjande menneskerettar, og SV kan ikkje akseptere at frykt for terror blir brukt for å legitimere ei slik utvikling. SV vil stå fast som forsvarar av desse rettane.

### 13.5 Betre global fordeling

Framleis lever over ein milliard menneske i djup fattigdom, sjølv om det har skjedd ei positiv utvikling i ein-skilde land dei siste åra. Kvinner utgjer størsteparten av dei fattige i verda. For SV er det viktig å ha med kjønnsperspektivet i kampen mot fattigdom og urett. Gapet mellom fattige og rike land aukar, og millionar av menneske blir fråtekne høvet til å skape si eiga framtid.

Tilgang til drikkevatt er ein menneskerett. Vatt eignar seg difor ikkje som handelsvare, eller til å bli eigd av private kommersielle interesser. Den aukande privatiseringa av vassforsyning og vassrelaterte teneste er eit trugsmål mot grunnleggjande behov for tilgang til vatt for den fattige delen av folket. Statlege og lokale styresmakter bør ha ansvaret for å sørgje for grunnleggjande vassforsyning og sanitære tenester, med vekt på at brukarinteressene skal vere i fokus.

Om kampen mot fattigdommen skal vinnast dei neste tiåra, er det trong for ei radikal omlegging av internasjonal handel, sletting av gjelda til gjeldstyngde land, avslutte konflikter og ei opptrapping av bistanden til

mellom anna helse og utdanning. Mange av dei fattige i verda bur i ressursrike land med ein velstående økonomisk elite, og i desse landa er ein annan fordelingspolitikk avgjerande for å nedkjempe fattigdom.

SV vil at internasjonale organisasjonar i større grad skal engasjere seg i fordelingspolitikk.

SV arbeider for ein rettviss verdsorden. Vi vil arbeide imot at konsern og mektige land kan hindre andre land i å velje sin eigen veg framover. At fattige land blir tvinga til å opne marknadene sine må erstattast av rettvise handelsreglar som fremjar utvikling. Straumen av pengar og ressursar frå sør til nord må snuast, og norsk bistandspolitikk må endrast slik at han støttar ei utvikling på premissane til dei fattige.

SV vil arbeide for å styrkje inntektene til FN og underorganisasjonane gjennom å støtte freistnadene på å innføre ei internasjonal forpliktande finansiering, til dømes gjennom ulike avgifter. Slike skatteinntekter bør gå til FN.

Internasjonale spekulantar kan skape stor ustabilitet ved å flytte store mengder kapital på kort tid. Dette er både eit økonomisk og eit demokratisk problem som må møtast med ulike former for kapitalkontroll. SV vil difor arbeide for at Noreg internasjonalt gjer framlegg om ein global skatt på valutatransaksjonar. SV støttar òg arbeidet for internasjonal skatt på transport og våpenhandel.

SV vil at det skal stillast klare krav til norske verksemdar om å respektere kjernekonvensjonane til ILO, som mellom anna sikrar organisasjonsfridom og forbyr barne- og slavearbeid. Verksemdene må vere opne og informasjon må sikrast, slik at forbrukarane kan vere med på å presse selskapa til ein høg etisk standard i verksemda si.

Noreg må arbeide for å gje rettsleg status til dei retningslinene transnasjonale selskap har når det gjeld

menneskerettsansvar, slik som dei er fremja for menneskerettskommissjonen i FN. Noreg må òg arbeide for å forplikte både statar, selskap og internasjonale organisasjonar til å kjempe mot korrupsjon, ikkje minst i samband med olje- og annan naturressursutvinning i fattige land. Deltakinga til norske selskap må følgje dei strengaste internasjonale reglane i denne samanhengen.

### 13.6 Frigjering

Den militære og økonomiske dominansen til USA og andre stormakter er ein av dei viktigaste grunnane til underutvikling og manglande økonomisk framgang. Kampen for at folk sjølve skal kunne avgjere den økonomiske og politiske utviklinga si er difor avgjerande for økonomisk og politisk framgang. At alle land respekterer internasjonal lov og rett, er sjølve grunnplanken i ein meir sivilisert verdsorden, og er ein føresetnad for frigjering og utvikling i fattige land.

For SV er internasjonal solidaritet avgjerande. Det vil seie at SV støttar undertrykte folk mot undertrykkjarane, og ønskjer å hjelpe land til å frigjere seg frå okkupasjon, undertrykking og ønskje frå stormakter om å diktere den politiske utviklinga.

SV støttar palestinarane i kampen mot israelsk okkupasjon og påtvinga eksil, retten deira til ein eigen stat med Aust-Jerusalem som hovudstad, og retten flyktningar har til å vende heim. SV vil leggje press på Israel og vere pådrivar i kampen mot apartheidmuren på den okkuperte Vestbreidda, i samsvar med fråsegna til den internasjonale domstolen i Haag.

Noreg må arbeide for at okkupantane leidde av USA, blir trekte ut av Irak, slik at det kan etablerast eit legitimt sivil styre. SV vil motsetje seg at Noreg tek del med militært personell eller på annan måte i Irak før okkupasjonen blir oppheva.

Eit tilnærma samrøystes FN har gong på gong fordømt den amerikanske blokaden av Cuba. SV vil ta initiativ til å motarbeide blokaden for å redusere skadeverknadene på det kubanske samfunnet.

### 13.7 Helse og velferd

Billege medisinar må stillast til rådvelde for folket i fattige land. Ein må difor hindre at internasjonale avtalar om patentrettar stoppar høvet til å produsere slike medisinar i nærleiken av områda der dei trengst. I tillegg må det gjerast eit globalt lyft for å vaksinere barn og unge mot alvorlege sjukdommar. Noreg må støtte og ta initiativ til globale vaksinasjonsprogram.

To sjukdommar, aids og malaria, er særleg alvorlege fordi dei råkar millionar av menneske og er døyelege i dag. Fire millionar menneske døyr av aids årleg, først og fremst i Afrika. Over ein million menneske døyde av malaria berre i det sørlege Afrika i 2004, dei fleste barn. Det finst i dag medisinar som kan redusere desse tala kraftig. Malaria er som oftast ikkje ein døyeleg sjukdom der som ein får rask og rett behandling. Verdhelsearbeidet må rettast inn mot desse alvorlege sjukdommane som tek livet av mange menneske i fattige land, og som med relativt små ressursar kan avgrensast.

### 13.8 Internasjonale avtalar og WTO

Avgjerder i fjerne internasjonale organ avgjer i stiggande grad kor menneske lever på denne kloden. Rammevilkår for alt samfunnsliv blir fastlagde av institusjonar som WTO, Verdsbanken og IMF.

Internasjonale avtalar er naudsynte i ei verd der menneske og samfunn stadig blir knytte tettare saman. Det trengst òg avtalar der statar gjev frå seg suverenitet. Sentrale rettar for einskildmenneske og samfunnsgrupper må vernast av folkerettslege avtalar.

Viktige miljøomsyn kan berre tryggjast gjennom forpliktande internasjonale avtalar.

Det er avgjerande at slike avtalar ikkje er underordna dei handelsreglane som blir definerte av WTO, eller vik for vedtak i Verdsbanken og IMF. Der det er konflikt mellom WTO-regelverket og internasjonale miljøavtalar, skal miljøavtalane ha forrang. Det same må gjelde i høve til ILO-konvensjonar som rettar i arbeidslivet.

Det internasjonale handelsregimet vi har i dag, er drive fram av interessene til store konsern og rike, mektige land. WTO har difor friast mogleg konkurranse som må for verdshandelen. Idealet er at verksemder, bankar og andre selskap skal konkurrere med kvarandre i ein verdøkonomi der statane ikkje skal ha lov til å gripe inn mot det som skjer på marknadene. Dette gjer at næringslivet i rike land får føremonar i konkurransen med fattige land.

WTO står midt oppe i ein forhandlingsrunde (Doharunden) som skal drive denne forma for liberalisering vidare. SV går mot å ta frå fattige land styringsrett og verkemiddel som har vore viktige for å utvikle vårt eige samfunn til eit velferdssamfunn.

Handel kan vere ein måte å vinne over fattigdommen på, men dette føreset at handelen skjer på vilkår som er ein føremon òg for dei fattige statane og for den fattige delen av folket. Fattige land må få betre tilgang til marknadene til industrilanda. Dette kan oppnåast utan ei generell industrialisering, ved at ei utvidar dei handelspreferansane utviklingsland har i dag.

Dei fattigaste landa må få hjelp til å utvikle produkt og til å marknadsføre dei vår del av verda. SV vil arbeide for at Noreg aukar importen frå fattige land.

SV støttar kravet om at alle former for eksportstøtte blir fjerna snarast råd. Samtidig må utviklingsland ha full rett til å verne næringar som dei ønskjer å byggje opp som del av ein nasjonal næringspolitikk.

Handel med mat kan ikkje sidestillast med handel med andre varer. SV støttar prinsippet om matsuverenitet, det vil seie retten eit land har til sjølv å avgjere i kva grad det vil forsyne eige folk med mat. Noreg må difor arbeide for at alle land skal kunne verne om evna si til å produsere mat og til å kjempe mot svolt og feilernæring.

Det går no føre seg forhandlingar om å auke den internasjonale handelen med tenester innanfor ramma av GATS-avtalen. SV krev at Noreg trekkjer attende alle krav som regjeringa har stilt til land i den tredje verda om å opne seg for utanlandsk konkurranse på viktige tenesteområde.

I dei tilsvarande forhandlingane om TRIPS-avtalen må Noreg gå inn for å hindre at store medisinkonsern får patentrettar som hindrar tilgangen til billige medisinar mot livstrugande sjukdommar (til dømes hiv/aids, malaria, tuberkulose) i fattige land. SV støttar kravet frå dei fleste land i den tredje verda om at WTO ikkje må utvidast med nye avtalar om investeringar, konkurransereglar, offentlege innkjøp og tilrettelegging for auka handel. Samtidig vil SV at dei norske forhandlingsposisjonane skal vere opne, og at WTO-forhandlingane blir demokratiserte.

### 13.8.1 Eit spegelvendt alternativ til WTO

SV vil arbeide for eit spegelvendt alternativ til WTO, bygt på følgjande prinsipp: Alle land bør ha handlefriheit til å gripe inn med aktiv styring på marknadene for varer, tenester, kapital og arbeidskraft – òg om dette skulle hindre den frie flyten på delar av desse marknadene. Omsyn til konkurranse og nasjonal ikkje-diskriminering må ikkje gå framfor viktige samfunnsomsyn. Kva samfunnsomsyn som har forrang – og korleis dei kan vernast – kan spesifiserast i internasjonale avtalar. Slik avtalar kan byggjast opp stegvis mellom grupper og statar, men målet er å gjere dei globale.

Alle land bør sjølve kunne velje dei verkemiddela som trengst for å sikre levedyktige lokalsamfunn og ei all-

sidig og forsvarleg ressursutnytting. Dei landa som ønskjer det, må fritt kunne fastleggje vilkåra for utanlandske oppkjøp av verksemder, naturressursar og eigedom. Alle land bør sjølve kunne forbetre miljøkrava sine, forbrukarvernet og vernet om folkehelsa ut over det som følgjer av internasjonale avtalar. Alle land må difor kunne nekte import av varer som kan vere ein fare for helse, miljø og tryggleik.

Som eit steg i denne retninga går SV inn for at forhandlingar og avtalar om nye handelsreglar blir overførte til FN-organ.

## 13.9 Slett u-landsgjelda

Fattige land betalar mange gonger så mykje til rike land i renter og avdrag på lån som det dei mottok i bistand. Denne pengestraumen må snuast. Utan at fattige land blir frigjorde frå gjeldsbyrda, vil dei ikkje vere i stand til å sørgje for velferd og motverke fattigdommen. SV vil at Noreg skal vere ein pådrivar for sletting av u-landsgjelda, utan å knyte slettinga opp mot krav om strukturtilpassing.

Verdsbanken og IMF er tvers gjennom udemokratiske institusjonar med stor makt over land i sør. Organisasjonane er i praksis reiskap for dei rike landa for å tvinge gjeldstygde land til å kutte i offentlege utgifter, privatisere og opne marknadene sine. SV vil arbeide for å leggje ned Verdsbanken og IMF. Dei bør erstattast av demokratiske institusjonar under FN-kontroll.

## 13.10 Auka norsk bistand

Noreg må halde fram opptrappinga av bistanden. Når målet om 1 prosent bistand av Bruttonasjonalinntekt (BNI) er nådd, bør ein halde fram med ei opptrapping av det internasjonale solidaritetsengasjementet til

Noreg. Bistanden må vere klart fattigdoms- og kvinneveretta, og kvaliteten må vurderast kritisk for å sikre varige resultat i samsvar med intensjonane.

SV er positive til at ein stor del av midlane blir kanaliserte gjennom norske friviljuge organisasjonar, så lenge desse kan vise til ei god forvaltning av midlane, arbeider tett saman med lokale styresmakter og andre partnarar, og oppnår gode resultat.

SV vil at innsatsen for konflikt-demping og konflikt-førebygging skal aukast. Krig og konflikt er viktige årsaker til fattigdom og underutvikling. Samtidig som bistanden skal nå ut til dei fattigaste, må norsk bistand brukast til å byggje alliansar med land og institusjonar i sør som kan verne regionale og globale motorar for utvikling.

SV vil at norsk bistand skal gå til utvikling på dei fattige sine premisser. Mikrokredittar til små prosjekt styrde av folk lokalt, og særleg prosjekt styrde av kvinner, er eit døme på bistand som både reduserer fattigdom og samtidig styrkjer høvet folk har til å påverke situasjonen sin.

Noreg forvaltar store rikdommar gjennom oljefondet. I mange konflikter dør menneske fordi naudhjelp ikkje kjem fram raskt nok. SV vil bruke noko av rikdommen til eit naudhjelpsfond for å hjelpe menneske i naud. Eit slikt fond er særleg viktig i katastrofesituasjonar som ikkje får merksemd i media.

## 13.11 Styrkt samarbeid i nordområda

Å vere nabo med ei stormakt som Russland, gjev store utfordringar og sjansar, både regionalt, nasjonalt og internasjonalt.

Barentshavet har enorme maritime ressursar og petroleumsressursar og opnar for nye transportmatar.

Dette har ført til auka fokus på nordområda, noko som har tydeleggjort dei til dels kryssande interessene til EU, USA og Russland. Noreg må balansere mellom desse stormaktsaktørane. Samtidig har Noreg sterke nasjonale interesser i nordområda og må vere offensive i høve til utviklinga i nord.

Miljødimensjonen er svært viktig, og dei alvorlegaste utfordringane er atom-, sjø- og oljeverntryggleik.

SV meiner at Noreg treng ein einskapleg ny nordområdepolitikk for å sikre interessene våre. Ein Barentshavavtale med Russland vil kunne lette samarbeidet på ei rekkje område. Det hastar òg med å få på plass eit regelverk i Barentssamarbeidet, der EU og Russland òg må vere med.

Barentssamarbeidet (Kirkeneserklæringa 1993) spelar i dag ei sentral rolle i tilhøvet Noreg har til Russland. Langs ei grense som markerer dramatiske levekårs-skilnader, er Barentssamarbeidet eit velfungerande grenseregionalt samarbeidsforum som er unikt i internasjonal samanheng. På regionalt nivå er det etablert eit variert og utstrekt samarbeid innanfor næringsliv, utdanning og forskning, miljø og helse, kultur og urfolk, og folk-til-folk samarbeid.

SV vil byggje vidare på, styrkje og utvide det samarbeidet som alt er etablert gjennom Barentssamarbeidet og Barentsrådet.

SV vil arbeide for å etablere eit Barentsinstitutt i Kirkenes for å utnytte det breie kunnskaps- og erfaringsgrunnlaget som har blitt opparbeidd gjennom dei tolv åra Barentssamarbeidet har eksistert. Samtidig ønskjer SV å styrkje distrikta, og etablering av eit Barentsinstitutt kan vere ein sjanse til å leggje til rette for ei positiv utvikling der kunnskap skapar vekst og arbeidsplassar.

SV vil styrkje arbeidet Noreg gjer for å få til ei langsiktig og forsvarleg handtering av atomtryggleiks-

spørsmåla i Russland. Norsk miljørøsele har spelt ei viktig rolle i å setje søkjelys på problema knytte til både atomkraftverk, atomavfall og luftureining på Kola. SV vil støtte meir aktivt opp om arbeidet til miljøorganisasjonane gjennom samarbeid og økonomisk støtte.

Ei demokratisk utvikling i Russland er viktig for Noreg. Støtte til frie medium, organisasjonar og institusjonar som vil fremje demokrati, er difor eit viktig satsingsområde.

SV vil òg leggje til rette for eit meir aktivt nærings-samarbeid mellom Noreg og Russland, mellom anna ved forenkling av visum- og tollreglar.

### 13.12 Nordisk samarbeid

SV er positiv til samarbeidet i Nordisk Råd, men ønskjer reformer for å styrkje samarbeidet endå meir. SV vil arbeide for eit tettare samarbeid med dei andre nordiske landa, ikkje minst på det tryggingsspolitiske området. For å vere med på å løyse konflikhtar vil det vere fornuftig med felles deltaking i FN-operasjonar. I tillegg vil SV føreslå at det blir oppretta eit nordisk miljøforsvar som har ansvar for miljøovervaking og katastrofevernebuing i nærområda våre.

### 13.13 Eit godt samarbeid i Europa

SV går inn for eit godt samarbeid mellom Noreg og dei andre landa i Europa. Men vi ønskjer å ta del i eit mellomstatleg samarbeid, ikkje eit overnasjonalt samarbeid som EU. Europa er òg meir enn EU, sjølv om EU no er utvida med mange nye medlemmer. Noreg må støtte aktivt opp om arbeidet som blir drive i Organisasjonen for tryggleik og samarbeid i Europa (OSSE) og Europarådet for å sikre demokrati og stabilitet i Europa. Auka merksemd må rettast mot brot på menneskerettane, mellom anna i Tsjetsjenia og Tyrkia.

Noreg må òg støtte sosial utvikling og løysing av miljøproblem økonomisk.

SV er imot norsk medlemskap i EU, og ønskjer ikkje at det skal sendast ein medlemssøknad i perioden. Der som eit fleirtal på Stortinget likevel går inn for at Noreg skal søkje, må det haldast folkerøysting før Stortinget tek stilling til ein eventuell avtale med EU om medlemskap.

Både i 1972 og 1994 la regjeringa til grunn at Noreg kunne meldast inn i EU på grunnlag av grunnlovsparagraf 93. Denne grunnlovsparagrafen tillèt overføring av mynde til ei internasjonal samanslutning «paa et sagligt begrænset omraade». EU har lenge vore eit system der medlemsstatane overfører mynde i langt større omfang og med ei rekkjevidd som ikkje kan kallast sakleg avgrensa.

SV vil difor gå inn for at det blir oppnemnt ein offentlig kommisjon som får i oppgåve å avklare på kva punkt den norske Grunnlova må endrast viss Noreg skulle kunne melde seg inn i EU. SV vil sjå på resultatet av ei folkerøysting som bindande.

SV meiner at norsk medlemskap i EU vil vere eit tilbakesteg for det norske folkestyret. Dette er eit hovudargument for å gå imot norsk medlemskap i EU. Medlemskap i EU vil innebere større avstand mellom veljarane og dei som tek avgjerdene på ei rekkje område, og vil innebere at Noreg gjev opp nasjonal styring på viktige område der vi i dag, trass i EØS-avtalen, har dette. Framlegget til ny EU-grunnlov er òg i strid med dei politiske måla til SV.

Opprettinga av Den økonomiske og monetære unionen (ØMU) er ein viktig skilnad mellom EU i 1994 og i dag. I EU har arbeidsløysa det siste tiåret vore gjennomsnittleg nesten tre gonger så høg som i Noreg. Noreg vil måtte godta ØMU om vi går inn i EU. SV meiner det vil vere feil å overlata norsk penge-

politikk til den europeiske sentralbanken. Noreg har ein økonomi som særleg i høve til effekten av endra oljeprisar er svært annleis enn økonomien i eurolanda. Noreg treng ein annan pengepolitikk enn EU.

EØS-avtalen undergrev folkestyret ved å gjere Noreg til passiv mottakar av lovverk frå EU. Avtalen fører med seg vidtrekkande detaljregulering, og undergrev distrikts- og næringspolitikken. SV vil arbeide for at vetoretten blir teken aktivt i bruk. Ulempene ved EØS-avtalen er mykje større enn føremonane. SV vil seie opp EØS-avtalen og erstatte han med ein mindre omfattande handels- og samarbeidsavtale med EU. EØS-avtalen skal først avviklast når ein slik avtale med EU ligg føre.

SV går sterkt imot at Noreg skal sende militærstyrkar til EU-hæren.

### 13.14 Forsvar og samfunnstryggleik

SV går inn for at Forsvaret skal byggje på allmenn verneplikt. SV er imot eit profesjonelt forsvar basert på verva troppar.

Det må utviklast ein meir heilskapleg forsvars- og samfunnstryggingsspolitikk for Noreg. I dag blir ein for mykje pengar på militært forsvar og for lite til å byggje samfunnstryggleik, sivilt tryggingstiltak og internasjonal konfliktførebygging. Internasjonalt må det òg leggjast mykje meir vekt på førebygging av konflikhtar og fredelig konfliktløysing enn i dag. Dei viktige trugsmåla mot tryggleiken vår kan ikkje nedkjempast med militære middel: trugsmålet om klimaendringar, internasjonal kriminalitet og terrorisme, fare for sosial uro i nær-områda våre, konflikhtar som følgje av aukande sosiale skilnader. Dette er trugsmål som må møtast med politiske, diplomatiske og økonomiske verkemiddel.

Trugsmålet om terroråtak eller sabotasje er det i første rekkje politiet som må handtere. Politiet ved Økokrim

treng tilføring av ressursar slik at finansieringslova kan følgjast opp.

SV vil auke løyvingane til dei norske fredsorganisasjonane som har som mål å styrkje fred og rettvisse i og mellom nasjonane.

### 13.15 Eit forsvar grunnlagt i reelle behov

SV ønskjer eit moderne, effektivt og defensivt forsvar, tilpassa dei nasjonale tryggingssoppgåvene våre. Eit slikt forsvar må òg kunne løyse fredsoperasjonar i FN-regi. SV vil motarbeide eit forsvar med dagens sterke vektlegging av nisjekapasitetar til bruk for NATO i såkalla out of area-operasjonar. Noreg har ansvar for forvaltning av enorme havområde med livsviktige ressursar. Tryggingstiltak langs kysten må prioriterast høgare enn i dag, og rolla til forsvaret i høve til miljøovervaking og maritimt bergingsarbeid må styrkjast. Forsvaret må i større grad enn i dag innrettast mot å handheve suverenitet og sikre stabilitet i land- og havområda våre.

I dag blir dei vernepliktige som ønskjer sivilteneste, straffa med ein ekstra månad i teneste. SV meiner dei sivile vernepliktige skal likestillast med dei militære, og dermed vere like lenge i teneste.

SV vil oppretthalde den allmenne verneplikta, men knyte henne til ei samfunnsteneste den unge fritt kan velje mellom, å gjere tenesta i Forsvaret eller i sivil samfunnsteneste.

### 13.16 Nedrusting, våpenspreiing og norsk atomvåpenpolitikk

Det store talet på kjernefysiske og konvensjonelle våpen i verda er i seg sjølv eit stort tryggleiksproblem. Det er framleis nok våpen til å slette ut alt liv på jorda.

Noreg må spele ei aktiv rolle som pådrivar i det internasjonale arbeidet mot spreiring av atomvåpen, og for at atomvåpenstatane oppfyller nedrustingslovdane i samsvar med Ikkjespreiingsavtalen. Noreg må òg arbeide for full atomvåpennedrusting, mellom anna ved å gjere framlegg om at NATO avskaffar atomvåpen som ein del av strategien sin, og ved å arbeide for at medlemslanda avskaffar atomvåpna sine.

Noreg må gå imot at USA utviklar eit omfattande rakettforsvar, og ikkje stille eigne anlegg til disposisjon for dette. I tillegg må Noreg arbeide for at USA ratifiserer prøvestansavtalen.

Biologiske og kjemiske masseødeleggingsvåpen er eit stort trugsmål. SV vil difor arbeide for at konvensjonane om slike våpen blir følgde opp, at det blir etablert nye forbod mot slike våpen og for å skape eit internasjonalt press mot statar som måtte ha slikt våpen.

Små våpen og handvåpen er det største tryggingproblemet for flest menneske i verda. Det hastar med å få eit betre regelverk for å hindre spreiring av små våpen til land med mykje vald. SV støttar tanken om å få ein internasjonal konvensjon som regulerer handel med våpen.

### 13.17 Våpeneksport

Det kan av omsyn til evna til tryggingstiltak og nasjonal kompetanseutvikling vere ønskeleg med ein avgrensa våpenproduksjon i Noreg. For å sikre misbruk vil SV gå imot at det blir produsert våpen i Noreg som kan gå inn som ein del av ein offensiv våpenstrategi. Difor vil SV mellom anna forby norsk produksjon av ekspanderande Nammo-kuler. Dersom ein slik politikk går ut over arbeidsplassar i norsk våpenindustri, vil SV ta initiativ til statleg støtta omstillingstiltak.

SV vil arbeide for fullt innsyn i ein framtidig norsk våpeneksport, og for at regelverket for våpeneksport blir handheva mykje strengare. SV vil arbeide for at Stortinget etablerer eit eige kontrollorgan for sal og utlån av våpen til andre statar.

SV vil krevje sluttbrukerklæringar frå alle land Noreg sel våpen til, styrkje rapporteringa til Stortinget om norsk våpensal og stramme inn på kriterier for kva land Noreg sel våpen til. Det må vere eit absolutt krav at det ikkje blir selt våpen til statar som er i krig, eller som krenkjer grunnleggjande menneskerettar. Dette kravet må òg gjelde våre allierte. SV vil mellom anna arbeide for full våpenboikott og våpenembargo av Israel så lenge staten held fram dei folkerettsstridige overgrepa mot det palestinske folket.

### 13.18 Ein ny alliansepolitikk for Noreg

Visjonen til SV om Noreg som fredsnasjon, kan ikkje sameinast med den rolla Noreg spelar i NATO i dag, og omfanget av og uvissa som er knytt til norsk våpeneksport.

SV har alltid vore motstandar av Noregs medlemskap i NATO, og er kritisk til ei rekkje sider ved organisasjonen. NATO har førstebruk av atomvåpen som ein del av strategien sin, og krev retten til å bruke militærmakt utan FN-mandat utanfor sitt eige geografiske område – den såkalla out of area-strategien.

Dette aukar faren for at Noreg kan bli dregen med i åtakskrigar i strid med folkeretten, sjølv om eit fleirtal av folket ikkje ønskjer å støtte krigen. Deltaking i slike krigar trekkjer Noreg djupare inn i stormaktspolitikken og kjem til å svekkje evna og ambisjonen Noreg har om å spele ei aktiv rolle i internasjonalt fredsdiplomati. Det aukar faren for at Noreg blir mål for terroraksjonar.

NATO styrkjer dei militære og politiske banda til USA,

som i dag er det største trugsmålet mot verdsfreden. USA nektar å underleggje seg internasjonale avtalar, anten det gjeld rustingskontroll, domstolar eller miljøspørsmål. Utanrikspolitikken til USA er i dag det største trugsmålet mot verdsfreden. Det er difor naudsynt at Noreg har ei langt meir kritisk rolle innanfor NATO og overfor USA enn i dag. Samtidig vil SV samarbeide med alle demokratiske og progressive krefter i USA.

NATO-samarbeidet er lite relevant i høve til dei reelle tryggingssoppgåvene i vår tid, og for det norske Forsvaret. NATO pålegg medlemslanda å ruset opp og bruke meir pengar på militæret. I tillegg pliktar Noreg i stadig større grad å utvikle Forsvaret slik at vi kan tilby nisjekapasitetar til out of area-operasjonane til NATO, medan vi svekkjer evna vår til å møte tryggleiksutfordringar i nærområda våre og til å ta på oss oppdrag for FN.

SV er for norsk utmelding av NATO og vil difor arbeide for ein ny alliansepolitikk for Noreg, og for alternativ til NATO-medlemskapet.

Stillinga Noreg har som forvaltar av eit enormt nordsjøområde, fiskeriinteressene våre, olje- og gassinntakingsjonane, miljøutfordringane ved oljefrakt langs norskekysten og dei mange utfordringane i Barentsregionen og rundt Svalbard gjer det naturleg for Noreg å ta initiativ til eit tettare forsvarssamarbeid mellom landa rundt Nordsjøen, og med Sverige, Finland og Russland. Målet er å nå fram til eit nordeuropeisk forsvars- og tryggingsspolitisk fellesskap. Samtidig er det klart at Noreg på fleire område må ta ansvar for eige forsvar.

Dette må få følgjer òg for utvikling og innkjøp av forsvarsmateriell. Det er viktig for tryggleiken vår at vi finn løysingar som knyter oss saman med land vi deler tryggleiksutfordringar med.

### 13.19 Bruk av norske styrkar i utlandet

Både for befall og meinige skal all internasjonal teneste skje på friviljug basis. Norsk deltaking i internasjonale militære operasjonar skal berre kunne skje etter behandling i Stortinget når det på førehand ligg føre eit utvitydig og konkret FN-mandat. Slike operasjonar må skje i FN-regi. Alle ikkje-militære alternativ må først vere utprøvde, med unnatak av situasjonar der alle involverte partar i ein konflikt ber om militært nærvær.

Noreg må prioritere å sende styrkar til stader der dei kan vere med på å støtte opp under fredsprosessar som Noreg har arbeidd for, og til FN-oppdrag. Det må etablerast eit betre støtteapparat for norske soldatar som har teke del i slike oppdrag.

Vektlegging av fredsoperasjonar inneber at Forsvaret ikkje skal satse på den typen offensive spesialstyrkar som blir vektlagde i dag. Bistandsmidlar skal aldri brukast til å finansiere norske militære operasjonar i utlandet.

SV vil at Noreg skal arbeide mot doktrinen om førebyggjande krigføring.

### 13.20 Eit opnare Noreg

Dei aller fleste av flyktningane i verda er flyktningar i eige land, og er ikkje omfatta av dei internasjonale avtalane om flyktningrettar. Det internasjonale samfunnet må sikre tilgang til humanitær hjelp, og Noreg må arbeide for at retningslinene til FN for vern av internt fordrivne blir etterlevde. Svært mange flyktar til naboland, og nokre få flyktningar hamnar i dei rike landa. SV vil at Noreg arbeider meir for å løyse flyktningproblemet i verda, både ved å ta imot fleire i Noreg og ved å arbeide for eit sterkare internasjonalt samarbeid. Dei landa som tek imot flest flyktningar, er

fattige land, og SV vil at det skal etablerast eit fond i FN-regi som kan vere med på å finansiere tiltak for vern av desse flyktningane.

SV vil verne om retten til asyl, og sikre folk som flyktar til Noreg, rettvis behandling av søknaden om asyl basert på tilrådingane til FN-høgkommisæreren for flyktningar. Norske styresmakter har ansvar for å prove at det er trygt å sende asylsøkjjarar med endeleg avslag attende til heimlandet.

SV vil ikkje at Noreg skal vere ein del av ein felles europeisk innvandringspolitikk som går ut på å stenge folk frå andre delar av verda ute. I dag får menneskesmuglarar mykje makt, mange risikerer livet for å bli smugla inn i land i Europa. Dette problemet kjem ikkje til å bli løyst så lenge det er så vanskeleg å få opphald på vanleg måte. SV vil difor at Noreg skal tre ut av avtalen med EU om asyl-, flyktning- og visumpolitikk (tidlegare kalla Schengen-samarbeidet), som gjer at landet fungerer som ei yttergrense i EU og er bunden til ein politikk som stengjer trengjande ute og inneber ei overvaking av alle borgarar.

SV ønskjer at det skal vere råd for fleire å søkje arbeid i Noreg, òg for folk frå andre verdsdelar enn Europa. Arbeidstakarar som arbeider i Noreg, må vere sikra dei same løns- og arbeidsvilkåra, same kva land dei kjem frå.

SV meiner talet på kvoteflyktningar Noreg tek imot kvart år via UNHCR, må aukast til minst 3.000. SV er oppteken av at vi må ha ein human flyktning- og asylpolitikk, i tråd med dei lovnadene Noreg har gjeve gjennom internasjonalt lovverk og konvensjonar. Bistandsmidlar skal ikkje brukast til å finansiere pliktene Noreg har på dette området.

# Indeks

## A:

Abort 83  
 Adopsjon 84  
 Aetat 28  
 Afrika 97  
 Aids 97, 98  
 Alkoholpolitikk 46  
 Allemannsretten 36, 52  
 Alternative energikjelder 66  
 Antarktis 37  
 Arbeidarstyrde verksemder 70, 77  
 Arbeidsgivaravgifta 27  
 Arbeidsinnvandring 91  
 Arbeidsløyse 10, 11, 15, 26, 89  
 Arbeidsmarknadstiltak 26, 83  
 Arbeidsmiljø 26, 88  
 Arbeidsmiljølova 84, 90  
 Arbeidstid 88, 89  
 Arbeidstilsynet 91  
 Arbeidsvilkår 15, 73, 88, 91, 104  
 Arktis 37  
 Artsmangfaldet 36, 37  
 Asyl 85, 104  
 Asylsøkjjar 85  
 Atomkraft 32, 34, 100  
 Atomvåpen 102, 103

## B:

Barentshavavtale 100  
 Barentshavet 33, 71, 99  
 Barentsinstitutt 100  
 Barentsregionen 103  
 Barentsrådet 22, 100

Barentssamarbeidet 100  
 Barn og unge 14, 18, 21, 38, 43, 45, 46, 50, 52, 54, 55,  
 56, 57, 58, 60, 64, 83, 97  
 Barnehage 50, 56, 60, 85  
 Barnehagereforma 14  
 Barnekonvensjonen 56  
 Barnetrygd 28  
 Barnevernet 56, 57, 85  
 Barskog 37  
 Berekraftig utvikling 10, 31  
 Bibliotek 51  
 Bifil 84  
 Bioenergi 32, 33  
 Biologisk mangfald 10, 32, 35, 36, 37  
 Bioteknologi 66  
 Bistand 9, 37, 96, 99, 104  
 Bokmål 51  
 Breiband 20, 73, 76  
 Buss 34, 35  
 Bustadpolitikk 28, 29  
 Byggje-, anleggs- og eigedomsnæringa 72

## C:

CO<sub>2</sub> 8, 32, 33  
 Cuba 97

## D:

Demokrati 8, 10, 16, 17, 18, 19, 20, 21, 50, 52, 63, 64,  
 88, 94, 95, 96, 100  
 Demokratisk 9, 10, 14, 18, 19, 20, 21, 50, 57, 77, 87,  
 94, 96, 100  
 Demokratisk styring 9, 10, 20

Digital allmenning 52  
 Direkte framleggsrett 18  
 Diskriminering 8, 26, 29, 81, 84, 89, 91, 98  
 Distriktpolitikk 8, 10, 14, 32, 35, 36, 44, 59, 72, 74,  
 76, 100, 101  
 DNA 47  
 Doha-runden 98  
 Dyreverv 74

## E:

Eigedomsskatt 19  
 Eigendel 27, 43  
 Eksportsubsidiar 74  
 Eldre 27, 33, 43, 44, 45, 52  
 Energi 14, 32, 33, 66, 71, 72  
 Energipolitikk 14, 32, 33, 34, 66, 70, 71, 72, 76, 94  
 Enova 72  
 ENØK 33  
 Eteforstyringar 83  
 Etter- og vidareutdanning 15, 26, 45, 59, 64, 65, 88  
 EU 9, 10, 14, 33, 94, 96, 100, 101, 104  
 Europa 10, 100, 104  
 EØS 18, 91, 101

## F:

Fagrørsla 9, 15, 59, 65, 88, 91, 94, 95  
 Familiesamanføring 47, 85  
 Fastlegeordninga 45  
 Fattigdom 8, 9, 10, 11, 25, 26, 27, 28, 95, 96, 99  
 Feminisme 7, 82  
 Finansnæringa 72  
 Finland 103  
 Finnmark 21  
 Finnmarkseigedommen 21  
 Fisk 10, 34, 37, 71, 74, 75, 76, 103  
 Fiske og fiskeindustri 74  
 Fiskeoppdrett 37  
 Fiskeridirektoratet 75

Fiskerinæringa 74, 75  
 Fleirkulturelt 8, 20, 45, 50, 58, 84, 85  
 Fleirreligiøst 8  
 Fly 35, 73, 76  
 Flyktningar 85, 97, 104  
 FN 21, 94, 95, 96, 97, 99, 100, 102, 103, 104  
 Folkehøgskulane 60  
 Folkeretten 94, 103  
 Folkerøysting 101  
 Folkestyre 10, 18, 58  
 Folkestyret 19, 101  
 Folketrygda 27, 28  
 Fordeling 7, 9, 10, 18, 32, 45, 66, 74, 75, 76, 90, 95, 96  
 Fornybare energikjelder 32, 33  
 Forsking 8, 26, 32, 34, 58, 64, 65, 66, 70, 71, 74, 75,  
 77, 78, 83, 84, 89, 100  
 Forskingsrådet 72  
 Forsvaret 8, 18, 26, 37, 100, 101, 102, 103, 104  
 Forsørgjarplikt 47  
 Forvaltingsnivå 19  
 FoU 20, 76  
 Fred 7, 8, 9, 14, 92, 93, 94, 102, 103, 104  
 Fri rettshjelp 46  
 Fridom 7, 8, 10, 25, 28, 29, 41, 43, 57, 58, 64, 72, 82  
 Friluftsliv 36, 43, 45, 51, 52, 60  
 Fritidsklubb 56  
 Friviljug 21, 104  
 Funksjonshemma 8, 29, 42, 43, 52, 65, 89  
 Fylkeskommunane 19, 21  
 Fødselspermisjon 82

## G:

Garantert minsteinntekt (GMI) 28  
 Gass 33, 66, 71, 76, 103  
 Gasskraftverk 33  
 GATS 98  
 Genèvekonvensjonen 94  
 Grunnskulen 44, 59

**H:**

Haag 97  
 Halden 34, 88  
 Handel 9, 10, 72, 74, 95, 96, 98, 102  
 Havbruk 75  
 Helse 15, 19, 26, 34, 35, 43, 44, 45, 51, 56, 59, 66, 83, 91, 95, 96, 97, 99, 100  
 Helsetilbod 43, 44, 83, 85, 95  
 Helsevesenet 27, 43, 44, 45, 56, 83  
 Hiv 98  
 Homofil 84  
 Husbanken 29, 43  
 Hydro 77  
 Høgskule 59, 64, 65, 66

**I:**

Idrett 43, 45, 51, 52, 60  
 IKT 57, 59, 64, 73  
 ILO 21, 91, 96, 98  
 IMF 95, 97, 98, 99  
 Industri 33, 34, 71, 76  
 Inkluderande arbeidsliv 90  
 Innovasjon 65, 70, 72, 73  
 Innovasjon Noreg 72  
 Internasjonale avtalar 37, 97, 98, 99, 103  
 Internasjonalt samarbeid 10, 32, 46, 51, 95, 104  
 Irak 14, 97  
 Israel 97, 103

**J:**

Jarnbane 35  
 Jerusalem 97  
 Jordvarme 33

**K:**

Karakterar 59  
 Kirkenes 100

Kirkeneserklæringa 100  
 Kjeller 34  
 Kjønnsmlemlesting 85  
 Klimaendringar 10, 33, 34, 36, 101  
 Klimagassar 32, 33, 34  
 Klimatrugsmålet 8, 34  
 Klimautsleppa 33  
 Kol 33  
 Kola 100  
 Kolkraft 32  
 Kollektivtransport 29, 34, 35, 76  
 Kommunesamanslåingar 19  
 Kommuneøkonomi 14, 42, 45, 89  
 Konfliktråd 47  
 Kongekrabba 37  
 Kontantstøtte 28, 56, 71  
 Korrupsjon 27, 95, 97  
 Kosmetisk kirurgi 83  
 Krig 7, 10, 32, 93, 94, 95, 99, 103  
 Kriminalitet 27, 46, 47, 75, 88, 91, 94, 101  
 Krise- og incestsentra 47, 83  
 Kristne føremålsparagrafen 58, 84  
 KRL 58, 84  
 Kultur 14, 19, 21, 38, 48, 50, 51, 52, 73, 74, 84, 100  
 Kulturelle skulesekken 50, 57  
 Kulturlyftet 14, 50, 51  
 Kulturvern 38  
 Kvalitetsreforma 64  
 Kyotoavtalen 32, 33

**L:**

Lagringsformat 66  
 Lagtinget 18  
 Landbruk 74, 76  
 Lesbisk 84  
 Likelønn 82, 90  
 Likestilling 7, 8, 29, 34, 43, 44, 51, 56, 58, 60, 65, 77, 80, 82, 84  
 Likestillingslova 82, 91

Lofoten 33, 71  
 Læringar 60

**M:**

Malaria 97, 98  
 Masseødeleggingsvåpen 102  
 Matvaretryggleiken 74, 95  
 Medisinar 97, 98  
 Menneskerettar 8, 50, 81, 84, 95, 96, 103  
 Menneskerettslova 82, 84  
 Miljø 9, 10, 32, 36, 37, 50, 51, 52, 56, 65, 70, 71, 72, 84, 91, 94, 95, 99, 100, 101  
 Miljøavgifter 27, 73  
 Miljøavtalar 10, 98  
 Miljøforvaltning 19  
 Miljøgifter 32, 35, 37, 45  
 Miljøkriminalitet 75  
 Miljøstandardar 32  
 Miljøteknologi 8, 70  
 Miljøvenleg 8, 10, 14, 27, 32, 33, 34, 35, 36, 37, 74, 76  
 Miljøydeleggingar 32  
 Minoritetar 8, 21, 22, 29, 50, 51, 52, 58, 82, 83, 84, 85, 89  
 Monarkiet 20  
 Morsmålsopplæring 14, 56, 58, 85

**N:**

Nasjonalparker 38  
 NATO 102, 103  
 Naudhjelpsfond 14, 99  
 NORAD 52  
 Nord-Noreg 76  
 Nordisk Råd 22, 100  
 Nordsjøen 103  
 Norsk kulturminnefond 38  
 NRK 52  
 NSB 77  
 Nynorsk 51

Næringsliv 32, 47, 63, 65, 66, 68, 69, 70, 72, 77, 100  
 Næringslivet 8, 19, 32, 60, 65, 66, 70, 72, 73, 76, 77, 78, 89, 98  
 Næringsmiddelindustrien 74  
 Næringspolitikk 15, 70, 76, 89, 98

**O:**

Odelstinget 18  
 Offentleg eigarskap 14, 20, 33, 70  
 Offentleg privat samarbeid (OPS) 20  
 Offentleg sektor 20, 27, 66, 73, 85, 88, 89, 91  
 Offentlege tenester 9, 26, 43  
 Olje 9, 33, 66, 71, 97, 103  
 Oljefondet 9, 14, 25, 99  
 Opplæringslova 58  
 Organisert kriminalitet 46  
 Oslo 112, 51  
 OSSE 100

**P:**

Palestina 97, 103  
 Partnerskapslova 84  
 Patentrettar 36, 97, 98  
 PCB 35  
 Pensjon 25, 26, 27, 28, 56, 64, 82, 89, 91  
 Petroleum 10, 33, 34, 99  
 Politi 46, 84, 101  
 Porno 84, 95  
 Posten 77  
 Pressestøtta 20  
 Privatisering 8, 14, 18, 20, 26, 27, 35, 42, 75, 77, 95  
 Privatskular 57, 84  
 Prosessindustrien 71  
 Prostitusjon 84, 95  
 Psykisk helsevern 43, 44, 46, 47, 89  
 Rasisme 8, 84  
 Rassikring 76  
 Regional utvikling 19, 76

Regionalt folkevalt nivå 19, 43  
 Regionfelt Austlandet 37  
 Regnskog 37  
 Reiseliv 71, 72  
 Reklame 20, 36, 83  
 Republikk 20  
 Rettsmedisinsk institutt 47  
 Rettvis fordeling 7, 9, 10, 18, 45, 95  
 Rettvis handel 9, 72, 74  
 Rovdyr 37  
 Rusavhengige 43, 45, 46, 47  
 Russland 99, 100, 103

**S:**

Sametinget 21, 22, 50  
 Samferdsle 19, 76  
 Samferdslepolitikk 34, 76  
 Samfunnsstraff 47  
 Samisk 21, 22, 50, 51  
 Samvirkeverksemder 20  
 Schengen 104  
 Seksuell trakassering 58, 84  
 Seksuelle overgrep 47, 83  
 Sjukefråvær 90  
 Sjukehus 43, 50  
 Sjukeløn 90  
 Skagerrak 71  
 Skatt 8, 9, 19, 26, 27, 32, 91, 95, 96  
 Skattedirektoratet 91  
 Skattelette 9, 27, 42  
 Skattesystem 19, 26, 27, 32  
 Skule 14, 26, 42, 46, 50, 56, 57, 58, 59, 60, 84  
 Skulefritidsordning 14, 57  
 Skulemateriell 14, 60  
 Skulemåltid 58  
 Slett u-landsgjelda 9, 96, 99  
 SLT 46  
 Solenergi 33  
 Solidaritet 7, 8, 9, 10, 11, 14, 31, 50, 92, 94, 97

Sosial dumping 15, 91  
 Sosialkontor 28  
 Stamveggar 35  
 Statkraft 77  
 Statlege arbeidsplassar 76  
 Statoil 77  
 Statskyrkja 20  
 Stemmerettsalderen 18  
 Stipend 50, 60  
 Studentbustader 29, 64  
 Studiefinansieringa 64  
 Studieforbunda 60  
 Svalbard 33, 103  
 Svart arbeid 27, 91  
 Sverige 103  
 Svolt 9, 98  
 Sør-Noreg 35

**T:**

Tannhelsereform 15, 44  
 Teknologi 8, 9, 10, 20, 32, 34, 36, 69, 70, 71, 88  
 Telenor 77  
 Tenestemannslova 88  
 Tiltaksplass 15, 89  
 Tog 34, 35  
 Toprissystem for straum 33  
 Trafficking 47  
 Transkjønna 84  
 Transport og skipsfart 72  
 TRIPS 98  
 Trygd 26, 28, 43, 88  
 Trygdeetat 28  
 Tryggleik 10, 25, 28, 41, 44, 45, 46, 47, 55, 59, 60, 74, 75, 88, 89, 91, 94, 99, 100, 102  
 Tsjetsjenia 100  
 Tuberkulose 98  
 Tvangsekteskap 85  
 Tyrkia 100

**U:**

UDI 47  
 Ungdomsskulen 58, 59  
 UNHCR 104  
 Universelle rettar 10  
 Universitet 64, 65, 66  
 Ureininga 32, 33  
 Urfolk 21, 100  
 USA 8, 94, 96, 97, 100, 102, 103  
 Utanrikspolitik 8, 9  
 Utdanning 8, 15, 18, 20, 26, 42, 44, 47, 52, 56, 57, 58, 59, 60, 64, 65, 70, 71, 76, 78, 82, 84, 85, 89, 96, 100

**V:**

Vaksenopplæringa 60  
 Vald 19, 21, 46, 47, 50, 64, 83, 84, 102  
 Valutahandel 20, 95, 96  
 Varehandelen 72, 89  
 Varmepumper 33  
 Vasskraft 10, 33  
 Vefsna 33  
 Velferd 8, 18, 25, 26, 40, 42, 65, 76, 78, 88, 94, 95, 97, 99  
 Velferdsordningar 8, 26, 27, 43  
 Velferdsstaten 8, 10, 14, 19, 26, 27, 41, 42, 43  
 Velferdstenester 20, 42  
 Verdsbanken 97, 98, 99  
 Verftsindustrien 71  
 Vernepliktige 27, 101, 102  
 Vernepolitikk 37  
 Vestbreidda 97  
 Vestlandet 76  
 Vidaregåande opplæring 59, 60  
 Vidaregåande skule 50, 58, 60  
 Villaks 37  
 Vindkraft 33  
 Våpen 102, 103  
 Våpeneksport 102, 103  
 Våpenhandel 95, 96

**W:**

WTO 18, 74, 95, 97, 98

**Ø:**

Økokrim 101  
 Økonomisk kriminalitet 27, 75, 88, 91, 94  
 Økoturisme 72  
 ØMU 101